



# *Universitetet i Bergen*

*Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium*

NOLISP350

Mastergradsoppgåve i nordisk språk

Våren 2016

## **Er nynorsk vanskeleg, eller er det berre ein vane?**

*Ei undersøking av språkskiftarar og nynorskbrukarar frå eit kjerneområde, ei randson og eit språkdelt område i Hordaland*

Thea Idsøe



## Takk

Først av alt, takk til rettleiar Ragnhild Lie Anderson for dei gode råda dine, det eminente korrekturblikket ditt og ikkje minst for entusiasmen du har vist for prosjektet mitt. Oppgåva hadde aldri blitt den same utan deg.

Ein stor takk til informantane mine ved Voss gymnas, Odda vidaregåande skule og Sotra vidaregåande skule for at de tok dykk tid til å vera med på undersøkinga mi, utan dykk hadde det ikkje blitt noko oppgåve. Takk også til skulane som gav meg tilgang til klasseromma.

Takk til Humanistisk fakultet for reise- og kopistønad.

Takk til mor og far for lån av kontor, for fri tilgang til kjøleskapet og for at varmeomnen alltid stod på då arbeidsdagen byrja i vinter. Takk også til Billeba for at du fekk meg levande over fjellet ein stormfull søndag i februar, oppgåva hadde strengt teken aldri blitt ferdigstilt om ikkje.

Takk til Karoline for korrekturlesing og for at du har gjort studiekvardagen så suveren. Tida på nordisk hadde ikkje blitt den same utan deg, Caen og Uppsala.

Takk til Marte B.H for at du er dyktigare i engelsk enn ein stakkars nordist.

Ein stor takk må også rettast til alle som har kopla meg av masterhysteriet på ettermiddagstid. Særleg takk til Karen for timeslange telefonsamtalar, der små og store verdsproblem har fått ei løysing.

Men den største takken av alle går til bjørnen. Takk for latterkulene, verdas beste skei og påminninga om at *det vil helst gå godt*. Du og tålmodet ditt er gode som gull!

# Innholdsliste

Takk .....	III
Figurar og tabellar .....	VII
<b>Kapittel 1: Innleiing.....</b>	<b>1</b>
1.1 Avgrensing og problemstilling.....	2
1.2 Oppbygning av oppgåva .....	3
1.3 Tidlegare språkskiftegranskningar.....	4
1.3.1 Nynorskelevar i Valdres og Sogn og Fjordane .....	4
1.3.2 Påverknad og haldningar i Møre og Romsdal.....	6
1.3.3 Tre skular i randsona .....	7
1.3.4 Nynorsk som representant for det tradisjonelle?.....	9
1.3.5 Kva seier forskinga så langt? .....	10
1.3.6 Rammene for språksikring .....	11
<b>Kapittel 2: Språk og samfunn.....</b>	<b>12</b>
2.1 Nynorsk i Noreg.....	12
2.1.1 Nynorske kjerneområde .....	13
2.1.2 Nynorsk som minoritetsspråk .....	13
2.1.3 Nynorsk i skulen: ”Den nynorske lekkasjen” .....	14
2.2 Nynorsk i Hordaland.....	16
2.3 Voss .....	18
2.3.1 Det nynorske kjerneområdet .....	19
2.4 Odda.....	21
2.4.1 Språkdelt Odda .....	22
2.5 Fjell .....	25
2.5.1 Det nynorske randsonområdet.....	27
2.5.2 Språkskifte i søkjelyset .....	30
2.6 Oppsummering .....	31
<b>Kapittel 3: Teoretisk rammeverk.....</b>	<b>33</b>
3.1 Sosiolingvistiske tradisjonar.....	33
3.2 Språkskifte i eit makroperspektiv.....	34
3.2.1 Samfunnsmessige årsaker til språkskifte .....	34
3.2.2 Språkskifte i eit norsk perspektiv .....	35
3.3 Språk og identitet, er det ein samanheng? .....	36
3.3.1 Kva er identitet, og korleis vert han utforma?.....	36
3.3.2 Språk og identitet .....	37
3.3.3 Tilpassingsteorien .....	39
3.4 Haldningar til språk.....	40
3.4.1 Kva er ei haldning? .....	40
3.4.2 Kva er ei språkhaldning?.....	41
3.4.3 Haldningskomponentar i denne undersøkinga .....	42
3.5 Oppsummering .....	43
<b>Kapittel 4: Metode og feltarbeid.....</b>	<b>44</b>
4.1 Kvantitativ og kvalitativ metode.....	44
4.2 Spørjegranskninga.....	45
4.3 Informantutvalet.....	48
4.4 Utføring av spørjegranskninga.....	49
4.5 Kvantitative analysemetodar.....	50
4.5.1 Handsaming av kvalitative data .....	50
4.5.2 Koding av kvalitative data .....	51
4.5.3 Kvalitative data som underbyggjande faktor .....	51
4.6 Reliabilitet og validitet i undersøkinga mi .....	52

4.7 Etiske retningslinjer .....	53
<b>Kapittel 5: Resultat.....</b>	<b>54</b>
5.1 Korleis er språkskiftesituasjonen ved skulane?.....	54
5.1.1 Minimalt språkskifte på Voss og i Odda.....	54
5.1.2 Drastisk språkskifte ved Sotra vgs.....	55
5.1.3 Språkskifte skjer oftast i ungdomsskulen.....	55
5.2 Kven er nynorskbrukarane, og kven er språkskiftarane? .....	56
5.2.1 Kvar kjem dei frå?.....	56
5.2.2 Rekrutteringsskular .....	57
5.2.3 Programområde .....	57
5.2.4 Talemål.....	58
5.2.5 Foreldra sin fødestad .....	58
5.2.6 Foreldre sitt skriftspråk .....	60
5.2.7 Kjønnskilnader?.....	60
5.3 Kor trufaste er informantane mot hovudmålet sitt?.....	61
5.3.1 Skriftspråk i andre fag.....	61
5.3.2 Skriftspråk utanfor skulesamanheng .....	62
5.3.3 Skriftspråk i sms/e-post.....	63
5.4 Kva målform er informantane mest komfortable med? .....	64
5.4.1 Voss.....	64
5.4.2 Odda .....	65
5.4.3 Sotra .....	65
5.5 Språkhaldningar.....	66
5.5.1 Positive til bokmål.....	66
5.5.2 Mindre positive til nynorsk .....	67
5.5.3 Glade i å skriva dialekt og engelsk .....	68
5.5.4 Nynorsk, eit gamaldags språk? .....	68
5.5.5 Er nynorsk ein del av kulturen? .....	69
5.5.6 Er nynorsk naturleg? .....	70
5.6 Ytre påverknadsfaktorar .....	70
5.6.1 Kva skriftspråk brukar lærarane? .....	71
5.6.2 Ulik skriftspråksdominans i samfunna.....	71
5.6.3 Taktisk byte? .....	74
5.6.4 Kor vil informantane etablere seg? .....	75
5.6.5 Skriftspråk i framtida .....	76
5.7 Hovudmålsargumentasjonen.....	80
5.7.1 Dei fem hovudkategoriane .....	81
5.7.2 Hovudmålsargumentasjonen til nynorskinformantane .....	82
5.7.3 Hovudmålsargumentasjonen til språkskiftarane .....	92
5.7.4 Oppsummering.....	95
<b>Kapittel 6: Drøfting.....</b>	<b>98</b>
6.1 Korleis er språkskiftesituasjonen ved dei tre skulane?.....	98
6.2 Kva kjenneteiknar nynorskbrukaren og språkskiftaren?.....	99
6.2.1 Primærsosialiseringa .....	99
6.2.2 Korleis snakkar dei?.....	101
6.2.3 Nynorskbrukaren er mindre trufast mot skriftspråket sitt .....	102
6.2.4 Nynorskbrukaren er mindre komfortabel med skriftspråket sitt.....	106
6.2.4 Språkhaldningar hjå bokmåls- og nynorskinformantane .....	107
6.2.5 Ei usikker framtid for nynorsken .....	109
6.2.6 Kva kjenneteiknar dei?.....	111
6.3 Kva påverkar hovudmålsvalet? .....	112
6.3.1 Språkdominans i storsamfunnet .....	112
6.3.2 Kjerneområdet, det språkdeltede området og randsonområdet.....	114
6.3.3 Eit taktisk hovudmålsval? .....	118

6.3.4 Identitet og tilhørslse til skriftspråk og talemål .....	121
<b>Avsluttande konklusjonar .....</b>	<b>125</b>
<b>Vidare forskning.....</b>	<b>127</b>
<b>Litteratur .....</b>	<b>128</b>
<b>Samandrag.....</b>	<b>135</b>
<b>Abstract.....</b>	<b>136</b>
<b>Profesjonsrelevansen i oppgåva.....</b>	<b>137</b>
<b>Vedlegg.....</b>	<b>138</b>
<b>Vedlegg 1: Spørjeskjema Voss gymnas og Sotra vgs .....</b>	<b>138</b>
<b>Vedlegg 2: Spørjeskjema Odda vgs .....</b>	<b>145</b>
<b>Vedlegg 3: Kvittering NSD .....</b>	<b>152</b>
<b>Vedlegg 4: Tabellar og figurar .....</b>	<b>153</b>
<b>Vedlegg 5: Informantutsegner.....</b>	<b>162</b>

## Figurar og tabellar

Figur 2.1 Målforma til grunnskuleelevar i Noreg frå 1995 til 2016 (Kjelde: gsi.no).....	14
Figur 2.2 Målforma til grunnskuleelevar i Hordaland frå 1995 til 2016 (Kjelde: gsi.no).....	17
Figur 5.1 Språkskiftesituasjonen ved Voss gymnas i absolutte tal.....	54
Figur 5.2 Språkskiftesituasjonen ved Odda vgs i absolutte tal.....	55
Figur 5.3 Språkskiftesituasjonen ved Sotra vgs i absolutte tal.....	55
Figur 5.4 Tidspunkt for språkskifte for informantutvalet ved Sotra vgs (prosent) .....	56
Figur 5.5 Nynorskinformantar og språkskiftarar ved Sotra vgs fordelt på kva ungdomsskule dei har gått på (absolutte tal, éin av bokmålsinformantane har ikkje svart). .....	57
Figur 5.6 Kva skriftspråk meiner informantane sjølve at talemålet deira liknar på (prosent). ..	58
Figur 5.7 Oversikt over kor foreldra til nynorskinformantane og språkskiftarane ved Voss gymnas kjem frå (prosent). .....	59
Figur 5.8 Oversikt over kor foreldra til nynorskinformantane og språkskiftarane ved Odda vgs kjem frå (prosent). .....	59
Figur 5.9 Oversikt over kor foreldra til nynorskinformantane og språkskiftarane ved Sotra vgs kjem frå (prosent). .....	60
Figur 5.10 Kva skriftspråk brukar nynorskinformantane og språkskiftarane ved Voss gymnas i sms og e-post til lærarane (prosent). .....	63
Figur 5.11 Kva skriftspråk brukar nynorskinformantane og språkskiftarane ved Odda vgs i sms og e-post til lærarane (prosent). .....	63
Figur 5.12 Kva skriftspråk brukar nynorskinformantane og språkskiftarane ved Sotra vgs i sms og e-post til lærarane (prosent). .....	63
Figur 5.13 Kva skriftspråk likar nynorskinformantane ved Voss gymnas best å skriva og lesa? (prosent). .....	64
Figur 5.14 Kva skriftspråk synest nynorskinformantane ved Voss gymnas er enklast å skriva og lesa? (prosent). .....	64
Figur 5.15 Kva skriftspråk likar nynorskinformantane ved Odda vgs best å skriva og lesa? (prosent). .....	65
Figur 5.16 Kva skriftspråk synest nynorskinformantane ved Odda vgs er enklast å skriva og lesa? (prosent). .....	65
Figur 5.17 Kva skriftspråk likar nynorskinformantane ved Sotra vgs best å skriva og lesa? (prosent). .....	65
Figur 5.18 Kva skriftspråk synest nynorskinformantane ved Sotra vgs er enklast å skriva og lesa? (prosent). .....	66
Figur 5.19 Kva skriftspråk meiner informantane ved Voss gymnas, Odda vgs og Sotra vgs at lærarane deira i andre fag enn norsk brukar (prosent). .....	71
Figur 5.20 Kva skriftspråk meiner informantane ved Voss gymnas, Odda vgs og Sotra vgs at dominerer i lokalsamfunnet deira (prosent). .....	71
Figur 5.21 Kva informantane ved Voss gymnas, Odda vgs og Sotra vgs meiner om påstanden: ”Det er enklare å få god karakter i sidemål når ein har nynorsk som sidemål”(prosent)...	74
Figur 5.22 Kor trur nynorskinformantane og språkskiftarane ved Voss gymnas at dei vil etablera seg i framtida? (Prosent). .....	75
Figur 5.23 Kor trur nynorskinformantane og språkskiftarane ved Odda vgs at dei vil etablera seg i framtida?(Prosent). .....	75

<b>Figur 5.24 Kor trur nynorskinformantane og språkskiftarane ved Sotra vgs at dei vil etablera seg i framtida? (Prosent).</b> .....	76
<b>Figur 5.25 Nynorskinformantane sin hovudmålsargumentasjon ved Voss gymnas (absolutte tal).</b> .....	84
<b>Figur 5.26 Nynorskinformantane sin hovudmålsargumentasjon ved Odda vgs (absolutte tal)...</b>	86
<b>Figur 5.27 Odda-informantane sine tankar om føremoner og ulemper med Odda-modellen i absolutte tal.....</b>	87
<b>Figur 5.28 Nynorskinformantane sin hovudmålsargumentasjon ved Sotra vgs (absolutte tal)...</b>	90
<b>Figur 5.29 Nynorskinformantane sin hovudmålsargumentasjon fordelt på skulane (prosent) ..</b>	91
<b>Figur 5.30 Språkskiftarane ved Sotra vgs sin argumentasjon for å skifta (absolutte tal).....</b>	95
<b>Figur 5.31 Hovudmålsvalargumenta for nynorskinformantane og språkskiftarane ved alle skulane samla under eitt (prosent).</b> .....	95
<b>Tabell 2.1 Innbyggjartal i Voss kommune 1965-2015 (Kjelde: ssb.no).</b> .....	19
<b>Tabell 2.2 Hovudmål hjå elevane ved dei 12 grunnskulane i Voss kommune frå 1995/96-2015/16 (Kjedle: gsi.no).....</b>	20
<b>Tabell 2.3 Hovudmålet til ungdomsskuleelevane i Voss kommune for det aktuelle årskullet (Kjelde: gsi.no).....</b>	21
<b>Tabell 2.4 Folketalsutviklinga i Odda kommune 1965-2015 (Kjelde: ssb.no).....</b>	22
<b>Tabell 2.5 Grunnskuleelevar i Odda kommune fordelt på hovudmål frå 1995- 2016. (Kjelde: gsi.no).....</b>	23
<b>Tabell 2.6 Oversikt over opplæringsmålet til informantkullet ved Odda vgs fordelt på barneskulane (Kjelde: gsi.no).</b> .....	23
<b>Tabell 2.7 Hovudmålet til det aktuelle årskullet i Odda kommune (Kjelde: gsi.no).</b> .....	24
<b>Tabell 2.8 Folketal i Fjell kommune frå 1965 til 2015 (kjelde: ssb.no).</b> .....	26
<b>Tabell 2.9 Hovudmål hjå elevane i grunnskulen i Fjell kommune frå 1995/96-2015/16. (Kjelde: gsi.no).</b> .....	27
<b>Tabell 2.10 Hovudmål til informantkullet ved Sotra vgs fordelt på barneskulane som soknar til Fjell ungdomsskule (Kjelde: gsi.no).</b> .....	28
<b>Tabell 2.11 Hovudmål til informantkullet ved Sotra vgs fordelt på barneskulane som soknar til Tranevågen ungdomsskule (Kjelde: gsi.no).....</b>	29
<b>Tabell 2.12 Oversikt over hovudmål til informantkullet fordelt på ungdomsskulane i Fjell kommune (Kjelde: gsi.no).</b> .....	29
<b>Tabell 4.1 Talet på aktuelle informantar fordelt på skulane.</b> .....	50
<b>Tabell 5.1 Oversikt over nynorskinformantar og språkskiftarar fordelt på programområda ved Sotra vgs (prosent).</b> .....	57
<b>Tabell 5.2 Skriftspråk i andre fag hjå nynorskinformantar og språkskiftarar ved Voss gymnas.</b> .....	61
<b>Tabell 5.3 Skriftspråk i andre fag hjå nynorskinformantar og språkskiftarar ved Odda vgs....</b>	61
<b>Tabell 5.4 Skriftspråk i andre fag hjå nynorskinformantar og språkskiftarar ved Sotra vgs....</b>	61
<b>Tabell 5.5 Skriftspråk i lengre tekstar utanfor skulen for nynorskinformantar og språkskiftarar ved Voss gymnas.....</b>	62
<b>Tabell 5.6 Skriftspråk i lengre tekstar utanfor skulen for nynorskinformantar og språkskiftarar ved Odda vgs.....</b>	62



<b>Tabell 5.7</b> Skriftspråk i lengre tekstar utanfor skulen for nynorskinformantar og språskiftarar ved Sotra vgs.....	<b>62</b>
<b>Tabell 5.8</b> Kva synest språskiftarane og nynorskinformantane ved Voss gymnas om å skriva bokmål? .....	<b>66</b>
<b>Tabell 5.9</b> Kva synest språskiftarane og nynorskinformantane ved Odda vgs om å skriva bokmål? .....	<b>66</b>
<b>Tabell 5.10</b> Kva synest språskiftarane og nynorskinformantane ved Sotra vgs om å skriva bokmål? .....	<b>67</b>
<b>Tabell 5.11</b> Kva synest språskiftarane og nynorskinformantane ved Voss gymnas om å skriva nynorsk? .....	<b>67</b>
<b>Tabell 5.12</b> Kva synest språskiftarane og nynorskinformantane ved Odda vgs om å skriva nynorsk? .....	<b>67</b>
<b>Tabell 5.13</b> Kva synest språskiftarane og nynorskinformantane ved Sotra vgs om å skriva nynorsk? .....	<b>67</b>
<b>Tabell 5.14</b> Kva meiner språskiftarane og nynorskinformantane ved Voss gymnas om utsegna: "Nynorsk er eit gamaldags språk"? .....	<b>68</b>
<b>Tabell 5.15</b> Kva meiner språskiftarane og nynorskinformantane ved Odda vgs om utsegna: "Nynorsk er eit gamaldags språk"? .....	<b>69</b>
<b>Tabell 5.16</b> Kva meiner språskiftarane og nynorskinformantane ved Sotra vgs om utsegna: "Nynorsk er eit gamaldags språk"? .....	<b>69</b>
<b>Tabell 5.17</b> Kva skriftspråk trur nynorskinformantane og språskiftarane ved Voss gymnas at dei vil bruka i framtida? .....	<b>76</b>
<b>Tabell 5.18</b> Kva skriftspråk trur nynorskinformantane og språskiftarane ved Odda vgs at dei vil bruka i framtida? .....	<b>76</b>
<b>Tabell 5.19</b> Kva skriftspråk trur nynorskinformantane og språskiftarane ved Sotra vgs at dei vil bruka i framtida? .....	<b>77</b>

## Kapittel 1: Innleiing

I *Rapport om språkskifte i Valdres* (2009) karakteriserer Karen Marie Kvåle Garthus skulen som ein *språkskiftefabrikk*. Med dette meiner ho at utdanningssystemet bidreg til at fleire endrar hovudmålet sitt frå nynorsk til bokmål. Ifølgje Ottar Grepstad (2012a) vil sannsynlegvis kvar tredje nynorskelev byta til bokmål før han fyller 20 år.

Hovudmålsstatistikkane samsvarar med Garthus sin påstand om at skulesystemet bidreg til språkskifte. Tal frå Proba samfunnsanalyse (2014) viser at kring 7 % av totalt 47 566 elevar som tok avsluttande eksamen i hovudmål ved vidaregåande skular i 2013, hadde nynorsk som hovudmål. Nynorskprosenten for dette kullet då dei byrja i 1. klasse i 1999, var 15 %. Gjennom 13 års skulegang har det skjedd over ei halvering av nynorskbrukarar på landsbasis.

Hordaland fylke har frå gammalt av blitt rekna som ein del av det nynorske kjerneområdet. På fylkesnivå syner tala likevel same tendens til at elevane vik bort frå nynorsken også i Hordaland. I elevgruppa som starta i 1. klasse i 1999, hadde 44 % nynorsk som hovudmål, og i same årskull heldt berre 37 % framleis på nynorsk som opplæringsmål då dei gjekk i 10. klasse. Då desse elevane avslutta vidaregåande skule i 2013, var prosentdelen nede på 20 %. Det skjer såleis ei halvering av nynorskbrukarar gjennom 13 års skulegang, også i Hordaland. Nynorsken står ikkje like sterkt i heile fylket, trass i at 30 av 33 kommunar i fylket har gjort målvedtak om nynorsk. Dei tre resterande (Askøy, Bergen og Odda) er språknøytrale.

Nynorsken står sterkt i administrasjonen, men likevel vert Hordaland kategorisert som eit *randsonfylke* for nynorsk. Eit randsonområde vert definert som eit område kjenneteikna av at storparten av barneskuleelevane har nynorsk som undervisningsmål, men at mange av dei skiftar til bokmål når dei byrjar på ein ungdomsskule eller vidaregåande skule som ofte ligg i eit lokalt sentrum der bokmål er det vanlege skriftspråket eller bokmålsbrukarane er i fleirtal (Proba samfunnsanalyse 2014: 25). Ein randsonkommune ligg gjerne i nærleiken av eit større område der bokmål dominerer, som til dømes Bergen.

Men kva veit me eigentleg om språkskiftesituasjonen i skulen? For den tidlegare folkeskulen og dagens grunnskule har ein i over hundre år hatt detaljrike og pålitelege tal på bruk av

nynorsk og bokmål. For realskulen vart det aldri offentleggjort data, og for gymnaset i lite omfang. Som Grepstad (2012b) peikar på, har sentrale og lokale styresmakter lenge hatt lite kunnskap om språklege endringar i samfunnet, og med dette dårleg grunnlag for politisk handling. Stortingsmelding nr. 23 *Språk bygger broer: språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og voksne* (2007-2008) peikar på at det er i overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande at språkskifte vanlegvis skjer. Per dags dato er ein klar over at språkskifte i skulen eksisterer, men ein veit likevel lite om kva mekanismar som spelar inn i skiftet. Noko forskning er gjort på feltet, både i randsoneområde og kjerneområde for nynorsken. Som eg skal koma inn på seinare, er det blitt gjort språkskifteundersøkingar i Valdres, Sogn og Fjordane, Indre-Agder og Møre og Romsdal. Så langt er det ikkje blitt gjort noka liknande undersøking i Hordaland, trass i at det ser ut til å vera ei halvering av nynorskbrukarar i skulen i løpet av 13 års skulegang i fylket. Ut ifrå dette har eg valt å sjå på språkskiftesituasjonen i den vidaregåande skulen i Hordaland.

Eit anna aspekt ved å sjå nærare på språkskiftesituasjonen i Hordaland er at Noregs andre største by ligg her. Trass i at Bergen er ein språknøytral kommune, viser tal frå Grunnskolens informasjonssystem (GSI) at skuleåret 2015/16 har 28 217 av grunnskuleelevane bokmål som hovudmål, medan 597 har nynorsk som hovudmål. Nøytralitet betyr altså ikkje jamstilling. Og kva kan Bergen sin posisjon ha å seia for nynorsken i områda rundt byen?

## **1.1 Avgrensing og problemstilling**

Ei oversiktsgransking av heile fylket vert tidsmessig for omfattande. Difor har eg gjort eit strategisk utval av kommunar. Statistikk frå GSI viser at medan talet på elevar med nynorsk har halde seg stabilt i Voss kommune, har det dei siste 20 åra skjedd ei heilomvending på Sotra, og då særleg i Fjell kommune. Skuleåret 1994/95 hadde 264 av 10. klasseelevane i Fjell kommune nynorsk som hovudmål, medan 13 hadde bokmål. I 2014/15 er dette snudd på hovudet: 64 10. klassingar har nynorsk, og 222 har bokmål som hovudmål. Med andre ord kan Fjell kommune no kategoriserast som ein randsonekommune. Men korleis er situasjonen i språknøytrale Odda? I over 100 år har Odda kommune operert med den såkalla Odda-modellen. Modellen går ut på at elevar i grunnskulen vert delt inn i klassar etter hovudmålet sitt ut 10. klasse. Elevar med bokmål vert plassert saman med andre bokmålelevar, medan nynorskelevar vert sett i same klasse. Tala frå GSI viser at nynorsken har stått relativt stabilt i grunnskulen i Odda dei siste 20 åra.

Å samanlikna påverknad og haldningar i Fjell, Odda og Voss meiner eg vil vera nyttig då det her er snakk om tre stader der nynorsken står i ulike posisjonar. Medan Voss framleis vert rekna som eit kjerneområde for nynorsk, har Fjell utvikla seg til eit nynorsk randsoneområde, og i Odda har nynorsken stått relativt stabilt side om side med bokmål. Slik vil eg få samanlikna to ytterpunkt, i tillegg til eit midtpunkt innanfor Hordaland fylke.

Eg har vidare gjort eit strategisk utval når det gjeld skulane. I denne oppgåva ønskjer eg å sjå på tredjeklassingane ved Sotra vidaregåande skule<sup>1</sup>, Odda vidaregåande skule<sup>2</sup> og Voss gymnas. Eg har valt å ta utgangspunkt i tredjeklasse ved skulane for å fanga opp flest moglege språskifte. Gjennom prosjektet mitt ønskjer eg å kartleggja språskiftesituasjonen ved dei tre vidaregåande skulane. Vidare vil eg sjå på kva som karakteriserer elevane som held på nynorsken, og dei som vel å skifta. Er nynorskbrukarane like trufaste mot skriftspråket sitt i andre fag og i private samanhengar? Og kva skriftspråk trur informantane at dei vil bruka i framtida? Avslutningsvis vil eg sjå på kva og eventuelt kven som påverkar hovudmålsvalet til elevane. Er det føresette, vener eller lærarar? Er det instrumentelle eller taktiske årsaker som spelar inn? Eller er det talemålet som påverkar hovudmålsvalet?

Problemstillingane mine vil vera:

- **Korleis er språskiftesituasjonen ved Sotra vidaregåande skule, Odda vidaregåande skule og Voss gymnas?**
- **Kva kjenneteiknar elevane som held på nynorsk som hovudmål gjennom heile skuleløpet?**
- **Kva kjenneteiknar elevane som skiftar frå nynorsk til bokmål som hovudmål gjennom 13-års skulegang?**
- **Kva påverkar hovudmålsvalet til elevane?**

## 1.2 Oppbygnad av oppgåva

Vidare i dette kapittelet skal me sjå nærare på tidlegare forskning som er blitt gjort på språskiftesituasjonen i den norske skulen. I kapittel 2 vil eg gå nærare inn på situasjonen til nynorsk i Noreg og Hordaland før kapittelet vert avslutta med ei oversikt over språklege forhold og samfunnsforhold i Odda, på Voss og i Fjell. I kapittel 3 går eg inn på det teoretiske

---

<sup>1</sup> Vidare i denne oppgåva vil "Sotra vidaregåande skule" bli kalla "Sotra vgs".

<sup>2</sup> Vidare i denne oppgåva vil "Odda vidaregåande skule" bli kalla "Odda vgs".

rammeverket for oppgåva før eg i kapittel 4 peikar på den metodiske tilnærminga i undersøkinga mi. I kapittel 5 presenterer eg resultatata frå undersøkinga, og avslutningsvis vil eg i kapittel 6 drøfta desse resultatata opp mot det teoretiske rammeverket og tidlegare språkskiftegranskingar.

### **1.3 Tidlegare språkskiftegranskingar**

«Det trengst meir systematisk kunnskap om når og korleis overgangen skjer, kunnskap som så kan brukast i nynorsk språkstyrkingsarbeid» (Språkrådet 2012: 103). I den språkpolitiske tilstandsrapporten frå Språkrådet i 2012 blir det konkludert med at ein manglar forskning på språkskiftesituasjonen i skulen, og at denne forskinga er naudsynt for å arbeida vidare med å verna om det nynorske skriftspråket.

I etterkant av denne rapporten har det blitt gjort ein del undersøkingar i både randsonene og kjerneområda for nynorsken. I det følgjande vil eg ta føre meg noko av den forskinga som er relevant for mitt eige arbeid, og sjå på resultatata frå dei ulike granskingane med eit komparativt blikk. Avslutningsvis vil eg peika på dei overordna rammene for nynorsken i skulen.

#### **1.3.1 Nynorskelevar i Valdres og Sogn og Fjordane**

I 2009 vart den første store studien av språkbruk og språkhaldningargjennomført.

Undersøkinga var ein del av det treårige pilotprosjektet ”Målstreken” i regi av Valdres Mållag og Noregs Mållag. Målet med sjølve prosjektet var å motivera ungdom i Valdres til å halda på nynorsken, og gjennom undersøkinga søkte prosjektleiar Karen Marie Kvåle Garthus og resten av prosjektgruppa å kartleggja forholdet mellom bokmål og nynorsk i randsoneområdet Valdres. Granskinga vart gjennomført skuleåret 2008/09, og totalt svarte 414 elevar ved Valdres vidaregåande skule på spørjegranskinga med spørsmål om språkbruk og språkhaldningar. Dei viktigaste resultatata frå granskinga er samla i *Rapport om språkskifte i Valdres* (2009).

Prosjektgruppa fann ut at 75 % av elevane som byrja med nynorsk som hovudmål, hadde skifta i løpet av skuleåra. I motsetnad til kva stortingsmelding nr. 23 (2007–2008) og Grepstad (2015) hevdar, viser det seg at i randsoneområdet Valdres skjer byttet tidlegare. Storparten av informantane har skifta hovudmål i overgangen til ungdomsskulen. Vidare kjem det fram at fleire jenter enn gutar skiftar hovudmål. Å ha foreldre frå Valdres var ingen

garanti for at nynorskelevane heldt på målforma. Totalt 72 % av dei opphavlege nynorskbrukarane med begge foreldra frå Valdres hadde skifta hovudmål.

Skuleåret etter vart same undersøkinga, med lokal tilpassing, gjennomført i eitt av kjerneområda for nynorsken, Firda vidaregåande skule på Sandane i Gloppen kommune i Sogn og Fjordane. Resultata for randsoneområdet og kjerneområdet vert samanlikna i *Rapport om språkskrifte i Valdres og Sogn og Fjordane* (Garthus, Todal og Øzerk 2010).

I motsetnad til ved Valdres vidaregåande skule, er det berre 5 % av nynorskelevane ved Firda vidaregåande skule som har skifta hovudmål. Språkskiftarane hadde ei samansett språkleg fortid, der foreldra gjerne tilflyttarar til fylket. Også ved Firda vidaregåande skule hadde storparten av informantane skifta ved overgangen til ungdomsskulen.

I eit ope spørsmål i spørjegranskinga skulle informantane grunngje kvifor dei har valt å bevare nynorsk som hovudmål, eller valt å skifta til bokmål i løpet av skuletida. Argumentasjonen for å halda på nynorsk er noko ulik ved dei to skulane. Ved Firda vidaregåande skule er *vane* det mest rapporterte argumentet, 38 % av utsegnene inneheld vaneargument. Garthus, Todal og Øzerk (2010) meiner dette kan ha å gjera med at informantane har eit uproblematisk og nøytralt forhold til nynorsk, sidan dette er majoritetsspråket i lokalsamfunnet. Det andre argumentet som går att, er nemleg ”Alle rundt meg brukar nynorsk”. Totalt 2 % grunngjev hovudmålsvalet med at nynorsk er lettast, medan 12 % argumenterer med at skriftspråket står nærast dialekten deira. På den andre sida dominerer meir kjensleladde argument som går på identitet, at informantane likar nynorsk best, at det er viktig å halda på nynorsken, og at ein har valt nynorsk som ein protest mot overmakta.

Medan dei kjenslemessige argumenta dominerer i argumentasjonen til nynorskbrukarane ved Firda, er det praktiske omsyn som dominerer argumentasjonen til nynorskinformantane ved Valdres vidaregåande skule. Heile 23 % av argumenta til Valdres-informantane som har halde på nynorsk, går på at skriftspråket står nærast dialekten deira. 17 % argumenterer med at ”nynorsk er best”, og like mange seier dei har valt nynorsk for å få god kompetanse i begge målformene. Også 17 % av argumenta peikar på at det er viktig å halda på nynorsken.

Når det gjeld årsaker for å skifta, har ein berre 14 argument å studera ved Firda vidaregåande skule, der språkskiftet er minimalt. Ved Valdres vidaregåande skule, er materialet derimot rikare. Det er instrumentelle årsaker som dominerer grunngevingane til informantane. Storparten har skifta fordi bokmål er lettast. Fleire peikar også på at nynorsk på barneskulen var tvang, og at dei skifta så snart dei fekk moglegheita. Andre informantar er usikre på korleis språkskiftet skjedde. Slike ikkje-medvitne språkskifte eksisterer ikkje ved Firda vidaregåande skule. Eit anna interessant moment, er at fleire av språkskiftarane ved Valdres vidaregåande skule argumenterer med å framheva negative sider ved nynorsk, men ikkje positive sider ved bokmål. Dei som har valt å halda på nynorsken, argumenterer på den andre sida med positive sider ved nynorsk, men ikkje negative ved bokmål.

Ut ifrå undersøkingane ser det altså ut til at argumentasjonen er noko ulik for språkval i randsoneområdet og kjerneområdet for nynorsk. I kjerneområdet står kjenslene i fokus, i randsoneområdet er det instrumentelle argument som rår.

### **1.3.2 Påverknad og haldningar i Møre og Romsdal**

Også i Møre og Romsdal er det blitt gjort ei samanlikning mellom randsona og kjerneområdet for nynorsken. I masteroppgåva *Språkskifte ved tre vidaregåande skular i Møre og Romsdal. Påverknad og haldningar* (2014) har Iselin N. Øvrelid kartlagt språkskiftesituasjonen i tredjeklassane ved tre vidaregåande skular i tre ulike språkområde i Møre og Romsdal. Undersøkinga er utført ved Volda vidaregåande skule, Fagerlia videregående skole og Molde videregående skole. Volda vert rekna som eit nynorsk kjerneområde, der nynorsken står sterkt i lokalsamfunnet. Ålesund, der Fagerlia videregående skole ligg, og Molde er derimot område der bokmålet dominerer, men som likevel rekrutterer elevar frå nynorskkommunar. I undersøkinga kartlegg Øvrelid (2014) språkskiftesituasjonen og ser på ulike påverknadsfaktorar for hovudmålsvalet i tillegg til å sjå på kva haldningar elevane har til nynorsk og bokmål.

Øvrelid nyttar kvantitativ metode i form av spørjeskjema for å samla inn datamaterialet. Storparten av spørsmåla er også analysert kvantitativt, medan eit par opne spørsmål vert nytta i ein kvalitativ analyse. Totalt har 500 elevar ved dei tre ulike skulane delteke i undersøkinga.

Ut ifrå resultata ser ein at 20 % av elevane ved Molde videregående skole har skifta frå nynorsk til bokmål som hovudmål. Ved Fagerlia er skifteprosenten på 32 %, medan berre 4 % av elevane ved Volda vidaregåande skule har skifta hovudmål frå nynorsk til bokmål gjennom

det 13-årige skuleløpet. Godt over halvparten av språkskifta skjer i løpet av vidaregåande skule.

På lik line med Garthus, Todal og Øzerk (2010) ber Øvrelid (2014: 68) elevane grunngje med eigne ord kvifor dei har skifta hovudmål. Svara har ho delt inn i følgjande tre kategoriar: 1) Svar som uttrykkjer at bokmål er lettare å læra, 2) Svar som uttrykkjer at elevane mislikar nynorsk, eller likar bokmål betre, 3) Svar som uttrykkjer at dei har mangla læremiddel på nynorsk, mangel på undervisning på nynorsk, eller at "alle andre" valde bokmål.

Både ved Fagerlia og Molde vidaregåande skole er det kategori nummer éin som dominerer: Elevane meiner bokmål er lettast å læra. Det viser seg at bokmålelevane ved Fagerlia og Molde vidaregåande skole i stor grad har negative haldningar til å bruka nynorsk, medan nynorskelevane ved alle tre skulane er like positive til nynorsk og bokmål. Likevel er det mange nynorskelevar ved Fagerlia som trur dei vil bruka bokmål i framtida.

Øvrelid konkluderer med at dei strukturelle forholda i lokalsamfunna har mykje å seia for språkskiftesituasjonen ved kvar enkelt skule. Det mest oppsiktsvekkjande i resultata er kanskje at 20 % av elevane som har skifta, kjenner seg direkte oppmoda til å skifta, og då i størst grad av lærarar og føresette, snarare enn vener.

### **1.3.3 Tre skular i randsona**

I 2012 etablerte Kunnskapsdepartementet ei ressursgruppe som skulle arbeida med tiltak for å styrkja nynorsk som hovudmål. Målsetjinga var at elevar som startar med nynorsk som hovudmål i barneskulen, skulle halda fram med nynorsk som hovudmål gjennom heile skulegangen sin. På bakgrunn av dette fekk Utdanningsdirektoratet i oppdrag å gjennomføra ei slik undersøking. Hausten 2014 la Proba Samfunnsanalyse fram rapporten *Undersøkelse av nynorsk som hovedmål. Utarbeidet for Utdanningsdirektoratet* (2014).

Granskinga har eit todelt føremål. For det første tek ho sikte på å kartleggja årsakene til at elevar byter hovudmål frå nynorsk til bokmål og finna ut kva rolle aktørar som skuleeigarar, skuleleiarar, medelevar og føresette spelar ved hovudmålsvalet. For det andre ønskjer ein å sjå nærare på korleis lærarutdanningssituasjonane sikrar og dokumenterer at studentane får kompetanse i både nynorsk og bokmål. Eg kjem ikkje til å gå nærare inn på funna frå den siste delen av problemstillinga, då dette ikkje er like relevant for mitt eige prosjekt.



Proba samfunnsanalyse nyttar casestudiar, dokumentanalyse, telefonintervju og statistiske analysar for å få elevane sine eigne grunngjevingar for hovudmålsvalet, i tillegg til å kartleggja rammene som vala vert tekne innanfor. Feltarbeidet er gjort ved tre skular, to vidaregåande skular og éin ungdomsskule, i randsoneområde for nynorsken i Hordaland, Rogaland og Telemark. I innleiinga argumenterer eg for at prosjektet mitt er naudsynt, då det ikkje er gjort noko liknande i Hordaland tidlegare. Sidan Proba Samfunnsanalyse gjorde ei undersøking ved ein vidaregåande skule i fylket, kan eg ikkje hevda at det aldri er blitt gjort undersøkingar i Hordaland. Likevel står eg fast ved at det ikkje er blitt gjort noko liknande i Hordaland tidlegare, då det i rapporten til Proba Samfunnsanalyse ikkje vert gjort noka samanlikning innanfor Hordaland fylke.

I rapporten konkluderer ein med at elevane i stor grad går over frå nynorsk til bokmål som hovudmål når dei startar på ein skule der bokmål dominerer. På lik line med Øvrelid (2014) har storparten av elevinformantane i undersøkinga skifta hovudmål i overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule.

Den klaraste årsaka til elevinformantane sitt hovudmålsskifte er at bokmål dominerer på alle samfunnsarenaer utanfor skulen. Alle elevane som har blitt intervjua, peikar på at ”alt” er på bokmål, og at bokmål er eit språk som når ut til fleire. Fleire elevar grunngjev språkskiftet med at dialekten deira har blitt ”utvatna”, og når dialekten nærmar seg bokmålet, påverkar det igjen korleis elevane skriv. Også fleire nynorskelevar peikar på denne problematikken. Ut ifrå undersøkinga kjem det fram at elevane vel hovudmål med føremål om ha ein arbeidsreiskap som fungerer for dei. Hovudmålsbyte er ifølgje informantane sjølve ikkje eit taktisk byte for å få betre sidemålsskarakter.

Taktiske argument går derimot igjen hjå elevane som vel å halda på nynorsken. Fleire av elevane argumenterer med at dei med nynorsk som hovudmål vert betre rusta i norskfaget. Nynorsk vert rekna for eit meir personleg språk, og den ”nynorske identiteten” står sterkast hjå dei som kjem frå ein plass der ”alle” brukar nynorsk. At foreldra nyttar nynorsk og viser at dei set pris på at borna gjer det, ser også ut til å bety noko.

Kor trufaste er elevane mot hovudmålet sitt? Både storparten av elevane som har halde på nynorsk som hovudmål, og dei som har bytt, vekslar mellom nynorsk, bokmål og dialekt når dei skriv. Dei nyttar sjeldan normert språk når dei skriv i private samanhengar. Blant

nynorskinformantane er det stor fleksibilitet i språkbruk også i skulesamanheng, og fleire uttalte at dei svarte på den målforma dei fekk oppgåveteksten på. Det ser heller ikkje ut som at nynorskinformantane vil vera trufaste mot skriftspråket sitt i framtida. Blant elevane som hadde bytt, var det få som såg for seg at dei kom til å byta tilbake. Blant nynorskelevane var meiningane todelte, nokre var nynorskidealistar og hadde ein klar intensjon om å halda vidare på skriftspråket, medan andre trudde dei gjerne kom til å skifta når dei flytta vekk for å studera, dersom dei kom til ein stad der bokmål dominerte.

Alle elevane i undersøkinga opplevde hovudmålsvalet som eit personleg val, og når det gjeld dei ulike aktørane, viste undersøkinga at lærarane i andre fag enn norsk, hadde lita oversikt over kven av elevane som var nynorskelevar. Gjennom undersøkinga kjem det ikkje fram nokon indikasjonar på at lærarar, skuleleiinga eller føresette prøver å påverka elevane sitt val av hovudmål. Det kjem heller ikkje fram at feltskulane hadde teke særlege grep for å leggja betre til rette for undervisninga til nynorskelevane. Elevane hadde aldri kjent på noko press om å byta til bokmål, men heller ikkje at skulen gjorde noko for at dei skulle halda på skriftspråket. Elevane hadde heller ikkje inntrykk av at dei føresette la særleg press på dei.

#### **1.3.4 Nynorsk som representant for det tradisjonelle?**

Den nynorske randsona er også i søkjelyset i masteroppgåva *Eg eller jeg? Ein studie av forhold som kan påverke valet mellom nynorsk og bokmål hos ungdom i Indre-Agder* (2013). Her har Ingunn Kleggetveit sett på ulike faktorar som påverkar hovudmålsvalet til skuleelevar ved to vidaregåande skular i randsonerområde for nynorsk i Indre-Agder. Kleggetveit (2013) undersøker om det eksisterer ein samanheng mellom skriftleg målform og språkbrukarens sosiokulturelle orientering og livsverd. Vidare undersøker ho kva argument ungdom med nynorsk som opplæringsmål i grunnskulen brukar for val av hovudmål i vidaregåande skule.

Kleggetveit (2013) nytta ein kombinasjon av kvantitativ og kvalitativ metode i studien sin. Innleiingsvis gjennomførte ho ei spørjegransking, der 49 elevar deltok, og på bakgrunn av resultatane gjennomførte ho eit inngående intervju med eit utval av informantane. Slik Kleggetveit ser det, representerer desse informantane typiske språkbrukarar i form av den typiske nynorskbrukaren, den sikre språkskiftaren og den meir ambivalente språkbrukaren (Kleggetveit 2013: 4).

Som Øvrelid (2014), har Kleggetveit (2013) kategorisert elevane sine argument for hovudmålsval. Uavhengig av valet dei har gjort, deler ho dei inn i fem hovudkategoriar:

1) Argument som handlar om nær omgjevnad 2) Argument som nemner kompetanse 3) Argument som går på tilhøyrse og identitet 4) Estetiske argument og 5) Språkpolitiske argument. På lik line med Garthus, Todal og Øzerk (2010), finn Kleggetveit (2013: 76) at nynorskelevane nyttar kjensle- og haldningsprega argument, argument knytt til positive haldningar og kulturelle verdiar, medan bokmåselevane i større grad nyttar pragmatisk orienterte argument i argumentasjonen sin. Det verkar som at bokmålsinformantane har eit meir instrumentelt forhold til språket sitt. Heile 24 av 25 bokmålsinformantar peikar på at bokmål er den lettaste målforma, og fleire argumenterer også med at kompetanse i bokmål er meir nyttig. Hjå dei 24 nynorskbrukarane er det få som peikar på at nynorsk er det lettaste språket, men ein tredjedel argumenterer med at nynorsk ligg nærare talemålet deira, og det er hjå nynorskinformantane at ein i størst grad finn dei språkpolitiske argumenta. Det er snarare vanskegraden til nynorsk, enn koplinga mellom nynorsk og det tradisjonelle og rurale, som vert framheva i argumentasjonen til bokmålsinformantane på eit gruppenivå.

Storparten av informantane til Kleggetveit som har skifta, har gjort skiftet i overgangen til vidaregåande skule. Nynorskbrukarane har større variasjon i kva målform dei nyttar både i skule- og privat samanheng. Nynorskbrukarane er også mindre komfortable med å lesa og skriva på si eiga hovudmålsform. Berre ein tredjedel av nynorskinformantane trur dei kjem til å nytta nynorsk i framtida. Både bokmålsinformantane og nynorskinformantane nyttar dialekt i sms og chatting.

På eit gruppenivå finn Kleggetveit (2013) ein moderat positiv korrelasjon mellom å halda på nynorsk som hovudmål og å uttrykkja ei lokalforankra, rural og tradisjonell livsverd. Det finst likevel fleire bokmåselevar som er lokal- og tradisjonsorienterte. Urbant orienterte ungdommar med hovudvekt på nynorskbruk finn ho derimot ikkje i materialet sitt.

### **1.3.5 Kva seier forskinga så langt?**

Ovanfor har me sett på fire ulike granskingar som tek for seg språkskiftesituasjonen i skulen. Kva kan me seia om språkskiftesituasjonen ut ifrå desse? I randsoneområda er språkskiftesituasjonen ein heilt annan enn i kjerneområda. Medan nynorskprosenten held seg stabil i Sogn og Fjordane og Volda, er han på veg ned i Valdres, Ålesund, Molde og Indre-Agder. Språkskiftet skjer i stor grad i overgangen mellom ungdomsskulen og den vidaregåande skulen, og ut ifrå "Målstreken" sine funn kan det sjå ut som at språkskiftet skjer tidlegare i Valdres. Dette kan ha å gjera med at borna i Valdres går på små grendeskular ut barneskulen, men vert flytta over til sentrumsnære ungdomsskular der nynorskelevane kjem i

mindretal (Kleggetveit 2013). For elevane i dei nynorske kjerneområda er det meir naturleg å bruka nynorsk, enn for nynorskelevane i randsoneområda, men informantane i kjerneområda nyttar også nynorsk i større grad i alle samanhengar. Elevane i kjerneområda er også sikrere på at dei vil nytta nynorsk i framtida. Det mest vektlagde argumentet for å skifta frå nynorsk til bokmål som hovudmål er vanskegraden. Elevane meiner bokmål er enklare enn nynorsk, og fleire argumenterer med at dei er omringa av bokmål på alle kantar.

### **1.3.6 Rammene for språksikring**

Granskingane eg har vist til så langt, har gått direkte på språkbrukarane, og me har sett på språkskifte i eit individuelt mikroperspektiv. Kva så i eit overordna makroperspektiv? Korleis fungerer dei ytre faktorane som kulissar for språkbrukarane sitt val av skriftspråk?

Kva skal eigentleg til for at fleire elevar vel å halda på nynorsk som hovudmål? I doktoravhandlinga *Mellom nøytralitet og språksikring. Norsk offentleg språkpolitikk 1885-2005* (2014) hevdar Eli Bjørhusdal at det ikkje er nok med like vilkår mellom nynorsk og bokmål, og at den nøytrale språkpolitikken i Noreg ikkje hjelper på nynorsken sin utsette posisjon. Dei siste åra har nøytralitetspolitikken måtta vika til fordel for ein språksikringspolitikk, men dette har berre skjedd i kulturfeltet. I opplæringsfeltet står nøytralitetspolitikken framleis sterkt, og Bjørhusdal hevdar at denne må vika til fordel for ein sikringspolitikk for at nynorsken skal overleva som skulemål i framtida. Med språksikring meiner ho at ein stat både gjennom argumentasjon og konkrete ordningar forsikrar seg om at bestemte språk eksisterer på bestemte område, ikkje berre at språkgruppa blir rettferdig behandla (Bjørhusdal 2014: 114). Eit argument for at det bør leggjast meir til rette for nynorsk enn bokmål, er at ein på eit politisk nivå lagar ordningar for mindretalsspråket som strekkjer seg ut over den nøytrale jamstillinga som eksisterer i dag der skuleelevar i seks av til saman tretten år i skulen ikkje har rett til å møta og læra sitt eige førsteskriftspråk ut over det sidemålsopplæringa gjev. Bjørhusdal konkluderer til sjuande og sist med at statleg språknøytralitet ikkje er nok for å sikra bruk og å oppretthalda mindretalsspråk.

## **Kapittel 2: Språk og samfunn**

Ein sosiolingvistisk studie ser på samspelet mellom språk og samfunn. I det følgjande vil eg difor sjå nærare på samfunna Voss, Odda og Fjell. Det er verdt å merka seg at Sotra vgs rekrutterer elevar frå heile Sotra, både Fjell, Sund og Øygarden. Skulen er delt i to avdelingar, den studiespesialisierende avdelinga ligg i Fjell kommune, medan den yrkesfaglege avdelinga ligg i Sund kommune. I framstillinga av dei ulike samfunna har eg likevel valt å la samfunnet Fjell representera informantgruppa frå Sotra vgs. For det første er fleirtalet av informantane mine fødd og oppvaksne i Fjell kommune, og for det andre syner tala frå GSI at det er i Fjell kommune at bokmålsprosenten har skote til vêrs. Skuleåret 1995/96 var nynorskelevane i fleirtal i grunnskulen i kommunen, men i dag er bokmålslevane i klart fleirtal. Dette vil eg koma attende til i kapittel 2.5.

Kva kjenneteiknar samfunnsforholda på Voss, i Odda og i Fjell? Og korleis har posisjonen til nynorsk utvikla seg her? Dette er sentrale spørsmål eg vil søkja å svara på i dette kapittelet. Men først skal me sjå nærare på nynorsken sin posisjon i Noreg generelt og meir spesifikt i Hordaland fylke. Eg vil innleiingsvis drøfta kva eit nynorsk kjerneområde er, kor vidt nynorsk er eit minoritetsspråk eller ikkje og sjå på den ”nynorske lekkasjen” i skulen, før eg vidare ser på språkskiftesituasjonen i Hordaland. Som Grepstad (2015) peikar på, er Hordaland i teorien, saman med Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Rogaland, eitt av kjerneområda for nynorsken.

### **2.1 Nynorsk i Noreg**

Då Stortinget i 1885 vedtok å jamstilla nynorsk og bokmål som offisielle skriftspråk i Noreg, vart Noreg ein av dei første formelt fleirspråklege statane i verda. I 2015 var det om lag 4,2 millionar opphavelig norskspråklege over 15 år i Noreg. Av desse var det 3,6 millionar som hadde bokmål som førstespråk, medan nynorsk var førstespråket til 600.000. Blant desse nynorskbrukarane var fire av ti reelt tospråklege, og dei nytta begge skriftspråka like mykje (Grepstad 2015: 52). Men kven er nynorskbrukarane, og kor kjem dei frå?

I 2015 hadde 113 av 428 kommunar i Noreg nynorsk som tenestemål, 158 hadde bokmål som tenestemål, medan 157 var språknøytrale. At ein kommune er språknøytral, vil seia at dei tilsette i kommunen står fritt til å velja kva målform dei vil bruka. Bokmålskommunane

fordeler seg over 15 fylke, me finn språknøytrale kommunar i 17 fylke, medan det er nynorskkommunar i 10 av dei 19 fylka i Noreg (Grepstad 2015: 167). Mykje av den daglege bruken av nynorsk er konsentrert til vestlandsfylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, og det er brei semje om at desse områda er viktige for at nynorsken skal få leva vidare.<sup>3</sup>

### 2.1.1 Nynorske kjerneområde

At ein person føretrekkjer nynorsk framfor bokmål, kjem først og fremst av at ho eller han er vaksen opp i eit lokalmiljø og ein region der nynorsken står sterkt, det vil seie i ein nynorskkommune på Vestlandet. At nynorsken held stillinga i kjerneområdet sitt, er derfor avgjerande for språkutviklinga i åra framover (Hellevik 2001: 138).

Ein talar ofte om kjerneområde i samband med stillinga til nynorsken i Noreg. Som Hellevik (2001) peikar på i sitatet ovanfor, er stillinga til nynorsken i kjerneområda heilt avgjerande for at språket skal leva vidare. Men korleis kan ein definera eit kjerneområde? Grepstad (2015) poengterer at omgrepet "Nynorsk kjerneområde" ofte vert nytta, men enno ikkje er blitt definert. I staden for viser ein til omgrepet i samband med eit geografisk område. Ifølgje Grepstad finst det to måtar å forstå omgrepet på: 1) Eit nynorsk kjerneområde er eit område der over 50 % av innbyggjarane er nynorskbrukarar på ein eller annan måte, og at nynorsken har dominert i området over lengre tid. 2) Eit nynorsk kjerneområde er eit område der nynorsk er mykje meir brukt enn elles i landet. Ved ei slik forståing av omgrepet vil det vera nok å føresetja at minst 25 % av befolkninga i området brukar nynorsk (Grepstad 2015: 55). Som eg vil koma inn på i punkt 2.3, ser eg på Voss kommune som eit nynorsk kjerneområde, uavhengig av kva for ei av dei to forståingane ein legg til grunn. Me skal no bevega oss inn på styrkjeforholdet mellom bokmål og nynorsk i storsamfunnet Noreg.

### 2.1.2 Nynorsk som minoritetsspråk

I artikkelen "Nynorsk som minoritetsspråk" søkjer Tove Bull (2004) å syna at omgrep som jamstilling i samband med språk, i større grad skjuler, enn avslører dei verkelege forholda. Trass i at nynorsk på lik line med bokmål er eit nasjonalspråk med offisiell status, hevdar Bull (2004) at nynorsk er eit minoritetsspråk.

Strengt formelt-juridisk kan ein berre tala om nynorsk som eit minoritetsspråk om ein betraktar det reint numerisk. Det er færre i Noreg som nyttar nynorsk enn bokmål som


---

<sup>3</sup> Tal frå GSI syner at totalt 39 % av grunnskuleelevane i Hordaland har nynorsk som hovudmål, mot 61 % som har bokmål. I Rogaland er det 24 % som har nynorsk, og 76 % som har bokmål. I Møre og Romsdal er det 51 % av elevane som har nynorsk, mot 49 % som har bokmål. I Sogn og Fjordane har 98 % av grunnskuleelevane nynorsk, og 2 % har bokmål som hovudmål.

skriftspråk. I daglegdags språkbruk får minoritetsspråk derimot ei anna meining. Innanfor daglegtale er ikkje eit minoritetsspråk berre karakterisert ved at det har færre brukarar enn eit majoritetsspråk, men også ved at maktforholdet mellom språka er asymmetrisk. Bokmål har høgare sosial prestisje enn nynorsk i storsamfunnet og vert nytta i dei fleste kanalar. Nynorsk er markert og uvanleg, medan bokmål er umarkert og skil seg ikkje ut. Slik sett er nynorsk eit minoritetsspråk. Eit handfast døme på dette er at mange talar om ”norsk og nynorsk”, og utsegner som dette avslører at jamstillinga er ein illusjon. Slik Bull (2004) ser det, er det berre dei med nynorsk som hovudmål og bokmål som sidemål som klarer å realisera målet om jamstilte skriftspråk.

Bull (2004) hevdar altså at nynorsk er eit minoritetsspråk. Me har allereie konstatert at denne minoriteten i stor grad held til på Vestlandet. Det er òg ein svak tendens til at fleire kvinner enn menn nyttar nynorsk privat, og at nynorskbrukarane er flest i dei eldre aldersgruppene. Ifølgje Grepstad (2015) inneber dette at språkskilnaden aukar mellom dei unge og dei gamle. Som Hellevik (2001: 133) seier det: ”Dersom nynorsken står svakare innanfor dei nyaste fødselskulla, kan det vere eit varsel om tilbakegang etter kvart som dei avløyser dei eldre generasjonane, der nynorsken står sterkare”. Ved å sjå på nynorsktala i skulen, kan me få ein indikasjon på korleis situasjonen til nynorsk vil vera i framtida, for som Hellevik (ibid.: 125) vidare poengterer, vil eit levedyktig nynorsk vera avhengig av dei som har nynorsk i skulen, og at dei held fram med å bruka skriftspråket seinare i livet.

### 2.1.3 Nynorsk i skulen: ”Den nynorske lekkasjen”



Figur 2.1 Bokmål og nynorsk i grunnskulen i Noreg frå 1995 til 2016 (Kjelde: gsi.no).<sup>4</sup>

<sup>4</sup> I figur 2.1 har eg valt å utelata elevane som har samisk eller andre språk som opplæringsmål, sidan tala er minimale. Skuleåret 2015/16 hadde 833 elevar samisk som opplæringsmål, medan 4299 elevar i den norske grunnskulen hadde eit anna språk enn bokmål, nynorsk eller samisk.

Figur 2.1 gjev ei oversikt over fordelinga mellom bokmål og nynorsk i grunnskulen i Noreg dei siste 20 åra. Som me ser, har talet på nynorskelevar halde seg nokolunde stabilt på landsbasis, men det har ikkje auka i takt med talet på elevar i skulen. Dersom me følgjer Bull (2004) sin tankegang, kan me allereie no konstatera at nynorsk er eit minoritetsspråk i numerisk forstand. Kva rettar har brukarane av dette minoritetsspråket i skulen?

Nynorskbrukarane har ei rekkje lovfesta rettar i skulen. Avgjersla om kva målform som skal vera hovudmål i ein kommune, er ein del av lokaldemokratiet i Noreg. I opplæringslova står følgjande: Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova 1998: § 2-5) seier at det er kvar enkelt kommune som avgjer kva målform som skal nyttast i kommunen, og det er kommunen som gjev forskrift om kva målform som skal brukast i skulen. Dersom det er strid om målforma, kan folket i kvar skulekrins forlanga røysting med allmenn røyserett. Det er ofte i desse lokale folkerøystingane at resultatet av språkstriden trer fram. Tilgjengelege data for skulemålsrøystingar går tilbake til 1965. Frå og med 1965 og ut 2014 vart det halde 393 folkerøystingar om opplæringspråk i den norske skulen. Ved desse folkerøystingane sa over 75.000 personar si meining om skulemålet (Grepstad 2015: 56).

Dersom foreldra til minst ti born på eitt av årsstega 1-7 krev det, har dei rett på skriftleg opplæring på den andre målforma i ein eigen parallellklasse. Lova gjeld så lenge det er minst seks born att i den opphavelige gruppa. Der det finst parallellklassar, kan borna og foreldra sjølve velja kva klasse eleven skal gå i. Til og med 7. årssteget kan foreldra velja kva målform elevane skal ha lærebøkene sine på. Frå og med ungdomsskulen og ut den vidaregåande skulen er det opp til kvar enkelt elev sjølv å velja kva målform han vil ha til hovudmål. Når nynorsk er hovudmål i ein klasse, skal alle lærarane som underviser klassen skriva nynorsk i alle samanhengar med klassen. Denne retten gjeld ut 7. klasse. Læremidla som vert brukt i undervisninga, har elevane lovfesta krav om å få på nynorsk, slik det vert uttrykt i lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova 1998: §9-4). Me skal i det følgjande sjå på korleis språksituasjonen har utvikla seg i skulen.

Talet på nynorske skulekrinsar auka raskt utover i 1930-åra og under den tyske okkupasjonen, men etter andre verdskrig gjekk nynorskalet nedover igjen. Prosentdelen av elevar som nyttar nynorsk som opplæringspråk, har minka dei siste åra. Sentralisering kan vera éi av årsakene til dette. Nordal (2011: 114) peikar på at sentralisering ofte fører til mindre bruk av nynorsk.




Dette er i tråd med Grepstad (2012a: 111), som meiner at få faktorar har hatt meir å seia for utviklinga av talet på nynorskbrukarar enn mengda av nynorske skulekrinsar i grunnskulen. Tal frå Utdanningsdirektoratet viser at i 2014 var det 21 færre grunnskular enn i 2013, og 400 færre enn i 2004 (Utdanningsdirektoratet 2015: 34). Talet på nynorskelevar har minka i takt med talet på grunnskular. Det ser ut til at mange nynorskelevar lèt seg pressa eller lokka bort frå hovudmålet sitt. Fråfallet byrjar på ungdomssteget når elevane blir blanda, og held fram utover i utdanninga. Presset er sterkast i blandingsområda der nynorskelevane gjerne kjem i mindretal på skulen, i klassen og i ungdomsmiljøet når dei kjem på ungdomssteget eller i vidaregåande skule. Grepstad (2012a: 111) kallar dette for *den nynorske lekkasjen*. Sentraliseringsfaktoren vil vera særleg relevant når me ser nærare på situasjonen til nynorsken i Fjell kommune.

Hovudmålstala som me kan stola på, er henta frå grunnskulen. Sidan 1992 har GSI registrert målforma til grunnskuleelevane i landet. Ifølgje Stortingsmelding nr. 23 er det likevel først i overgangen til vidaregåande skule at elevar i størst grad endrar hovudmål frå nynorsk til bokmål. Dette problemet er størst i bynære strøk (St.melding. nr. 23 2007–2008: 40). Lenge har ein hatt for lite kunnskap om språkskifta i den vidaregåande skulen. Medan ein i over hundre år har hatt pålitelege tal for bruk av nynorsk i den tidlegare folkeskulen og dagens grunnskule, har ein ikkje hatt systematikk i å registrera hovudmålet til elevar i det dei byrjar på vidaregåande skule. Først ved oppmelding til eksamen registrerer ein hovudmålet, og sjansen for at nokon har falle frå gjennom tre års skulegang, er realistisk. Ifølgje Grepstad (2015) har dette ført til at lokale og sentrale politikarar har mangla relevant kunnskap om språklege endringar i samfunnet, og dermed hatt eit dårleg grunnlag for politisk handling. Dette er også eit viktig poeng ved informantutvalet mitt, som eg vil koma nærare inn på i metodekapittelet. I det følgjande vil eg bevega meg nærare inn på forskingsområdet mitt, nemleg Hordaland fylke.

## **2.2 Nynorsk i Hordaland**

Som nemnt innleiingsvis i kapittel 1, vert Hordaland rekna som eitt av kjernefylka for nynorsken. Totalt har 30 av 33 kommunar i fylket nynorsk som administrasjonsspråk, medan dei tre resterande (Askøy, Bergen og Odda) er språknøytrale. I Hordaland er det gjort fylkestingsvedtak med krav om nynorsk i skriv frå statsorgan. Saman med kommunar i Sogn og Fjordane var det kommunar i Hordaland som var først ute med å bruka nynorsk som tenestemål. Men utviklinga dei siste 20 åra peikar i retning av at nynorsken tapar terreng i

skulen til fordel for bokmål, også i Hordaland fylke. I figur 2.2 ser me korleis hovudmålssituasjonen til grunnskuleelevarne i Hordaland har utvikla seg dei siste 20 åra.



Figur 2.2 Målforma til grunnskuleelevar i Hordaland frå 1995 til 2016 (Kjelde: gsi.no).

Skuleåret 1995/96 var det om lag 2 000 fleire elevar med bokmål enn nynorsk som målform i fylket. I dag, 20 år seinare, er det om lag 14 500 fleire bokmålselevar enn nynorskelevar i Hordaland. Sidan 1965 har det vore 31 skulemålsrøystingar i Hordaland fylke. Nynorsken har vunne fram i 14 av desse (Grepstad 2015).

I 2015 budde 93 % av nynorskelevarne i den vidaregåande skulen på Vestlandet, og av desse gjekk kvar tredje på vidaregåande skule i Hordaland. Likevel ser det ut til at det skjer noko i overgangen mellom ungdomsskulen og den vidaregåande skulen. Tal henta frå Proba Samfunnsanalyse (2014) viser at nynorskskuleåret for kullet som starta på skulen i 1999/2000, var 44 % i 1. klasse. I 10. klasse hadde 37 % av desse nynorsk som hovudmål, men ved oppmelding til eksamen i 3. klasse på vidaregåande, var det berre 20 % igjen. Det har med andre ord skjedd ei halvering av nynorskelevar i Hordaland gjennom 13 år i skulesystemet. I desse dagar vert søkjelyset sett på nettopp dette.

Våren 2012 vart språkskifteproblematikken i fylket teken opp i utval for opplæring og helse i Hordaland fylkeskommune. Utvalsmedlem Dan Femoen la då fram eit forslag om at opplæringsdirektøren skulle leggja fram ei oversikt over kor mange elevar som skifta hovudmål i overgangen frå ungdomsskulen til den vidaregåande skulen i fylket. Tala som vart lagt fram, var mørke, sett frå eit nynorskperspektiv. Om lag 38 % av alle avgangselevarne i dei offentlege grunnskulane i Hordaland hadde nynorsk skuleåret 2010/11. Ved dei

fylkeskommunale vidaregåande skulane året etter var det berre 9 %. På bakgrunn av denne oversikta fremja Femoen følgjande forslag:

Tallene som ble presentert i melding 34/12 var svært oppsiktsvekkende. Opplærings- og helseutvalget ønsker derfor en sak der man kartlegger årsakene til at så mange elever velger bort sitt hovudmål i overgangen fra ungdomsskolen til vidaregåande skole. Opplærings- og helseutvalget ønsker at administrasjonen går i dialog med departementet og direktoratet for å få midler til en slik kartlegging (Hordaland fylkeskommune 2015).

Utvalsmedlem Marte Malones sette fram følgjande tilleggsforslag: ”Det undersøkes også hvordan de vidaregåande skolene møter og tilrettelegger for elever med nynorsk som hovudmål” (Hordaland fylkeskommune 2015). Det vart samstundes vedteke at begge forslaga skulle sendast over til administrasjonen. I 2013 oppretta opplæringsavdelinga ved fylkesdirektør og fagopplæringsjef kontakt med Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE) ved Universitetet i Bergen for å setja i gang forskning på målbyte i den vidaregåande skulen i fylket. Dette er ikkje det einaste tiltaket i samband med språkskifteproblematikken som har blitt gjort.

I mars 2016 vedtok Opplærings- og helseutvalet i Hordaland fylkeskommune samrøystes å løyva 100.000 kroner til ei prosjektstilling for å fremja nynorsk i opplæringa frå barnehage til vidaregåande skule. Eitt av måla med stillinga er å hindra målbyte frå nynorsk til bokmål gjennom heile det 13-årige skuleløpet. Prosjektstillinga er eit samarbeid mellom Bergen Mållag, Hordaland Mållag og Noregs Mållag. Alle mållaga har sjølve sett av midlar til stillinga (Hordaland fylkeskommune 2016). Ifølgje tidlegare leiar i Bergen Mållag, Nils Mæhle skal prosjektstillinga vera i gang til 1. august 2016 (Framtida.no 2016).

Det er med andre ord ikkje tvil om at språkskiftesituasjonen i den vidaregåande skulen i Hordaland fylke er dagsaktuell, og at det eksisterer eit ønskje om å få kartlagt årsakene til språkskifte frå nynorsk til bokmål. I det følgjande skal me gå nærare inn på samfunna Voss, Odda og Fjell. Innleiingsvis skal me sjå nærare på dei viktigaste samfunnsforholda i kvar av kommunane, og eg vil også peika på nynorsken sin posisjon i dei tre samfunna.

### **2.3 Voss**

Voss kommune er den største kommunen i Hordaland med eit areal på 1806 kvadratkilometer. Kommunen grensar til Ulvik og Aurland i Sogn og Fjordane i aust, til Granvin og Kvam i sør, til Vaksdal i vest og Vik i Sogn og Fjordane i nord. Alle grensekommunane er nynorskkommunar. Frå Vossevangen, sentrum på Voss, til Bergen er det 103 kilometer. Rekna reisetid med bil er på 97 minutt.

Per 1. januar 2015 er det 14347 innbyggjarar i kommunen. Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) syner at folketalet i kommunen har halde seg relativt stabilt dei siste 50 åra:

Årstal	Folketal i Voss kommune
1965	13 440
1975	13 907
1985	14 059
1995	13 896
2005	13 850
2015	14347

**Tabell 2.1 Innbyggjartal i Voss kommune 1965–2015 (Kjelde: ssb.no).**

Næringslivet i Voss kommune er prega av at kommunesenteret, Vossevangen, er eit handels-, administrasjons-, skule-, kommunikasjons-, og turistsenter. Industrien i kommunen er variert, men hovudvekta ligg på næringsmiddelindustri i form av meieri og slakteri, og maskinindustri (Thorsnæs 2014). Voss er også ein viktig jordbrukskommune, med hovudvekt på husdyrhald. Ingen andre kommunar i Hordaland har større jordbruksareal, og Voss kommune er den kommunen i fylket med flest sauer (Helleve 2015).

Voss kommune har 12 grunnskular, to av desse er ungdomsskular. Sundve skule, nord i kommunen er delt barne- og ungdomsskule. Voss ungdomsskule i sentrum har elevar frå dei ti resterande barneskulane i kommunen. I det følgjande skal me sjå på korleis hovudmålssituasjonen er i grunnskulen i kommunen.

### **2.3.1 Det nynorske kjerneområdet**

I Voss kommune tok dei første skulane i bruk nynorsk som opplæringsmål i 1902, og sidan den gong har det nynorske skriftspråket stått sterkt i heile kommunen. Voss kommune ligg i eit nynorsk kjerneområde, der språket står sterkt både i administrasjonen og i lokalsamfunnet generelt. I 1921 vart kommunen den første i landet til å krevja nynorsk i brevbyte med styresmaktene, og sidan den gong har nynorsk vore tenestemål i kommunen (Helleve 2015).

Den aktuelle vidaregåande skulen i prosjektet mitt, Voss gymnas var det første landsgymnaset i landet, og prinsippet om språkleg jamstilling har alltid stått sterkt ved skulen. I samband med 75-årsjubilet til gymnaset i 1991 skreiv dåverande fylkesskulesjef, Gunnar Dale følgjande i ei helsing:

I mange år var Voss gymnas det einaste nynorskgymnaset i vårt fylke og ivaretok det store behovet for opplæring på nynorsk for landsungdom. Eg trur dette har hatt uvurderleg betydning for nynorsken si stode i vårt fylke (Dale 1991: 185).

Lærebokaksjonane på 1970-talet er eit konkret døme på Voss gymnas sitt bidrag til å styrkja nynorsken si stilling. I 1971 samla representantar frå mellom andre Voss og Odda seg saman med forlagsfolk for å vurdera situasjonen til nynorske lærebøker i den vidaregåande skulen. Staden for samlinga var Voss gymnas, og møtet er i tida etter blitt kalla ”Vossamøtet”. I etterkant av møtet vart læreboksituasjonen kartlagd, og det viste seg at berre 17 % av dei tilgjengelege lærebøkene var på nynorsk (Lie 1991: 137). Representantar frå Voss gymnas sende ei fråsegn til Stortinget, men fråsegna fekk ikkje konsekvensar, og allereie same året vart dei første lærebokaksjonane skipa. Kring 30.000 elevar strøymde ut i gatene for å demonstrera, og det var Voss gymnas og Øystese gymnas som var dei viktigaste lokomotiva i desse demonstrasjonane (ibid.: 138). Tre år seinare, i 1974 kom lova som sikra språkleg jamstilling i lærebøkene. Desse aksjonane vart gjort av gymnaselevar, men korleis er situasjonen i grunnskulen?

Tala frå GSI (Tabell 2.2) syner at nynorsken har stått stabilt sterkt som opplæringspråk i grunnskulen i Voss kommune dei siste 20 åra:

Skuleår	Nynorsk	Bokmål
1995/96	1 545 (99 %)	14 (1 %)
1997/98	1 762 (99 %)	13 (1 %)
1999/00	1 709 (99 %)	13 (1 %)
2001/02	1 814 (99 %)	12 (1 %)
2003/04	1 798 (99 %)	15 (1 %)
2005/06	1 796 (98 %)	33 (2 %)
2007/08	1 783 (99 %)	20 (1 %)
2009/10	1 779 (99 %)	26 (1 %)
2011/12	1 743 (99 %)	21 (1 %)
2013/14	1 715 (99 %)	22 (1 %)
2015/16	1 740 (99 %)	19 (1 %)

Tabell 2.2 Hovudmål hjå elevane ved dei 12 grunnskulane i Voss kommune frå 1995/96–2015/16 (Kjelde: gsi.no).

Dersom me går ned på det aktuelle kullet i undersøkinga mi, må me sjå på elevane som byrja i første klasse i 2003, informantane mine utgjer vel og merka berre ein del av heile elevgruppa. Ifølgje tal frå GSI hadde ingen av elevane på dette kullet i Voss kommune bokmål som opplæringsmål. Når me går opp på ungdomsskulenivå, vert det aktuelle årskullet rekruttert frå tre ulike ungdomsskular i Voss kommune: Voss ungdomsskule, Sundve ungdomsskule og

Evanger ungdomsskule. Sistnemnte opererer i dag som rein barneskule. I stor grad er det frå desse skulane informantane mine kjem. Tala i tabell 2.3 syner posisjonen til dei to skriftspråka ved skulen for det aktuelle årskullet, både ved oppstart og avslutning av ungdomsskolen (2010–2013):

Klassesteg	Evanger skule		Sundve skule		Voss ungdomsskule	
	Bokmål	Nynorsk	Bokmål	Nynorsk	Bokmål	Nynorsk
8. klasse 2010/11	1	11	0	11	4	157
10. klasse 2012/13	1	9	0	12	5	159

Tabell 2.3 Hovudmålet til ungdomsskuleelevene i Voss kommune for det aktuelle årskullet (Kjelde: gsi.no).

Bokmålsprosenten for det aktuelle kullet eksisterer så og seia ikkje. I denne oppgåva har eg valt å definera Voss som eit nynorsk kjerneområde, og ut ifrå begge forståingane Grepstad (2015) legg fram, ser eg dette som høveleg. Eg har ikkje tal for heile befolkninga, men dersom ein tek utgangspunkt i statistikken frå grunnskulen, kan ein rekna med at godt over halvparten av vossingane nyttar nynorsk som bruksspråk i større eller mindre grad. I rapporten *Urbane offentlige landskap i bygd og by. Lingvistiske landskap i Oslo og på Voss* konkluderer Karine Stjernholm (2014) med at nynorskprofilen på Voss er tydeleg. I alle fall samanlikna med språknøytrale Oslo, der det nynorske skriftspråket er fråverande i gatebilette, i butikkreklame og butikknamn. Også i lokalavisa på Voss står nynorsken sterkt. Avisa *Hordaland* er den eldste nynorskavisa i landet. Ho har blitt redigert på nynorsk sidan ho skifta frå dansk-norsk i 1908. Nedslagsfeltet er Voss, Ulvik, Granvin, Modalen og Vaksdal (Grepstad 2014). Såleis kan ein konkludera med at nynorsk vert brukt i større grad på Voss, enn i resten av landet. Korleis er situasjonen i språknøytrale Odda kommune der staten og administrasjonen står fritt til å velja tenestemål?

## 2.4 Odda

Odda kommune har eksistert som eigen kommune sidan 1913. Kommunen ligg innerst i Hardangerfjorden og grensar til Ullensvang i nord, Vinje i aust, Suldal og Sauda i sør og Kvinnherad og Etne i vest. Saman med kommunane Kvam, Jondal, Granvin, Ulvik, Eidfjord og Ullensvang utgjer Odda regionen Hardanger. Kommunen består av byen Odda, industristaden Tyssedal, dalsbygda Skare og fjellbygda Røldal, og han strekkjer seg over eit areal på 1 627 kvadratmeter. Mellom Odda og Bergen sentrum er det 133 kilometer, og reisetida er rekna til å vera på 2 timar og 45 minutt med bil.

Per 1. januar 2015 er det 6 952 innbyggjarar i kommunen (SSB). Som tabell 2.4 syner, har ikkje folketalet halde seg like stabilt her som i Voss kommune. Redusert sysselsetting i industrien og mangel på alternative sysselsettingsmogelegheiter har ført til at folketalet i Odda kommune har sokke jamt dei siste 50 åra (Thorsnæs 2015).

Årstal	Folketalet i Odda kommune
1965	10 481
1975	9 468
1985	8 728
1995	8 077
2005	7 378
2015	6 925

Tabell 2.4 Folketalsutviklinga i Odda kommune 1965–2015 (Kjelde: ssb.no).

Fram til byrjinga på 1900-talet livnærte Odda seg på gardsbruk og handverk, i tillegg til turistnæring på sommartid. I 1906 vart det vedteke å byggja ein karbid- og cyanamidfabrikk i Odda, og med dette vart Odda ein industristad. I 1908 var arbeidsstyrken ved fabrikkane 280 mann. I 1913 sysselsette fabrikkane kring 1000 arbeidarar, og dei fleste av desse var innflyttarar (Kolltveit 1967: 47). Med etableringa av eit av verdas største høgtrykksanlegg i Tyssedal og verdas største karbid og cyanamidfabrikk i Odda gjekk staden frå å vera eit lite bygdesamfunn til å bli eit moderne industrisamfunn. I 2003 gjekk smelteverket konkurs, men også i dag er industri blant dei viktigaste næringane i kommunen. Korleis har dette industrieventyret påverka språksituasjonen i Odda?

### 2.4.1 Språkdelt Odda

I Odda tok dei første skulane i bruk landsmålet som opplæringsmål i 1905. I dag er Odda ein av tre kommunar i Hordaland som er språkøytrale. Me må attende til 1906 for å finna årsaka til dette. Med utviklinga frå å vera eit lite bygdesamfunn til å bli eit industrisamfunn etter 1906, vart spørsmålet om opplæringsmålet reist. Debatten kring opplæringsmålet i Odda var med på å danna motsetnaden mellom innflyttarane og det gamle Odda. Storparten av innflyttarane kom frå byar eller bygder der det var riksmålet som rådde. I 1913 sette ivrige riksmålsfolk i stand ein aksjon for å få i gang eit målskifte i Odda krins. Spørsmålet vart teke opp på fleire krinsmøte, der både riksmålssekretæren og store landsmålstalarar var til stades.

Det var 1. februar 1914 at hovudslaget stod i Ungdomshallen. Kring 400 menneske var samla, og målfolket var i klart mindretal. Nettopp difor kom dei med forslaget om å danna parallellklassar for riksmål og landsmål. Sidan skulen hadde vakse seg stor, ville ikkje dette føra med seg store ekstrakostnader. Møtet vedtok til slutt med 213 mot 148 røyster å krevja

målbyte. Etterpå røysta dei med 213 mot 137 røyster ned framlegget om parallellklassar. Likevel vedtok skulestyret 18. februar same året at det skulle vera parallellklassar. Slik kunne foreldra sjølve velja målform for borna sine. Det var 2/3 av borna som gjekk i riksmålsskassar og 1/3 som gjekk i landsmålsskassar. I Tyssedal vart bokmål hovudmål i alle klassar, og slik er situasjonen framleis i dag. Fordelinga mellom riksmåls- og landsmålsskassar heldt seg nokolunde konstant fram til 1970-talet, men i dag er det fleire nynorsk- enn bokmålsskassar i Odda skulekrins. Vedtaket om parallellklassar førte til at målstriden stilna og ifølgje Kolltveit (1967: 50) gjorde det "[...] ikkje lite til å betra 'sameksistensen' mellom innfødde og innflytte". Som tabell 2.5 klart syner, har bokmål og nynorsk levd stabilt side om side, også dei siste 20 åra. Går me eitt skuleår lengre tilbake i tid var bokmålelevane i fleirtal. Skuleåret 1994/95 var det 528 bokmåselevar og 309 nynorskelevar i kommunen. Det betyr med andre ord at det har skjedd ei positiv utvikling for opplæringsmålet, sett i eit nynorsk perspektiv.

Skuleår	Nynorsk som hovudmål	Bokmål som hovudmål
1995/96	470 (57 %)	356 (43 %)
1997/98	456 (53 %)	402 (47 %)
1999/00	552 (60 %)	373 (40 %)
2001/02	563 (62 %)	350 (38 %)
2003/04	607 (62 %)	374 (38 %)
2005/06	605 (65 %)	320 (35 %)
2007/08	613 (67 %)	298 (33 %)
2009/10	552 (64 %)	306 (36 %)
2011/12	536 (66 %)	271 (34 %)
2013/14	510 (67 %)	246 (33 %)
2015/16	474 (65%)	255 (35%)

Tabell 2.5 Grunnskuleelevar i Odda kommune fordelt på hovudmål frå 1995– 2016 (Kjelde: gsi.no).

Odda kommune har fem grunnskular: Odda barneskule, Tyssedal barneskule, Skare barneskule, Røldal skule og Odda ungdomsskole Det er dei to siste som tilbyr undervisning for 8. til 10. trinn. I tabellen under har eg laga eit oversyn over elevane for det aktuelle årskullet mitt på sjuande trinn i Odda kommune fordelt på barneskulane og hovudmålet deira.

	Odda barneskule		Tyssedal barneskule		Skare barneskule		Røldal skule	
	Bokmål	Nynorsk	Bokmål	Nynorsk	Bokmål	Nynorsk	Bokmål	Nynorsk
7. klasse 2009/10	21	61	9	0	0	7	0	9

Tabell 2.6 Oversikt over opplæringsmålet til informantkullet ved Odda vgs fordelt på barneskulane (Kjelde: gsi.no).

Som tala frå sjuande trinn syner (tabell 2.6), dominerer nynorsk som opplæringsmål ved alle barneskulane utanom Tyssedal barneskule, der bokmål har halde fram som opplæringsmål



sidan vedtaket om språkdeling i Odda. Tala i tabell 2.7 syner at det så og seia ikkje er noko endring for kullet i det dei går over på ungdomsskulen:

Klassesteg	Odda ungdomsskole		Røldal skule	
	Bokmål	Nynorsk	Bokmål	Nynorsk
8. klasse 2010/11	30	67	0	9
10. klasse 2012/13	31	67	0	9

Tabell 2.7 Hovudmålet til det aktuelle årskullet i Odda kommune (Kjelde: gsi.no).

Ved Odda ungdomsskole er det skuleåret 2015/16 i alt 220 elevar. På kvart trinn er det fire klassar, på åttande trinn er det to bokmåls- og to nynorskklassar, på niande trinn er det éin bokmåls- og tre nynorskklassar og på tiande trinn er det to bokmåls- og to nynorskklassar (Odda kommune 2015). Som eg allereie har peika på, seier Opplæringslova at når minst ti elevar på eitt av årstrinna 1–7 i ein kommune ønskjer skriftleg opplæring på eit anna hovudmål enn det kommunen har vedteke, har dei rett til å tilhøyra ei eiga elevgruppe. Målparagrafen seier ingenting om dei siste tre åra i grunnskulen. Difor er Odda ungdomsskole unik. Odda kommune er den einaste staden i landet der ein vert delt i klassar etter hovudmålet sitt på 8.–10. trinn.

I nesten hundre år fekk Odda-modellen leva fredfullt i kommunen. Elevane har gått i språkdelte klassar gjennom heile den tiårige grunnskulen. Hausten 2012 føreslo rådmannen i Odda kommune å kutta språkdelinga ved Odda ungdomsskole i budsjettet for 2013. Kuttet ville gje ei innsparing på 1,5 millionar per år, og dei fire komande åra var det eit behov for å redusera driftsnivået med 50 millionar kroner i kommunen. Ordninga overlevde så vidt i budsjettet for 2013, der 14 røyster var for og 13 mot å la ordninga leva vidare. Året etter la rådmannen på nytt fram forslaget i budsjettet for 2014, men atter ein gong vart forslaget nedstemt, og det same skjedde då forslaget vart lagt fram i 2015-budsjettet. I budsjettforslaget til rådmannen stod det at ei redusert ressursramme for skulen på 3,5 millionar i 2015 og 5 millionar i 2016 inneber at språkdelinga måtte bli avvikla (Odda kommune 2014: 44). Også i budsjettforhandlingane på tampen av 2015 var Odda-modellen eit heitt emne, for nok ein gong hadde rådmannen lagt fram forslaget om å fjerna språkdelinga i ungdomsskulen. Under desse forhandlingane i desember 2015 vedtok Odda kommunestyre å utsetja saka om språkdeling på ungdomsskulen til revidert statsbudsjett låg framme våren 2016. Tanken var å venta og sjå om staten sa seg villig til å dekkja nokre av utgiftene, for fleirtalet i form av Ap, V og Sp fann ikkje dekning for språkdelinga i fellesforslaget deira til kommunebudsjettet (Odda Mållag 2016).

På same tidspunkt inngjekk Noregs Mållag, Odda Mållag og Odda kommune eit samarbeid for å jobba for å gjera Odda-modellen til ein del av den nasjonale språkpolitikken (Odda Mållag 2016: 3). Samarbeidsgruppa ønskjer å få staten til å dekkja meirkostnadane ved modellen på om lag 650.000 kroner årleg, og at dei skal gjera ordninga med språkdeling gjennom heile grunnskulen gjeldande i andre språkblanda område. Januar 2016 sende gruppa eit brev til Utdanningsdirektoratet, der dei bad om at Odda-modellen skulle gjerast allmenngyldig (ibid.). Februar same år fekk kommunen svaret frå Kunnskapsdepartementet:

Kunnskapsministeren har tidligere svart til Stortinget at det må være opp til den enkelte kommune hvordan de vil organisere opplæringen og at det ikke er aktuelt å kreve egne målformgrupper på ungdomsskoletrinnet. Vi kan ikke se at det har fremkommet nye opplysninger som tilsier at det bør foretas en ny vurdering av spørsmålet om målformgrupper på ungdomstrinnet (Kunnskapsdepartementet referert i: Olsen 2016).

Kunnskapsdepartementet vil med andre ord ikkje ta ansvar for å integrera Odda-modellen i den nasjonale språkpolitikken, men meiner at det er opp til kvar einskild kommune å ta ansvar for dette, og kampen for Odda-modellen, både på lokalt og nasjonalt nivå, er framleis ikkje avgjort.

Det er nettopp grunna Odda sin unike modell at eg har valt kommunen som eitt av forskingsområda mine. Kva kan språkdelte klassar gjennom heile grunnskulen ha å seia for hovudmålsvalet til elevane i vidaregåande skule? Det er brei semje blant målfolka (jf. Kollbotn 2014, Mannsåker 2014 og Tennø 2014) om at Odda-modellen gjev trygge nynorskbrukarar, at ordninga hindrar målbyte i grunnskulen, og samtidig fører til at så godt som alle held fram med nynorsk som hovudmål i den vidaregåande skulen og seinare i livet. I spørjeundersøkinga mi stilte eg elevane ved Odda vgs spørsmål om kva dei sjøve meiner om Odda-modellen. Utsegnene deira vil eg koma attende til i resultatkapittelet.

Det er ikkje berre grunnskulen som er språkdelt i Odda. Lokalavisa *Hardanger-Folkeblad* skriv også artiklar både på nynorsk og bokmål. Slik er det også i lokalavisa *Vestnytt* som har Fjell kommune i sitt nedslagsområde. Me skal no bevega oss inn i det siste av forskingsområda mine, Fjell kommune.

## 2.5 Fjell

Fjell kommune er ein øykommune i Hordaland fylke. Kommunen består av over 500 store og mindre øyar, holmar og skjær. Storesotra er den største av desse øyane, og ho bind saman Fjell og Sund kommune. Fjell grensar til Sund i sør, Bergen og Askøy i aust og Øygarden i

nord. Per 1. januar 2015 har kommunen 24427 innbyggjarar. Grunna kort avstand til Bergen har kommunen blitt ein populær bustadkommune, og særleg øya Litlesotra har dei siste tiåra fått stor folkeauke. Som me kan sjå i tabell 2.8, har Fjell kommune opplevd ein jamn folkeauke sidan 1965. Opninga av Sotrabraua i 1972 ber nok ein stor del av forklaringa for den massive auken utover på 70-talet. Frå og med då har det vore ferjefritt mellom Bergen og Sotra, og i dag tek det om lag 15 minutt frå Straume næringspark på Litlesotra til Bergen sentrum.

Årstal	Folketal i Fjell kommune
1965	6 127
1975	8 271
1985	12 200
1995	16 356
2005	20 043
2015	24 427

Tabell 2.8 Folketal i Fjell kommune frå 1965 til 2015 (Kjelde: ssb.no).

På oppdrag frå Fjell kommune gjorde Respons Analyse AS ei innbyggjar- og flyttemotivundersøking blant innbyggjarane i Fjell kommune sommaren 2011. Gjennom undersøkinga kom det fram at 36 % av den vaksne befolkninga i Fjell pendla dagleg ut av kommunen, og 32 % av desse pendla til Bergen. Det viste seg òg at 60 % av innbyggjarane i kommunen på dåverande tidspunkt opphavleg var innflyttarar. Heile 68 % av desse innflyttarane fortalde at dei hadde flytta frå Bergen (Respons Analyse 2011: 5). Det er altså i stor grad tilflytting frå nabokommunen Bergen som har resultert i den massive folkeauken i Fjell. I takt med folkeauken har næringslivet utvikla seg i kommunen.

Næringslivet i Fjell kommune er svært variert. Oljerelatert industri pregar både Fjell kommune og resten av Sotra-regionen, Sund kommune og Øygarden kommune. Dei største arbeidsgjevarane i kommunen er Fjell kommune, Sartor Storsenter på Straume og Coast Center Base, CCB på Ågotnes. Kystbasen er den største forsyningsbasen i landet for olje- og gassverksemd i Nordsjøen. Ågotnes industriområde har i dag om lag 130 verksemder og vel 1600 årsverk (Fjell kommune 2015). Det er verdt å merka seg at kystbasen opna først i 1973, det vil seia etter at fastlandssambandet mellom Sotra og Bergen hadde opna.

Ovanfor har me sett at folketalet har auka jamt i Fjell kommune og at det er innflyttarar frå nabokommunen Bergen som i stor grad har påverka denne statistikken. Me skal no sjå på korleis språksituasjonen har utvikla seg i kommunen.

### 2.5.1 Det nynorske randsoneområdet

I Fjell kommune tok dei første skulane i bruk nynorsk som opplæringsmål i 1919. Sidan 1922 har nynorsk vore tenestemål i kommunen (Helleve 2011). Men korleis er eigentleg stoda for nynorsken som bruksspråk i Fjell?

Frå og med 2009 har kommunal- og regionaldepartementet årleg kåra årets nynorskkommune. Dette er ein pris som vert gjeven til ein kommune som merkjer seg ut i aktiv bruk av nynorsk i tenesta si. I 2011 var det nettopp Fjell kommune som vart kåra til årets nynorskkommune. I grunngevinga står det følgjande:

Kommunen syner i årets søknad at ei medviten haldning til nynorsk språk er innarbeidd som ei fagleg rettesnor i den kommunale organisasjonen og som eit strategisk verkemiddel i det kommunale overordna planverket. Kommunen legg stor vekt på å auka språkkompetansen hjå dei tilsette, og ei medviten haldning til språkinnsats i barnehage og skule (Kommunal- og regionaldepartementet 2011).

Same veka slo *Bergens Tidende* opp ei sak om at elevane i årets nynorskkommune vrakar nynorsken (Hoaas 2011). Ved tusenårsskiftet nytta over halvparten av avgangselevane i grunnskulen i Fjell kommune nynorsk som hovudmål. I dag nyttar kring kvar femte elev nynorsk som hovudmål. Tala i tabell 2.9 er i tråd med desse påstandane. På 20 år har hovudmålsvalet til elevane i Fjell kommune gjort ei heilomvending:

Skuleår	Nynorsk	Bokmål
1995/96	1 379 (60 %)	911 (40 %)
1997/98	1 643 (60 %)	1 113 (40 %)
1999/00	1 622 (56 %)	1 291 (44 %)
2001/02	1 569 (51 %)	1 493 (49 %)
2003/04	1 773 (54 %)	1 526 (46 %)
2005/06	1 573 (47 %)	1 810 (53 %)
2007/08	1 562 (45 %)	1 893 (55 %)
2009/10	1 380 (40 %)	2 043 (60 %)
2011/12	1 247 (38 %)	2 070 (62 %)
2013/14	1 143 (35 %)	2 080 (65 %)
2015/16	1 122 (34 %)	2 124 (66 %)

Tabell 2.9 Hovudmål hjå elevane i grunnskulen i Fjell kommune frå 1995/96 til 2015/16 (Kjelde: gsi.no).

Fram til 1919 rådde bokmål aleine i Fjell kommune. Dette året gjekk første krinsen over til nynorsk etter ei krinsrøysting i Tellnes krins. To år seinare, i 1921 vedtok skulestyret at det skulle røystast om skulemålet i alle krinsar i kommunen. Dette førte til at nynorsk vart opplæringsmål i skulekrinsane Fjell og Landro. Frå og med 1935 vart nynorsk innført som hovudmål i alle krinsane i Fjell kommune. Slik var situasjonen heilt fram til 1976 (Langeland 1988: 11). Frå 1976 og utover har det vore tre skulemålsrøystingar i kommunen. Dette gjeld

skulekrinsane: Knarrevik skulekrins (1978), Bjorøy skulekrins (1982) og Foldnes skulekrins (1987) (Grepstad 2015). Alle har enda med fleirtal for bokmål, og opplæringsmålet har såleis blitt endra ved skulane. Trass i at nynorsk står sterkt i administrasjonen, er dette ein indikasjon på at nynorsken har tapt terreng i skulen i kommunen. Truleg kan dette ha samband med innflyttarbølga frå språknøytrale Bergen, der bokmålet dominerer.

Fjell kommune har i dag 15 kommunale grunnskular, og to av desse er ungdomsskular. Totalt brukar fire av dei kommunale grunnskulane bokmål som opplæringsmål og tre av dei er reine nynorskskular. Fram til 2013 var det seks nynorskskular i kommunen, men Algrøy skule, Ekerhovd skule og Syltøy skule vart nedlagde i 2013, og Misje skule vil bli lagd ned i næraste framtid. Dei seks resterande barneskulane er nynorskskular med parallelle bokmålsklassar (Brunstad 2015). Dersom me går opp på ungdomsskulenivå, vert elevane ved Sotra vgs i stor grad rekruttert frå dei to ungdomsskulane i Fjell kommune, Tranevågen ungdomsskule og Fjell ungdomsskule. Medan Fjell ungdomsskule ligg i sentrumsområdet, ligg Tranevågen lengre vest i kommunen. I det følgjande vil eg på same sett som i Odda og på Voss, gå spesifikt inn på informantkullet mitt og sjå korleis språksituasjonen har utvikla seg frå kullet gjekk i 7. klasse i 2009 og fram til dei gjekk ut av ungdomsskulen i 2013.<sup>5</sup>

Til Fjell ungdomsskule soknar elevar frå dei sentrumsnære barneskulane Bjorøy skule, Brattholmen skule, Foldnes skule, Hjelteryggen skule, Kolltveit skule, Liljevatnet skule og tidlegare Ekershovd skule. Tabell 2.10 viser opplæringsmålet for det aktuelle informantkullet mitt som soknar til Fjell ungdomsskule i 7. klasse:

<b>7. klasse 2009/10</b>	<b>Bokmål</b>	<b>Nynorsk</b>
<b>Bjorøy skule (bm)</b>	14	0
<b>Brattholmen skule (nn (bm))</b>	22	23
<b>Foldnes skule (bm)</b>	55	0
<b>Hjelteryggen skule (bm)</b>	25	0
<b>Kolltveit skule (nn (bm))</b>	0	25
<b>Liljevatnet skule (bm)</b>	25	0
<b>Ekershovd skule (nn)</b>	0	17
<b>Totalt</b>	<b>141</b>	<b>65</b>

**Tabell 2.10 Hovudmål til informantkullet ved Sotra vgs fordelt på barneskulane som soknar til Fjell ungdomsskule (Kjelde: gsi.no).**

<sup>5</sup> I tabell 2.10 og 2.11 er opplæringsmålet ved skulane markert med bm for bokmålskular, nn for nynorskskular og nn(bm) for nynorskskular med parallelklassar.

Til Tranevågen ungdomsskule soknar elevar frå skular som ligg vest i kommunen, og det er: Knappskogen skule, Landro skule, Misje skule, Skålevik skule, Tellnes skule, Ulveset skule og Ågotnes skule, i tillegg til nyleg nedlagde Algrøy skule og Syltøy skule. Tabellen under viser hovudmålet til informantkullet mitt då dei gjekk i 7. klasse.

<b>7. klasse 2009/10</b>	<b>Bokmål</b>	<b>Nynorsk</b>
<b>Knappskogen skule (nn (bm))</b>	18	19
<b>Landro skule (nn (bm))</b>	0	21
<b>Misje skule (nn)</b>	0	7
<b>Skålevik skule (nn)</b>	0	11
<b>Tellnes skule (nn)</b>	0	16
<b>Ulveset skule (nn (bm))</b>	16	14
<b>Ågotnes skule (nn (bm))</b>	18	19
<b>Algrøy skule (nn)</b>	0	2
<b>Syltøy skule (nn)</b>	0	5
<b>Totalt</b>	<b>52</b>	<b>114</b>

Tabell 2.11 Hovudmål til informantkullet ved Sotra vgs fordelt på barneskulane som soknar til Tranevågen ungdomsskule (Kjelde: gsi.no).

Tala i tabell 2.12 tyder på at noko skjer i overgangen mellom barneskulen og ungdomsskulen for elevane som soknar til Tranevågen og Fjell ungdomsskule. Totalt hadde 114 elevar nynorsk som opplæringsmål i 7. klasse ved rekrutteringsskulane til Tranevågen, men tala i tabellen under syner at når elevane kjem i 8. klasse er det berre 48 igjen. Før elevane byrja på Fjell ungdomsskule, var det totalt 65 elevar som hadde nynorsk som opplæringsmål, men ved Fjell ungdomsskule for det aktuelle kullet var det berre 10 elevar som hadde nynorsk som hovudmål.

<b>Klassesteg</b>	<b>Tranevågen ungdomsskule</b>		<b>Fjell ungdomsskule</b>	
	<b>Bokmål</b>	<b>Nynorsk</b>	<b>Bokmål</b>	<b>Nynorsk</b>
<b>8. klasse 2010/11</b>	105	48	149	10
<b>10. klasse 2012/13</b>	109	48	146	10

Tabell 2.12 Oversikt over hovudmål til informantkullet fordelt på ungdomsskulane i Fjell kommune (Kjelde: gsi.no).

Det er etter alt å dømma ein stor nynorsklekkasje i skulen i Fjell kommune, for talet på nynorskelevar vert kraftig redusert frå barneskule til ungdomsskule. Denne språkskiftesituasjonen har i seinare tid kome i søkjelyset. I det følgjande vil eg peika på to ulike tiltak som nyleg er blitt gjort for å hindra denne lekkasjen.

### 2.5.2 Språkskifte i søkjelyset

30. mai 2013 vart den reviderte målbruksplanen til Fjell kommune vedteken i kommunestyret. Den reviderte utgåva er basert på planen frå 2001, men er tilpassa den nye digitale kvardagen til kommunen. Målet med målbruksplanen er å verna om nynorsken. Som Noregs Mållag skriv i flygebladet *Kommunal nynorsk*, bør alle kommunar ha ein språkbruksplan som klargjer ansvaret dei har for språket i kommunen. I målbruksplanen til Fjell kommune vert det presisert at det allmenne talemålet i kommunen lenge har lege tett opp til nynorsk, og at det difor er naturleg at nynorsk er den skriftlege målforma. Det blir òg peika på at kommunen står under eit språkleg press gjennom sterk folkevekst og tilflytting. Under språkpolitiske mål for kommunen vert det understreka at skriftspråket skal vera så godt og variert som mogeleg, og liggja nær opp til det allmenne talemålet:

Dialekten/målføret er ein sær viktig del av den lokale kulturarven. Å ha eit godt feste i ein dialekt gjev identitet og sjølvkjensle. Kommunen ser difor som ei sentral oppgåve å verna om dialekten vår gjennom levande bruk og medviten utvikling (Fjell kommune 2013: 2).

Vidare vert retningslinene for skriftspråket i kommuneadministrasjonen lagt fram. Det vert oppmoda til å bruka personleg form og norske og personlege ord og uttrykk. Målbruksplanen slår fast at også dei fire kommunale skulane som ikkje har nynorsk som opplæringsmål, skal nytta nynorsk som administrasjonsmål.

Den reviderte målbruksplanen er ikkje det einaste dømet på at språkskiftesituasjonen i Fjell har kome i søkjelyset dei siste åra. Hausten 2015 vart Fjell kommune og Universitetet i Bergen tildelt 255.000 kroner frå Kulturdepartementet til prosjektet som har fått arbeidstittelen ”Stolt av eige språk” (Nøttveit 2015). På bestilling frå Fjell kommune skal Universitetet i Bergen søkja å finna ut kvifor så mange går over frå nynorsk til bokmål i skulen, kva som kan gjerast for å styrkja nynorsken sin posisjon i skulen, og kva som kan gjerast for at unge nynorskbrukarar skal bli stolte av språket sitt (Brunstad 2015). Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium ved universitetet vil starta opp prosjektet i 2016.

Slik eg ser det, har Fjell kommune utvikla seg til å bli ei nynorsk randsone. Som tidlegare nemnt kan eit eit randsoneområde for nynorsken kan forståast som eit område kjenneteikna av at barneskuleelevane har nynorsk som undervisningsmål, men at mange av dei skiftar til bokmål når dei byrjar på ein ungdomsskule eller vidaregåande skule som ligg i eit lokalt sentrum der bokmål er det vanlege skriftspråket eller bokmålsbrukarane er i fleirtal (Proba samfunnsanalyse 2014: 25). Ei anna forståing av omgrepet er randsone som eit område der nynorsken står svakt, men den nynorske tradisjonen er godt kjent (Sandøy 1998: 62).

Nynorsken står sterkt i både kommuneadministrasjonen i Fjell kommune og i lokalavisa *Vestnytt*. Avisa er i teorien språkdelt, og har aldri blitt definert som ei nynorskavis, men nynorsk vert nytta i størst grad (Nordvik 2010: 2). Trass i dette, går talet på nynorskbrukarar ned i kommunen. Det kan verka som at samfunnsutviklinga på Sotra, og særleg i Fjell kommune, legg til rette for bokmål.

Ein randsonekommune ligg gjerne i nærleiken av eit større område der bokmål dominerer, som til dømes Bergen. Som eg allereie har peika på, ligg forklaringa til den demografiske utviklinga i Fjell kommune i opninga av Sotrabrua i 1972. Kan tilbakegangen til nynorsk som hovudmål også forklarast ved dette? Som Teigen (2001: 57) presiserer: ”Det er i ’sovekommunane’, byomlandskommunane, spesielt den ytre delen av dagpendlingsområdet, vi finn nynorsk kommunane”. Teigen (ibid.) meiner at det er nettopp desse kommunane som har lett for å gå over til bokmålskommunar, fordi folketilveksten i størst grad kjem gjennom innflyttarar som har vakse opp i store bokmålskommunar som Bergen og Stavanger. Det er truleg dette som er tilfellet for Fjell kommune, som er ein attraktiv bustadkommune med billegare tomter og knappe 20 kilometer til Bergen sentrum.

## 2.6 Oppsummering

Ovanfor har eg søkt å skissera opp samfunna Voss, Odda og Fjell. Eg har peika på folketalsutviklinga, viktige næringar og ikkje minst, språksituasjonen i dei tre kommunane. I Voss kommune har folketalet halde seg relativt stabilt dei siste 50 åra, i Odda kommune har det sokke betrakteleg, særleg etter at smelteverket gjekk konkurs i 2003. I Fjell kommune har derimot folketalet auka massivt dei siste 30 åra. Store delar av årsaka til dette har å gjera med opninga av Sotrabrua i 1972. Kan desse samfunnsfaktorane ha noko å seia for nynorsken si stilling i dei ulike samfunna? Dette vil eg drøfta nærare i kapittel 6.

Dette er tre kommunar der elevane har eit noko ulikt utgangspunkt når det gjeld skriftspråket. Voss og Fjell er i teorien nynorsk kommunar med nynorsk som administrasjonsspråk, medan Odda kommune er språknøytral. Voss kommune vert karakterisert som eit kjerneområde for nynorsken. Her har nynorsken halde seg sterkt og stabilt som skriftspråk i ei årrekke. I Odda kommune har derimot nynorsken sin posisjon blitt styrkt dei siste 50 åra. Medan nynorskelevane var i mindretal då ordninga med parallellklassar vart vedteken i 1913, er det i dag bokmåselevane som er i mindretal i grunnskulen i Odda. I Fjell kommune er situasjonen stikk motsett. Medan nynorsk var majoritetsspråket i grunnskulen for 50 år sidan, har



bokmålet i dag teke over. Mindre skulekrinsar har blitt lagde ned, og ein sentraliseringsprosess er godt i gang.

## **Kapittel 3: Teoretisk rammeverk**

I dette kapitlet vil eg gå inn i det teoretiske rammeverket for prosjektet mitt både på eit overordna samfunnsnivå, og på eit individnivå. Eg vil peika på sosiolingvistiske teoriar om språkskifte, om språk og identitet og om språkhaldningar. Men først skal me sjå nærare på ulike sosiolingvistiske grunnsyn.

### **3.1 Sosiolingvistiske tradisjonar**

Den tverrvitskaplege forskingsdisiplinen sosiolingvistikk kan definerast på følgjande måte:

Sociolinguistics research is thus work which is intended to achieve a better understanding of the nature of human language by studying language in its social context and/or achieve a better understanding of the nature of the relationship and interaction between language and society (Trudgill 2003: 123).

Forskningsdisiplinen handlar altså om forskning på språk i samfunnet. Ut ifrå denne breie definisjonen vil eit prosjekt om språkskiftesituasjonen i den vidaregåande skulen også vera eit sosiolingvistisk prosjekt.

Det finst ulike måtar å studera sambandet mellom språk og samfunn på. Metodane varierer alt etter om ein er interessert i å studera samfunnet som eit storsamfunn, eller om ein vil sjå på mindre einingar og funksjonar innanfor samfunnet. I artikkelen "Kvar i verda finst språket?" skisserer Reidunn Hernes (2005) opp to ulike sosiolingvistiske grunnsyn på korleis språket manifesterer seg i ein sosial kontekst. På den eine sida har me eit samfunnsorientert grunnsyn, og på den andre sida eit individorientert grunnsyn.

William Labov (2001) representerer det samfunnsorienterte perspektivet, og ifølgje han kan språket som sosialt fenomen berre studerast med utgangspunkt i språksamfunnet. Språket som sosialt fenomen, er slik han ser det, berre interessant på eit kollektivt nivå. Labov sitt grunnsyn har fått sterk kritikk dei siste åra for å vera for fokusert på makrostrukturane i samfunnet og for å ikkje belysa dei individuelle skilnadane i språkbruk (jf. Milroy 1980). Det andre synspunktet er nettopp individorientert. Innanfor dette grunnsynet må språk som sosialt fenomen studerast med utgangspunkt i språkbrukaren. Med interaksjonell sosiolingvistikk har det blitt eit auka individfokus. Tidlegare låg fokuset på kreftene som påverka språket, men som ikkje var medvitne handlingar, altså kreftene som eksisterte utanfor menneskeleg kontroll. I dag har subjektet og individet fått mykje større plass i forklaringane.

Hernes (2005) meiner at ingen av desse grunnsyna isolert er ideelle for sosiolingvistiske studiar, men at dei saman kan skapa eit heilskapleg bilete av kva prosessar som skjer ved språkending. Unn Røyneland (2005: 95) støttar Hernes i dette, for ho hevdar at: ”Val av språkleg tilpassing, variasjon og endring skjer nettopp i dialektikken mellom individet og kollektivet, mellom det individuelle og det samfunnsstrukturelle”. For å oppnå kunnskap om påverknadsfaktorane til språkbrukarane er det difor naudsynt å studera både individuelle og kollektive forhold. På eit makronivå er det relevant å sjå på sosiale samfunnsstrukturar som skule og politiske vedtak, som set rammene for og avgrensar dei individuelle vala i dei tre ulike språkområda, slik som eg gjorde i kapittel 2. I dette kapittelet er eg inne på det teoretiske rammeverket både i eit makro- og eit mikroperspektiv. Først vil eg peika på språkskifte i eit makroperspektiv før eg går nærare inn på individfokuserte teoriar om språk og identitet og språkhaldningar.

### **3.2 Språkskifte i eit makroperspektiv**

Når eit språkleg praksisfellesskap vel å gå vekk i frå sitt eige gruppespesifikke språk, til fordel for eit numerisk og sosiokulturelt sterkare språk, kallar ein det eit språkskifte. Vanlegvis handlar det om at brukarar av eit minoritetsspråk i samfunnet tek i bruk eit majoritetsspråk (Mæhlum 2007: 127).

Men kva er eit majoritetsspråk? Mæhlum (2007) peikar på at termene majoritets- og minoritetsspråk i utgangspunktet vert nytta i rein numerisk forstand, og slik vert nynorsk numerisk underlege bokmål, sidan det er langt fleire som brukar bokmål enn nynorsk. Mæhlum (2007) meiner likevel at det essensielle ved bruken av desse omgrepa er den asymmetriske relasjonen som rår mellom minoriteten og majoriteten når det gjeld makt, dominans, påverknad og prestisje. I samband med dei to norske offentlege skriftspråka bokmål og nynorsk, er nynorsk minoritetsspråk på fleire måtar. Numerisk sett er det færre som nyttar nynorsk enn bokmål, og i tillegg har bokmål større makt på den frie lingvistiske marknaden. Innanfor næringslivet, i media og som bruksspråk, er bokmål langt oftare nytta enn nynorsk, trass i at dei er offentleg jamstilte skriftspråk. Men korleis oppstår slike språkskifte, der minoritetsspråk vert erstatta av majoritetsspråk?

#### **3.2.1 Samfunnsmessige årsaker til språkskifte**

Røyneland (2008) peikar på fire faktorar som spelar inn i språkskifte og bevaringsprosessar. Det er økonomi, status, demografi og institusjonell stønad. Språkskifteprosessen går føre seg langs to aksar: ein tidsakse og ein domeneakse. Eit gradvis språkskifte skjer ved at eitt av dei

to språka gradvis erobrar fleire og fleire domene, og at fleire og fleire språkskiftarar innanfor samfunnet skiftar innanfor desse domena. Ifølgje Røyneland (ibid.) skjer språkskifte sjeldan over natta. Det er ein gradvis prosess, og ofte går det tre generasjonar frå ein språkskiftesituasjon oppstår til han er fullført. Vanlegvis er det dei yngste medlemmane i eit språksamfunn som leiar an i språkskifteprosessen (Mæhlum 2007). I dei seinare åra er det særleg éin samfunnsfaktor som har ført til auke i språkskifte på verdsbasis.

”In our day and age, it is definitely the globalisation of pan-Western culture (and pop-consumer culture in particular) that is the motor of language shift” (Fishman 2001: 6). Globalisering er ei sentral samfunnsendring som dei seinare åra har ført med seg lingvistiske konsekvensar. Med globalisering vert den dominerte parten påverka av den dominerande parten, også lingvistisk, og med globaliseringa vil det lingvistiske mangfaldet stå i fare for å bli redusert. Språk med allereie stor utbreiing får endå større utbreiing, og gjennom desse homogeniseringsprosessane står mindre språk i fare for å bli etne opp. Slik er det når minoritetsspråk møter på engelsk gjennom globalisering. Slik Mæhlum (2007) ser det, kan me i Noreg såleis tala om ei ”indre” globalisering, der det allereie dominerande bokmålet stel av marknadsplassen til nynorsk.

### **3.2.2 Språkskifte i eit norsk perspektiv**

Mæhlum (2007) nyttar motsetnadsparet tradisjon-modernitet i analysen av den norske skriftspråksituasjonen. I boka *Konfrontasjoner. Når språk møtes* (2007) viser ho korleis ei rekkje språkmøte kan lesast som ein konfrontasjon mellom verdisett som på den eine sida er assosiert til det tradisjonelle og på den andre sida til det moderne, sagt på ein annan måte– det gamaldagse møter det framtidsretta. Det tradisjonelle verdisettet er gjerne stadbunde, medan det moderne vert rekna som fristilt. Mæhlum (ibid.) presenterer ei rekkje språkmøte, og peikar på det gjennomgåande trekket at språket, eller språkvarieteteten som konnoterer tradisjonalitet er den som står under press og er i fare for å bli marginalisert til fordel for språket som vert rekna som moderne.

Mæhlum (2007) hevdar at ein kan føra dette synet over på situasjonen mellom dei to norske skriftspråka. Nynorsken har gjennom heile si 150-år lange historie blitt assosiert med det tradisjonelle, gamaldagse og utidsmessige. Skriftspråket har opphav i talespråket til bondestanden, og det rurale utgangspunktet til skriftspråket er avgjerande for desse haldningane til nynorsken. Særleg den geografiske dimensjonen vert framheva ved det nynorske skriftspråket. Bokmål kan seiast å vera geografisk umarkert, medan nynorsk berre er

majoritetsspråk innanfor eit avgrensa nynorsk kjerneområde. Som Bull (2004) hevdar, er nynorsk offisielt, men ikkje reelt likestilt. Nynorsken står sterkare i periferien, enn i dei sentrale strøka. Mæhlum (2007) meiner at dersom nynorsken skal halda fram med å leva, og språkskiftetrenden skal snu, må han frigjera seg frå dei dominerande førestillingane om å vera gamaldags og lite framtidsretta.

Ovanfor har me sett på språkskifte i eit makroperspektiv, og korleis samfunnsendingar som til dømes globalisering kan føra til språkskifte. Vidare skal me no bevega oss inn på eit mikronivå og sjå på kva som motiverer språkvalet til enkeltindividet.

### **3.3 Språk og identitet, er det ein samanheng?**

Dei seinare åra har det vore brei semje blant sosiolingvistar om at det eksisterer eit tett samband mellom identitet og språk (Mæhlum 2008: 106). Kreolspråkforskarane Le Page og Tabouret Keller er to av forskarane som står fremst i rekkjene. I forordet til verket *Acts of identity* (1985) skriv dei følgjande: ” Here we introduce, then, the concept which is the theme of this book, that of linguistic behavior as a series of *acts of identity* in which people reveal both their personal identity and their search for social roles” (Le Page og Tabouret-Keller 1985:14).

Det vert hevda at gjennom språkhandlingar viser individa kven dei faktisk er, og kva fellesskap dei ønskjer å vera ein del av. Korleis kan dette bandet forklarast? Gjeld det alle typar språkhandlingar, og eksisterer det eit særleg band mellom bruk av nynorsk og identitet? Dette er spørsmål eg vil undersøka her, men først skal me sjå nærare på omgrepet *identitet*.

#### **3.3.1 Kva er identitet, og korleis vert han utforma?**

Identitet er eit paradoksalt omgrep som er indre tvitydig. Sjølve omgrepet kan knytast til det latinske omgrepet ”idem” som tyder ”den same”. Me taler gjerne om ein personleg identitet og ein sosial identitet. Det handlar altså om å vera den same som seg sjølv og den same som andre i eit fellesskap. Desse to formene for identitet er gjensidig avhengige av einannan. Som Mæhlum (2008: 108) uttrykkjer det, blir identiteten til eit individ ”*utkrystallisert i spenningsfeltet mellom det individuelle og det kollektive*”.

At omgrepet er indre tvitydig, er ikkje det einaste som er paradoksalt med sjølve omgrepet. Opp gjennom åra har det utvikla seg to vidt ulike innfallsvinklar til kva identitet er, og desse kan sporast attende til dei idéhistoriske retningane essensialisme og konstruktivisme. Innanfor

ein essensialistisk tankegang vert identitet rekna som ein permanent, evig og uforanderleg storleik, ein kjerne som me berre har éin av. Ein tenkjer at identiteten er immun mot ytre påverknad og sosiale impulsar. Innan konstruktivismen derimot, er identitet noko som vert konstruert og konstituert undervegs, for han er omskifteleg og avhengig av ytre forhold. Innanfor ein konstruktivistisk tankegang består eit "Eg" av ulike delidentitetar som ein vekslar mellom, alt etter kva sosial kontekst ein er i. Fleire tek til orde for ein syntese av desse to oppfatningane. Filosofen Hans Fink (1991) meiner at identiteten både er fast og omskifteleg på éi og same tid, og slik han ser det, vert identiteten utforma i gjensidig påverknad av desse to sidene. Mæhlum (2008) meiner det er nyttig å bruka elvemetaforen for å forstå identitetsomgrepet. Gjennom å betrakta identiteten som ei elv, med rennande vatn og eit meir stabilt eleveleie tek ein omsyn både til det omskiftelege, som er mogeleg å påverka, og det meir uforanderlege i identitetsomgrepet. Dersom me brukar elvemetaforen for å betrakta identitetsomgrepet, korleis vert identiteten då utforma?

George Herbert Mead (1934) og hans teoriar om sjølvet har hatt mykje å seia for konstruktivistisk identitetsteori. Slik han ser det, er det gjennom samhandling at identiteten vår vert utforma. Gjennom samhandling med andre kan me erkjenne kva identitet me vert tillagd, noko som vidare vil påverka korleis me betraktar oss sjølve. Me snakkar såleis om *identitetsforhandlingar* mellom ei ekstern og ei intern identifisering som det er konstant vekselverknad mellom. Desse forhandlingane skjer ikkje alltid på eit like høgt medvitsnivå, men dei eksisterer likevel. Me speglar oss sjølve i oppfatningane andre har av oss, og spegelbiletet vil påverka korleis me betraktar oss sjølve. Ut ifrå den tredje identitetsoppfatninga, identiteten som ei elv, er det altså i samhandling med andre at både den omskiftelege og den meir stabile delen av identiteten vår vert utforma. Korleis er sambandet mellom språkhandlingar og identitetshandlingar i forhold til dette?

### **3.3.2 Språk og identitet**

Ifølgje Mead (1934) er det gjennom språket at menneske er i stand til å reflektera over seg sjølv og sjå seg sjølv frå ståstaden til eit anna menneske. Det er gjennom språket at samhandling med andre skjer, og bestemte meiningar vert signalisert gjennom kva me seier og korleis me seier det.

Som nemnt innleiingsvis i dette kapitlet, har samanhengen mellom språk og identitet stått sentralt i mykje av den seinare sosiolingvistiske forskinga. Kreolspråkforskarane Le Page og Tabouret-Keller var tidleg ute med å peika på dette bandet. I verket *Acts of identity* (1985)

hevdar dei at all språkleg åtferd er individuelt motiverte identitetshandlingar. Teoribasisen er henta frå sosialpsykologien og vert formulert slik:

The individual creates for himself the patterns of his linguistic behavior so as to resemble those of the group or groups with which from time to time he wishes to be identified, or so as to be unlike those from whom he wishes to be distinguished (Le Page og Tabouret-Keller 1985: 181).

Det er viktig å påpeika at bandet mellom språk og identitet er sterkare i enkelte grupper enn andre. Trass i at språk og identitet fungerer i interaksjon med einannan, er storleikane truleg relaterte til einannan på ulikt sett, og i ulik styrke, hjå ulike individ i ulike område.

Sosiolingvisten John Edwards (1985) meiner at identiteten i størst grad er knytt til "non-standard varieties". Sosiolingvisten legg vekt på symbolfunksjonen i eit språk, og han meiner det i størst grad er denne sida av språket som identiteten er knytt til. Viss me ser på bokmåselevane, er skriftspråket deira det språket som den store majoriteten i Noreg brukar, og ein seier gjerne at språket deira er *umarkert*. Nynorskelevane sitt hovudmål er derimot skriftspråket til minoriteten i Noreg, og deira skriftspråk er i store delar av landet *markert*. Såleis vil nynorskelevane ofte ha eit meir medvite forhold til språket sitt, og korleis det avspeglar deira identitet, enn det bokmåselevane har. Eller som Hjalmar Eiksund (2015: 46) uttrykkjer det: "Ved å høyre til mindretalet blir ein heile tida gjord merksam på å vere nettopp i mindretal, og på den måten er kimen for ein medviten nynorsk identitet sådd [...]"

Er det slik at alle språkhandlingar me utførar er identitetshandlingar? Hege Myklebust (2015) poengterer at omgrepet *identitetshandlingar* ofte gjev assosiasjonar i retning av at handlingane er medvitne, men ho presiserer at det ikkje alltid er slik. Myklebust meiner at umedvitne språkhandlingar også er identitetshandlingar. Ein opererer gjerne med to ulike innstillingar til språk (Mæhlum 2008: 124) . På den eine sida har ein ei instrumentell innstilling, der ein betraktar språkval som val ut frå rein nytteverdi. På den andre sida har ein ei integrativ innstilling til språkbruk, der ein tenkjer at språkbrukaren gjennom å ta i bruk ein gjeven språkleg kode, ønskjer å signalisera medlemskap til og integrasjon i ei særleg sosial gruppe. Det råkar ikkje tvil om at ein ved ei integrativ innstilling til språkbruk kan rekna språkhandlingar som identitetshandlingar, men kva med den instrumentelle innstillinga? Det vil alltid vera situasjonar der ein tilpassar åtferda si etter "nytteomsyn", men viss desse situasjonsbestemte tilpassingane vert gjentekne, vil denne åtferda også etter kvart bli eit karakteristisk trekk ved individet. Slik vil språkhandlingar som i utgangspunktet var instrumentelle, til slutt bli avgjerande for kven ein er.

Ovanfor har eg peika på kva identitet er, og søkt å visa samanhengen mellom språkhandlingar og identitetshandlingar. Vidare skal eg no gå næmare inn på ein av teoriene om identitetsforming som har vore viktig i mange sosiolingvistiske studiar.

### 3.3.3 Tilpassingsteorien

Den språklege tilpassingsteorien er utvikla av sosialpsykologen Howard Giles og kollegaene hans på 70-talet (jf. Giles og StClair 1979). Hensikta med teorien var eit ønske om å kunna forstå og forklara dei individuelle vekslingane som språkbrukarane ofte gjer. Eit døme på dette er når ein endrar talemålet alt etter kven ein snakkar med, eller skriftspråket alt etter kven ein kommuniserer med.

Den klassiske språklege tilpassingsteorien legg fram to tilpassingsstrategiar:

Menneske i samhandling med andre kan velja anten å *konvergera* eller *divergera*. Konvergens handlar om å nærma seg samtalepartnaren sin måte å snakka på, medan divergens handlar om å auka avstanden mellom seg sjølv og samtalepartnaren.

Røyneland (2005) viser til at fleire forskarar meiner språklege endringar kan forklarast med tilpassingsteorien. Ifølgje tilpassingsteorien kan kortsiktig tilpassing få konsekvensar for språkbruken i eit langsiktig perspektiv. Som Giles og Coupland (1991: 74) uttrykkjer det: "[...] the mechanics of everyday interpersonal convergence in important social networks provides a breeding ground for longer-term shifts in individual as well as group-level language".

Gjennom kortvarige tilpassingar dannar ein grunnlaget for ei permanent tilpassing, som igjen kan føra til språkendringar.

Dersom det er eit nært samband mellom språk og identitet, vil valet om å skifta skriftspråk eller halda på nynorsk som hovudmål vera eit identitetsval. Tilpassingsteorien kan vera gunstig å operasjonalisera i undersøkinga av hovudmålsvala til informantgruppa mi. Brukar dei konsekvent hovudmålet sitt? Eller tilpassar dei skriftspråket, alt etter kven dei kommuniserer med? Ein nynorskbrukar som konvergerer i møte med ein bokmålsbrukar, vil nytta bokmål i kommunikasjonen for å nærma seg kommunikasjonspartnaren. Dersom han divergerer, kan han til dømes bruka meir konservativ nynorsk for å signalisera at han ikkje identifiserer seg med kommunikasjonspartnaren, eller for å syna gruppetilhøyrse til nynorskbrukarane.



### 3.4 Haldningar til språk

Kva sosiale og kulturelle verdiar representerer bokmål og nynorsk for informantane? I dette underkapittelet vil eg gå nærare inn på haldningar til språk, først generelt og vidare meir spesifikt på skriftspråka i Noreg. Innleiingsvis vil eg gje ein kort presentasjon av ulike grunnsyn på kva haldningar er, og korleis dei er strukturerte.

#### 3.4.1 Kva er ei haldning?

Haldning er eit kjerneomgrep innanfor sosialpsykologien og vert nytta som ei nemning på ein beredskap til å reagere positivt eller negativt overfor gjevne sosiale objekt. Omgrepet kan nyttast om relasjonar menneske står i til andre menneske, til fenomen eller omstende i samfunnet.

Det finst ulike tilnæringsmåtar til haldningsomgrepet. Ut ifrå ein behavioristisk ståstad kan ein setja likskapsteikn mellom haldningar og handlingar. Å studera haldningar vert såleis å studera åtferda til menneske (Venås 1991: 242). Etter eit mentalistisk syn er haldning meir enn åtferd. Haldningar kan koma til uttrykk gjennom handlingane våre, men dei kan også vera skjulte i tankane og kjenslene våre. Garrett (2010) peikar på personlege røynsler og miljøet ein er ein del av, som to viktige opphavskjelder til haldningar.

Med eit mentalistisk haldningssyn som utgangspunkt, er det fleire som hevdar at den komplekse strukturen som ei haldning utgjer, består av tre komponentar: ein kognitiv, ein affektiv og ein konativ komponent. Den kognitive komponenten har å gjera med tankar og oppfatningar, den affektive komponenten går på kjensler retta mot haldningsobjektet, og den konative komponenten handlar om å vera førebudd til ei handling (Garrett 2010: 23). Om me såleis skal sjå på ein elev sine haldningar til nynorsk, vil den kognitive komponenten gå på kor vidt eleven meiner at å læra nynorsk vil gje han djupare innsikt i den norske kulturen eller ikkje, og om det har ein sosial symbolverdi. Den affektive komponenten handlar om eleven synest nynorsk er eit fint språk eller ikkje, og kor sterke desse kjenslene overfor nynorsk er. Den konative komponenten handlar om han faktisk går inn for å læra nynorsk eller ikkje. Sidan 1960-talet har fleirtalet av haldningsundersøkingane teke utgangspunkt i denne modellen.

Svært ofte vert haldningar overtekne relativt ureflektert frå dei me har valt å identifisera oss sjølve med, og fordi dei inngår i særlege sosiale samanhengar, er dei ofte svært

motstandsdyktige mot endring. Trass i at ein av dei tre komponentane kan endra seg, kan dei to andre komponentane halda haldninga ved like. Nært kytt til haldningsomgrepet finn me termen *stereotypi*. Dette er ei nemning for den typen oppfatning og forventning som ein har til åtferda og personlegdomen hjå ei særleg gruppe menneske. Desse oppfatningane kjem på grunnlag av personane sitt kjønn, deira etnisitet og ofte på grunnlag av språket deira (Mæhlum 2008: 94). Eit døme kan vera nynorskbrukarar, som opp gjennom tida er blitt oppfatta som bondske, og at nynorsk difor er blitt rekna som eit gamaldags språk (Mæhlum 2007: 196). Dette er eit døme på ei særleg *språkhaldning* eller haldning til språkbrukaren.

### 3.4.2 Kva er ei språkhaldning?

Peter Trudgill definerer språkhaldningar som:

The attitudes which people have towards different **languages, dialects, accents** and their speakers. Such attitudes may range from very favourable to very unfavourable, and may be manifested in subjective judgements about the 'correctness', worth and aesthetic qualities of varieties, as well as about the personal qualities of the speakers (Trudgill 2003: 73).

Språkhaldningar dreier seg om haldningar til heile varietetar eller språkarter. Det kan også gjelda skriftspråk og stillag, eller visse versjonar av skriftmål. Venås (1991) peikar på at det er særleg i fleirspråklege samfunn at haldningar til einskilte språk vert sterke og kan spela ei viktig rolle i samfunnslivet. Språkhaldningar er på mange måtar kjernen i forklaringa på språkleg åtferd, for det er med utgangspunkt i nettopp språkhaldningane at me handlar og reagerer språkleg. Det er likevel viktig å påpeika at haldningar knytt til språk, oftast ikkje har grunnlag i språket sjølv, men gjerne vert overført på språket frå noko anna. Språkhaldningar er meir enn noko anna ein refleks av særlege sosiale og kulturelle strukturar i samfunnet (Mæhlum 2008: 96).

Omdal (1995) poengterer at språkhaldningar kan vera relevante for å forklara lingvistiske endringar og språkskifte. Ifølgje Garrett (2010) er haldningar ein psykologisk konstruksjon, og det er difor vanskeleg å observera dei direkte. Dette gjeld også språkhaldningar, som er vanskelege å måla og samanlikna. Men som allereie nemnt, kan dei vera relevante for å forklara lingvistiske endringar og språkskifte. Difor er det blitt utvikla fleire teknikkar for å måla denne typen handlingar. Omdal (1995) sorterer desse teknikkane inn i tre hovudgrupper: *innhaldsanalyse* av korleis ulike språkvarietetar vert behandla i det offentlege rom, *direkte måling* gjennom intervju eller spørjegransking, og *indirekte måling* (eller *matched guise-teknikken* som han ofte vert kalla), der informantane sjølv ikkje er medviten om at det er haldningane hans som vert studerte. Truleg er det den siste metoden, indirekte måling som er mest utbreidd i dag. Gjennom *matched guise-teknikken* kan ein person til dømes bli beden om

å vurdera personen han høyrer snakkar, når føremålet med testen eigentleg er å få reaksjonar på måten han snakkar på.

Det er verdt å nemna at dei umedvitne språkhaldningane har blitt undersøkt i Øygarden på Sotra. Ragnhild Lie Anderson og Edit Bugge (2015) har ved hjelp av ein språkleg masketest studert korleis det regionale og det rurale talemålet vert vurdert i regionssentra Stavanger, Molde og Bergen, og tre rurale område rundt: Hå, Misund og Øygarden. Totalt fekk informantane høyra 15 stemmer fordelt på fem ulike varietetar: høg og låg av talemålet i regionssentra, ei ung og ei gamal utgåve av det rurale talemålet, i tillegg til ein austnorsk-varietet. Dei vart bedne om å evaluera personane dei høyrde snakka ut ifrå åtte ulike personlegdomstrekk på ein sju-punktsskala frå ”absolutt ikkje” til ”svært godt”. Det som er interessant i samband med mitt prosjekt, er å registrera at både i Øygarden og i Bergen kjem strilemålet dårlegast ut, medan dei rurale dialektane toppar statistikken i Stavanger og Hå. Såleis kan det verka som at informantane både i Øygarden og Bergen har ei umedviten dårleg haldning til strilemålet.

### **3.4.3 Haldningskomponentar i denne undersøkinga**

Fleire har stilt seg kritiske til haldningsmåling gjennom direkte utspørjing. I ei spørjegransking kan ein til dømes aldri vita om informantane svarer ut ifrå kva dei verkeleg meiner, eller ut ifrå kva dei trur er forventta av dei. Eg har likevel valt å måla haldningane til informantane mine gjennom direkte måling i ei spørjegransking. Ein analyse av haldningane til elevane kunne truleg vore ei masteroppgåve i seg sjølv, så i denne oppgåva rører eg berre toppen av haldningsisfjellet. Eg meiner likevel at vurderingane til informantane er ein viktig komponent for å forstå kvifor dei har valt hovudmål slik som dei har gjort.

I kapittel 3.4.1 peikte eg på trekomponentmodellen, som innanfor eit mentalistisk grunnsyn har prega haldningsdefinisjonane dei siste 50 åra. Denne trekomponentmodellen kan seiast å vera ei multidimensjonal tilnærming til haldningar (Johansen 2005: 68). Men innanfor ein mentalistisk tankegang eksisterer det også ei alternativ tilnærming til haldningar, og denne er unidimensjonal og fokuserer i all hovudsak på den affektive, vurderande komponenten av ei haldning. Ta til dømes Fishbein (1965: 107) som definerer haldningar som: ”Attitudes are learned predispositions to respond to an object or class of objects in a favorable or unfavorable way”. Med denne definisjonen vert haldningsomgrepet innskrenka til å omfatta den affektive komponenten.

Det er truleg meir enn kjensler som spelar inn i haldningar, og Fishbein (ibid.) si fokusering vert fort for einseitig. Likevel er det den affektive komponenten eg har valt å fokusera på ved språkhaldningsaspektet i denne oppgåva. I spørjegranskinga mi skulle informantane ta stilling til kor godt dei likar bokmål, nynorsk, dialekt og engelsk. Vidare skulle dei ta stilling til påstandane ”Nynorsk er eit gamaldags språk” og ”Bokmål er eit moderne språk”. Desse meiningane kan vera uttrykk for haldningane deira, og då særleg den affektive, kjenslemessige eller vurderande komponenten av haldningane. Det er interessant å sjå om kjenslene til dei ulike skriftspråka varierer frå informantgruppe til informantgruppe. Viss det er slik at språkhaldningar lett vert nedarva, kan resultata seia noko om lokalsamfunna eg har undersøkt.

### **3.5 Oppsummering**

I dette kapitlet har eg søkt å skissera opp det teoretiske rammeverket for undersøkinga mi, både på eit overordna makro- og eit individuelt mikronivå. På makronivå har eg sett på kva som skjer når språk møtest. På eit mikronivå har det handla om teoriar kring sambandet mellom språk og identitet, og språkhaldningar. Me skal no bevega oss inn på den metodiske tilnærminga for undersøkinga mi.

## **Kapittel 4: Metode og feltarbeid**

I dette kapitlet vil eg koma næmare inn på kva metodar eg har nytta i undersøkinga mi og grunnleggje desse opp mot problemstillinga. Innleiingsvis vil eg peika på skiljet mellom kvantitative og kvalitative metodar og argumentera for dei overordna metodevala mine, før eg går spesifikt inn på utarbeidinga av spørjeskjemaet. Vidare vil eg gjera greie for informantutvalet mitt og korleis eg har gjennomført feltarbeidet. Avslutningsvis vil eg koma inn på kva analyseteknikkar eg har valt å nytta i arbeidet, diskutera datakvaliteten og peika på dei etiske retningslinene til prosjektet mitt.

### **4.1 Kvantitativ og kvalitativ metode**

Innanfor metodefaget skil ein gjerne mellom kvalitative og kvantitative metodar. Men som sosiologiprofessor Sigmund Grønmo (2004) presiserer, er ikkje distinksjonen mellom kvalitative og kvantitative studiar rein dikotomi. Eit kvantitativt forskingsopplegg vil kunna ha kvalitative innslag og motsett. Det er først og fremst problemstillinga som avgjer kva datatype som er mest fruktbar ved eit undersøkingssopplegg.

Hovudskilnaden mellom kvalitativ og kvantitativ metode er graden av fleksibilitet. Ei kvantitativ undersøking er strengt strukturert, og alle einingar skal i prinsippet behandlast likt, medan ein under kvalitative undersøkingar gjerne kan tilpassa undersøkinga undervegs i forskinga (Johannessen, Tufte og Kristoffersen 2004 : 312).

Ein annan skilnad mellom dei to metodiske tilnærmingane er forma på datamaterialet. Kvantitative metodar gjev data i form av tal som kan målast statistisk. Kvalitative metodar gjev på si side vanlegvis data i form av tekst. Begge formene for metode har sine ulemper. Ved kvantitative undersøkingar kan ein undervegs i innsamlinga finna ut at enkelte spørsmål eller kategoriar ikkje fungerer tilfredsstillande, eller at granskinga ikkje fangar opp alle relevante data. Grunna lite fleksibilitet, kan det vera lite rom for å endra noko undervegs. Ved kvalitative undersøkingar kan det henda at opplegget vert endra i for stor grad undervegs, og då risikerer ein å tapa perspektivet som var utgangspunktet for undersøkinga (Grønmo 2004).

Det er ikkje berre på fleksibilitet og form kvantitative og kvalitative metodar skil seg frå kvarandre. Graden av nærleik er også ulik ved kvalitative og kvantitative metodar. Kvalitative undersøkingar er prega av nærleik og sensitivitet, medan kvantitative undersøkingar i større

grad er prega av distanse til kjeldene sine (Grønmo 2004: 204). I mange tilfelle har ikkje forskaren sjølv direkte kontakt med kjeldene i eit kvantitativt forskingsopplegg. Eg ønskte sjølv å vera til stades under utføringa av spørjegranskinga i alle klassane, og eg vil seinare koma tilbake til kvifor eg prioriterte nettopp dette.

Eg har valt å bruka kvantitativ metode i form av eit semistrukturert spørjeskjema i undersøkinga mi.<sup>6</sup> Eg meiner det er mest gunstig å bruka kvantitativ metode, der fleksibiliteten er liten, for å kartleggja språkskiftesituasjonen ved dei tre ulike vidaregåande skulane og samanlikna dei som vel å halda på nynorsk som hovudmål med dei som vel å skifta. Ein typisk kvantitativ metode fokuserer gjerne på mest mogeleg ”objektive”, altså faktiske og identifiserbare, sosiale eigenskapar og er velegna for å få oversikt over språksituasjonen (Akselberg og Mæhlum 2008 : 77). Eg søkjer i dette prosjektet å sjå på kva som påverkar hovudmålsvalet til gruppa med elevar i skulen, og kva som er dei gjennomgåande trekka i val av hovudmål. Kven er elevane som skiftar? Kva kjenneteiknar dei som held på nynorsk som hovudmål? Slik sett vil det vera gunstig med ei spørjeundersøking for å nå ut til flest mogeleg informantar innanfor tidsrommet eg har til disposisjon.

Det er flytande overgangar mellom dei kvantitative og kvalitative tilnærmingane i prosjektet mitt. Undersøkinga mi kan ikkje kategoriserast som konsekvent kvantitativ. Medan kvantitative metodar er gunstige for å få oversikt over språksituasjonen, kan kunnskapen som kjem fram ved ein kvalitativ studie, bidra til å synleggjera kva mekanismar som kan vera avgjerande for enkeltindivid si språklege åtferd (Akselberg og Mæhlum 2008 :78). Gjennom fleire opne spørsmål ønskjer eg å koma meir i djupna av kva som er avgjerande for enkeltindividida sitt hovudmålsval. Med dei opne spørsmåla står respondentane sjølv fritt til å svara på spørsmåla med eigne ord, og dei kan koma med meir utfyllande svar og leggja til detaljar som ikkje dei lukka spørsmåla opnar for. Desse kjem eg til ein viss grad til å analysera kvalitativt. Eg vil no koma inn på den konkrete måten eg har gått fram på for å samla inn datamaterialet.

## **4.2 Spørjegranskinga**

Den vanlegaste måten å samla inn kvantitative data på er gjennom ei spørjegransking. Johannessen, Tufte og Kristoffersen (2004) peikar på fleire føremoner ved eit prekoda

---

<sup>6</sup> Sjå vedlegg 1 og 2 for spørjegranskingane.

spørjeskjema med gitte svaralternativ. Mellom anna er det konstruktivt å bruka til standardisering, for gjennom eit prekoda skjema kan ein studera likskap og variasjon på korleis respondentane svarer. Vidare er spørjeskjemaet gunstig for å undersøka utbreiinga av eit fenomen, som i undersøkinga mi der eg vil kartleggja i kor stor grad hovudmålsskifte eksisterer ved dei tre vidaregåande skulane. Ei anna føremon ved spørjegranskinga er, som eg var inne på, at ein kan få samla inn data frå mange respondentar på kort tid. Ved bruk av statistiske analysar kan ein undersøka samanhengar mellom ulike fenomen. Er det til dømes fleire jenter enn gutar som skiftar hovudmål? Og er det ein samanheng mellom skuleskifte og språkskifte?

Til forskjell frå reint kvalitative metodar, er bruken av spørjeskjema lite fleksibel. Difor er det sjølve utforminga av skjemaet som er det mest utfordrande ved datainnsamlinga.

Spørjeskjemaet kan ikkje endrast undervegs, og difor er det viktig å vita på førehand at spørsmåla vil gje svar på problemstillinga. Å laga eit spørjeskjema består altså i å reflektera over kva opplysingar ein skal spørja om, vurdere korleis fenomen skal operasjonaliserast, og korleis dei skal utformast praktisk.

Eit spørjeskjema kan ha ulik grad av strukturering. Når det har oppgjevne svaralternativ på alle spørsmåla, kallar me det eit prekoda spørjeskjema. Men eit spørjeskjema kan også ha opne spørsmål, der respondenten svarar med egne ord. Når ein kombinerer opne og prekoda spørsmål i eitt og same skjema, kallar me det eit semistrukturert spørjeskjema (Johannessen, Tufte og Kristoffersen 2004: 220). Det er nettopp dette eg har gjort i spørjeskjemaet mitt. Eg har fleire opne spørsmål i spørjegranskinga. Enkelte av desse vil bli delt inn i kategoriar og handsama kvantitativt, medan andre vil bli nytta til å underbyggja tala frå dei kvantitative dataa. Dei opne spørsmåla som vert kategoriserte, vil også til ein viss grad bli brukte i ein hermeneutisk analyse der eg søker å finna fram til intensjonen bak hovudmålsvala til elevane. Å bruka opne spørsmål med oppgjevne svaralternativ gjer det lettare for respondenten å fylla ut skjemaet, og det er også enklare for forskaren å registrera svara når skjema skal kodast i dataprogrammet. Men det gjev ikkje mogelegheit til å fanga opp informasjon utanfor dei oppgjevne svaralternativa. Som Johannessen, Tufte og Kristoffersen (2004 : 220) påpeikar, er opne spørsmål der respondentane svarar med egne ord, særleg gunstige å bruka når ein skal undersøka eit lite kjent fenomen.

I arbeidet med å utforma spørjeskjemaet var eg i kontakt med Karen Marie Kvåle Garthus og fekk tilgang til spørjeskjemaet *Målstreken* nytta ved undersøkinga av språkskifte i Valdres og Sogn og Fjordane. Dei prekoda spørsmåla i spørjeskjemaet mitt er i stor grad henta frå spørjeskjemaet som vart nytta i samband med studiane i Valdres og Sogn og Fjordane. Ein føremon med å bruka andre sine spørjeskjema er at ein då lettare kan samanlikna resultat med andre undersøkingar, men då er det viktig at spørsmåla vert formulert på nøyaktig same måte. Eg meiner det er fruktbart å kunna samanlikna Valdres og Sogn og Fjordane-undersøkinga med prosjektet mitt, særleg sidan begge undersøkingane ser nærare på og samanliknar eit randsoneområde og eit kjerneområde for nynorsken.

Sidan spørjeskjemaet er avgjerande for ei vellukka utspørjing, og sidan det ikkje kan endrast etter at datasamlinga er i gang, gjorde eg ei pretesting før den eigentlege utspørjinga starta. Eg tok kontakt med den vidaregåande skulen på heimstaden min og fekk gjennomføra spørjegranskinga i ein tredjeklasse ved skulen. Johannessen, Kristoffersen og Tufte (2004) understrekar at dersom det er mogeleg, bør informantane ha same eigenskapar som informantane som skal fylla ut spørjeskjemaet. Gjennom prestudien fekk eg innsikt i kva omgrep og formuleringar som var mest hensiktsmessige å bruka. Eg innsåg også at eg måtte leggja til fleire opne spørsmål for å få best mogeleg innsikt i kva som påverkar hovudmålsvalet til elevane. Ei feilkjelde i denne samanheng kan vera at eg ikkje fekk testa dei opne spørsmåla på testinformantane mine, men som eg skal koma attende til seinare, brukte eg god tid til å informera informantane mine om eventuelle uklåre moment då eg gjennomførte undersøkinga i dei ulike klassane.

Ovanfor har eg peika på og argumentert for kvifor eg har valt å nytta spørjeskjema for å samla inn datamaterialet mitt. Eg vurderte lenge å kombinera kvantitativ og kvalitativ metode i endå større grad, til dømes ved å gjera djupneintervju med eit utval av informantane mine frå kvar skule i etterkant av spørjegranskinga. Hensikta med det ville vera å få endå djupare innsikt i kva som har påverka hovudmålsvalet til den einskilde. Til slutt bestemte eg meg likevel for berre å bruka spørjeskjema. Det ville fort bli tidsmessig krevjande å gjennomføra ein runde med djupneintervju ved alle tre skulane etter eg hadde samla inn og registrert datamaterialet frå spørjegranskinga. Samtidig meiner eg at eg har fått tilstrekkeleg med informasjon til å kunna svara på problemstillinga mi gjennom spørjegranskinga. Me skal no bevega oss inn på korleis eg har gjort informantutvalet i undersøkinga mi.



### 4.3 Informantutvalet

Fokuset i studien min ligg på skriftmålet til elevar i den vidaregåande skulen som har hatt nynorsk som hovudmål i grunnskulen. Eg ønskjer gjennom undersøkinga å kartlegga språkskiftesituasjonen ved skulane, finna ut kva som påverkar hovudmålsvalet til elevane, og undersøkje kva som kjenneteiknar dei som skiftar hovudmål frå nynorsk til bokmål og dei som vel å halda på nynorsk som hovudmålet sitt. Informantutvalet er gjort ut ifrå denne problemstillinga.

I første omgang valte eg å sjå på Hordaland fylke, sidan dette er eit fylke der nynorsken lenge har stått sterkt i skulen, men der han dei siste åra har tapt terreng til fordel for bokmålet. Og som eg har peikt på i kapittel 1; det er ikkje tidlegare blitt gjort omfattande undersøkingar av språkskiftesituasjonen i dette fylket. Tidsmessig ville det bli for omfattande å sjå på heile Hordaland fylke, og difor gjorde eg nok eit strategisk utval då eg plukka ut eit typisk kjerneområde og eit typisk randsoneområde i form av Voss gymnas og Sotra vgs.<sup>7</sup> I tillegg til desse to ytterpunkta valde eg ut Odda vgs, der tala frå grunnskulen viser at nynorsk og bokmål har levd fredfullt side om side i fleire tiår.

Eg gjorde vidare eit strategisk utval då eg bestemte meg for å fokusera på den vidaregåande skulen. Som Grepstad (2015) og Proba samfunnsanalyse (2014) understrekar, er det gjort lite forskning på språkskiftesituasjonen i den vidaregåande skulen, trass i at det verkar som at det er i overgangen mellom ungdomsskulen og den vidaregåande skulen at språkskifte ofte skjer. Likevel kan det henda at nokon vel å skifta i tredjeklasse, som eit taktisk val for å få betre standpunktteknologiar i norskfaget. For å fanga opp flest moglege språkskifte bestemte eg meg for å sjå nærare på tredjeklassingane ved dei tre vidaregåande skulane.

Det er viktig å presisera at resultatane mine ikkje kan generaliserast til å gjelda hovudmålsvalet til alle elevar i landet, heller ikkje til alle elevar i Hordaland fylke. Men gjennom å sjå på eit kjerneområde, eit randsoneområde og eit område der nynorsken står stabilt side om side med bokmålet i Hordaland fylke, meiner eg at ein ut ifrå resultatane mine kan finna eit mønster som kan vera aktuelt å ta med seg i vidare forskning på språkskiftesituasjonen i både fylket, og i heile landet.

---

<sup>7</sup> Eit strategisk utval vil seia at forskaren på førehand har bestemt seg for kva målgruppe forskinga skal retta seg mot for å samla inn naudsynt data (Johannessen, Tufte og Kristoffersen 2004: 103).

#### 4.4 Utføring av spørjegranskinga

Ved semesterstart hausten 2015 sende eg ut eit informasjonsskriv til rektorane ved dei ulike skulane der eg informerte om prosjektet mitt og spurde om å få tilgang til tredjeklassane ved dei respektive skulane. Eg fekk positiv respons frå alle tre skulane. Ved Voss gymnas gjekk musikklineelevane og toppidrettselevane ut. Samla sett var eg inne i 11 klassar; tre ved Odda vgs, tre ved Voss gymnas og fem ved Sotra vgs.

Eitt av krava eg stilte til skulane, var at eg måtte vera til stades under gjennomføringa av spørjegranskinga. Som Grønmo (2004: 185) presiserer, kan det vera ein fordel at forskaren er til stades for å motivera og informera informantane. Typiske problem ved strukturert utspørjing er fråfall eller upålitelege svar knytt til respondenten sin vilje til å svara. Det kan òg vera eit problem at respondenten ikkje forstår spørsmåla. Før respondentane mine fekk utlevert skjemaet, presenterte eg meg sjølv og forklarte kva prosjektet mitt gjekk ut på. Vidare oppmoda eg elevane til å la vera å svara på spørsmål dei ikkje visste svaret på (som til dømes foreldra si utdanning). På lik line med Grønmo (2004), meiner også eg at ein kan hindra useriøse eller medvitne feilaktige svar ved å informera godt om studien og motivera respondentane. Eg presiserte at undersøkinga var anonym og ikkje hadde noko å seia for karakteren deira. Vidare bad eg dei om å rekka opp ei hand om det var spørsmål som dei ikkje forstod. At eg presiserte dette, er sjølv sagt ingen garanti for at elevane spør om det er noko dei lurar på, men likevel fekk eg klara opp i ein del som var uklart. Måten spørjegranskinga vert utført på, påverkar også motivasjonen til respondentane for å delta.

Johannessen, Tufte og Kristoffersen (2004) understrekar at bortfall av respondentar er ei vanleg feilkjelde ved spørjegranskingar som ein lyt vera merksam på. Ifølgje dei er ein svarprosent på 50 % bra. Ved Odda vgs hadde eg potensielt 69 respondentar, 56 var til stades, og alle ville delta i granskinga. Det gav ein svarprosent på 81,2 %. Ved Voss gymnas var det 76 potensielle respondentar, 67 var til stades og svarte. Det utgjorde ein svarprosent på 88,2 %. Ved Sotra vgs var det 149 potensielle respondentar. I alt 126 var til stades og svarte, og det gav ein svarprosent på 84,6 %.

I undersøkinga mi er det elevar som på eitt eller anna tidspunkt har hatt nynorsk som hovudmål som er aktuelle respondentar. Saman med faglærarane kom eg likevel fram til at det var mest gunstig at heile klassen svarte på undersøkinga, også dei som alltid har hatt

bokmål som hovudmål. Ved Odda vgs var det 20 som fall bort, då desse alltid hadde hatt bokmål som hovudmål, ved Sotra vgs var dei 60, og ved Voss gymnas var det to elevar som fall bort i etterkant. Det vil altså seia at eg står att med totalt 166 respondentar som på eitt eller anna tidspunkt gjennom deira 13 år lange skulegang har hatt nynorsk som hovudmål. Informantane kan grupperast på følgjande måte:

Odda vidaregåande skule	Sotra vidaregåande skule	Voss gymnas
36 informantar	65 informantar	65 informantar
<b>Totalt: 166 informantar</b>		

Tabell 4.1 Talet på aktuelle informantar fordelt på skulane.

Til no har eg gjort greie for utforminga og utføringa av sjølvne spørjegranskinga. Eg vil vidare koma inn på kva analysemetodar eg har brukt i handsaminga av datamaterialet.

## 4.5 Kvantitative analysemetodar

Informantane svarte på undersøkinga på papir, og resultatane vart deretter overført manuelt til statistikkprogrammet SPSS. Dei ulike kvantitative analysane er utført i dette programmet.

Det som kjenneteiknar kvantitative analysemetodar, er at data vert gjort om til tal. Difor vert datamaterialet analysert statistisk. Ein skil gjerne mellom univariate, bivariante og multivariate analysar. Medan univariate analysar tek for seg éin og éin variabel, leitar ein etter samanhengen mellom to variablar i ein bivariat analyse og tre eller fleire variablar i ein multivariat analyse. Ved kvantitative data er det som regel ikkje nok å framstilla variablane kvar for seg. I prosjektet mitt ønskjer eg å sjå på samanhengar mellom fleire variablar. Korleis fordeler hovudmålsvalet seg på kjønn? Er det ein samheng mellom kor foreldra kjem frå, og kva hovudmål elevane vel? Eg har i størst grad brukt bivariante analysar og presenterer resultatane i krysstabellar og figurar. Det er likevel ikkje alle spørsmåla i spørjeskjemaet mitt som kan analyserast ved hjelp av kvantitative metodar.

### 4.5.1 Handsaming av kvalitative data

Eg har ulike tilnærmingar til dei prekoda og opne spørsmåla i spørjeskjemaet mitt. Medan dei prekoda, lukka spørsmåla vert analysert reint kvantitativt, brukar eg ei kvalitativ tilnærming i analysen av svara på dei opne spørsmåla. Kvantitative analysar har som mål å oppnå mest mogeleg representativ oversikt over generelle forhold. Kvalitative analysar på si side har som mål å oppnå ei meir heilskapleg forståing av spesifikke forhold. Det som kjenneteiknar eit kvalitativt datamateriale, er at det består av tekst, det er difor tekstdata som vert analysert, og analysen er prega av større fleksibilitet enn det kvantitative dataanalysar er. Eg vil handsama det kvalitative datamaterialet på ulike måtar.

#### **4.5.2 Koding av kvalitative data**

Elevane som har skifta hovudmål i løpet av skulegangen, vart bedne om å grunngje valet sitt med eigen tekstproduksjon. Avslutningsvis bad eg alle informantane mine om å grunngje hovudmålsvalet sitt. For å få oversikt over argumenta har eg valt å kodifisera og ordna desse svara i ulike kategoriar. Koding er den mest typiske framgangsmåten for å omarbeida og sortera tekstdata med siktemål om å få betre oversikt over materialet. Koding går ut på å finna eitt eller nokre få stikkord som kan skildra og karakterisera eit større utsnitt av teksten. Stikkorda ein kjem fram til, vert kalla kodar (Grønmo 2004: 246). Kodane kan vera deskriptive, fortolkande eller forklarande. Ein deskriptiv kode er ein reint skildrande karakteristikk av det eksplisitte innhaldet i teksten. I ein fortolkande kode integrerer ein forskaren si tolking eller forståing av innhaldet i teksten. Ein forklarande kode uttrykker derimot forskaren si forklaring av forholda som vert omtala i teksten. Ein kan til dømes koma med ein mogleg grunn til det som vert skildra i teksten.

I første omgang var kodinga mi deskriptiv og open. Etter kvart tok eg sikte på å utvikla kategoriar gjennom kodinga, for å gjera ho meir systematisk. For å finna fram til dei ulike kategoriane leita eg etter felles eigenskapar ved dei ulike kodane. Så snart eg hadde identifisert visse fenomen frå datamaterialet, byrja eg å gruppera omgrepa rundt dei ulike fenomenene i kategoriar. Grønmo (2004: 248) definerer ein kategori som ”[...] en samling eller klasse av fenomener med bestemte felles egenskaper”. I den vidare prosessen vart problemstillinga stadig viktigare for kva kategoriar som vart relevante. Både Garthus, Todal og Øzerk (2010), Kleggetveit (2013) og Øvrelid (2014) har brukt kategorisering for å spora opp generelle og typiske mønster i argumentasjonen til elevane. Eg meiner det kan vera fruktbart å bruka same strategi som dei ved analyseringa av argumenta til informantane mine for å danna eit samanlikningsgrunnlag. Etter å ha lese gjennom svara til informantane mine fleire gonger og gjort fleire omgangar med koding, kom eg fram til at det var gunstig for meg å bruka dei same kategoriane som Kleggetveit (2013) har brukt. Desse kategoriane vil eg koma nærare inn på i resultatkapittelet.

#### **4.5.3 Kvalitative data som underbyggjande faktor**

I spørjeundersøkinga skulle informantane også grunngje kvifor dei meiner anten bokmål eller nynorsk dominerer i lokalsamfunnet deira, og vidare skulle dei grunngje kvifor dei trur dei vil bruka anten nynorsk eller bokmål i framtida, uavhengig av kva hovudmål dei har per dags dato. Desse spørsmåla svara dei på med eigen tekstproduksjon, og svara har eg nytta til å eksemplifisera og underbyggja resultatata frå dei kvantitative analysane.

Kvantitative og kvalitative analysar har ulike komparative fortrinn. Mange av dei svake sidene ved ein kvantitativ analyse kan vegast opp med dei kvalitative analysane og motsett (Grønmo 2004: 341). Det kan med andre ord vera gunstig å kombinera kvantitative og kvalitative analysemetodar. Til sjuande og sist er det problemstillinga som avgjer kva analysemetodar som er mest fruktbare. Når eg i same undersøking ønskjer å få kartlagt språkskiftesituasjonen og sjå på påverknadsfaktorar til hovudmålsval, meiner eg det vil vera gunstig å kombinera kvantitative og kvalitative analysemetodar.

#### **4.6 Reliabilitet og validitet i undersøkinga mi**

God datakvalitet er avgjerande for å sikra at ein trekkjer gyldige og pålitelege slutningar. Innan forskning vert reliabilitet og validitet rekna som to grunnleggjande krav for god datakvalitet. Reliabilitet handlar om kor nøyaktige dataa i undersøkinga er, kva data som vert brukt, og korleis dei vert samla inn og omarbeidd (Christoffersen og Johannessen 2012 :23). Validitet på si side handlar om kor relevante dataa er som representasjonar av eit verkeleg fenomen. Det finst fleire former for validitet, mellom anna omgrepsvaliditet, intern validitet og ytre validitet.

Det finst ulike måtar å testa reliabiliteten til data på. Ein av framgangsmåtane er at fleire forskarar undersøkjer same fenomen, og dersom forskarane kjem fram til same resultat, tyder dette på høg reliabilitet. Spørjegranskinga mi byggjer i stor grad på spørjegranskingane til Garthus, Todal og Øzerk (2010), Kleggetveit (2013). Slik sett kan reliabiliteten til undersøkinga mi til ein viss grad målast ut ifrå kor vidt dataa mine samsvarar med deira funn.

Ein kan også stilla spørsmål ved kor vidt ein kan stola på det informantane har svart. Har dei vore ærlege? Har dei kanskje misforstått nokre av spørsmåla? Eg var til stades under heile spørjegranskinga i kvar klasse, og informantane fekk høve til å stilla spørsmål dersom det var noko uklart. Samtidig kan dette vera ei utfordring. Talemålet mitt er stordamål, som er eit nynorsknært talemål, og slik sett kan informantane ha danna seg ei oppfatning av kva svar dei trur eg forventar.

Når det gjeld reliabiliteten til sjølve datamaterialet, kan ein utføra ein såkalla stabilitetstest (Hellevik 2009: 184). Ein stabilitetstest går ut på at ein gjer målingane to gonger på to ulike tidspunkt. Dersom ein oppnår same resultat for dei same fenomen, kan stabiliteten seiast å

vera god. Hausten 2015 talde eg opp og førte inn dataa i statistikkprogrammet SPSS. Vinteren 2015 gjorde eg dette ein gong til. Vidare kontrollerte eg at eg hadde fått dei same resultatata begge gongane, og der det var avvik, måtte eg telja opp på nytt. Til slutt vart den siste kontrollmålinga ståande. Dette er tidkrevjande arbeid, men slik eg ser det, gjev det meir pålitelege data.

Trass i at dataa kan vera pålitelege, er det ikkje sikkert at dei er relevante. Når det gjeld validiteten til prosjektet, må ein spørja seg om ein har nytta dei rette metodane. Eg vurderte lenge å byggja undersøkinga ut med djupneintervju, og dette ser eg på som det kritiske ”validitetspunktet”. VILLE det vore gunstig å gjennomføra djupneintervju med eit strategisk utval av informantane mine i etterkant av spørjegranskinga? Truleg ville eg fått meir informasjon ved å gjera dette. Grunna omfanget til ei masteroppgåve reknar eg likevel dette for å vera for tidkrevjande, og samtidig meiner eg at eg har fått tilstrekkeleg informasjon gjennom dei opne spørsmåla mine.

Ovanfor har eg peika på utfordringar ved gjennomføringa av forskingsopplegget mitt. Det er vanskeleg å måla om informantane svarer ærleg, og det kan alltid oppstå målefeil. Alt i alt meiner eg likevel at datainnsamlinga mi i stor grad er gjennomført nøyaktig, og at metodane eg har brukt er fruktbare for å svara på problemstillingane mine.

#### **4.7 Ethiske retningsliner**

I forskning om og med menneske er det viktig å følgja dei etiske retningslinene. Dersom personopplysingar skal samlast inn og behandlast, må det bli vurdert om desse opplysningane er meldepliktige. I august 2015 melde eg prosjektet mitt inn til Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS (jf. vedlegg 3). Eg fekk skjemaet i retur med beskjed om at prosjektet ikkje var melde- eller konsesjonspliktig. Vedlagt spørjeskjemaet fekk informantane mine eit informasjonsbrev, og der gjorde eg det klart at det var heilt frivillig å delta i spørjegranskinga. Vidare fekk informantane beskjed om at dei ikkje skulle skriva namnet sitt på skjemaet. Trass i at prosjektet ikkje var meldepliktig, har eg likevel valt å bevara spørjeskjemaa på ein sikker stad, som berre eg har hatt tilgang til.

## Kapittel 5: Resultat


I dette kapittelet vil eg presentera resultatata frå spørjegranskinga. Eg vil først og fremst peika på dei kvantitative resultatata, men undervegs kjem eg også til å supplera med kvalitative analysar av spørsmåla som informantane har svart på med eigen tekstproduksjon.

Avslutningsvis vil eg kategorisera informantane sin eigen hovudmålsargumentasjon, og i denne delen vil eg også koma nærare inn på Odda-informantane sine egne tankar om Odda-modellen. Alle svara eg brukar for å illustrera eller eksemplifisera eit poeng i oppgåva, vert siterte slik dei står, og eventuelle skrive- og teiknsetjingsfeil er også tekne med. Hakeparentes nyttar eg for å visa at delar av sitatet er utelate. I det følgjande vil eg sjå på resultatata isolert, og først i neste kapittel drøfter eg resultatata mine opp mot teori og tidlegare forskning.

### 5.1 Korleis er språkskiftesituasjonen ved skulane?

Som eg nemnde i metodekapittelet, har ein del informantar falle bort i denne undersøkinga fordi dei alltid har hatt bokmål som hovudmål. Ved Voss gymnas har to av 67 informantar alltid hatt bokmål som hovudmål, ved Odda vgs dreiar det seg om 20 av 56 informantar, og ved Sotra vgs er det 60 av 125 informantar. Såleis er 97 % av informantane ved Voss gymnas aktuelle, 64 % av informantane ved Odda vgs og 52 % av informantane ved Sotra vgs aktuelle. Ut ifrå dette kan me allereie før eg set i gang med analysen slå fast at informantgruppene er noko ulikt samansette. Ved Voss gymnas er det tydeleg at nynorsk dominerer. Ved Odda vgs og Sotra vgs er situasjonen noko annleis, for her lever nynorskinformantane side om side med bokmålselevar. Med dette i bakhovudet skal me sjå på korleis språkskiftesituasjonen er ved dei tre ulike skulane.


#### 5.1.1 Minimalt språkskifte på Voss og i Odda



Figur 5.1 Språkskiftesituasjonen ved Voss gymnas i absolutte tal.

Ved Voss gymnas har éin elev av dei 65 informantane skifta frå nynorsk til bokmål, seks elevar har skifta frå bokmål til nynorsk, medan 58 av informantane alltid har hatt nynorsk som hovudmål. Det er altså eit språkskifte frå nynorsk til bokmål på under 2 % blant informantane


på Voss.



Figur 5.2 Språkskiftesituasjonen ved Odda vgs i absolutte tal.

Ved Odda vgs har fire av informantane skifta frå nynorsk til bokmål, to av informantane har skifta frå bokmål til nynorsk, medan 30 har halde på nynorsk som hovudmålet sitt gjennom heile skulegangen. Såleis har 11 % av informantgruppa skifta frå nynorsk til bokmål som hovudmål.

### 5.1.2 Drastisk språkskifte ved Sotra vgs



Figur 5.3 Språkskiftesituasjonen ved Sotra vgs i absolutte tal.

Verken ved Odda vgs eller ved Voss gymnas er språkskiftet særleg stort, men tala frå Sotra vgs syner ein heilt annan situasjon. Heile 53 av 65 informantar har skifta hovudmål frå nynorsk til bokmål. Ein står dermed att med 12 elevar som har halde på nynorsk som hovudmålet sitt gjennom heile skulegangen. Ingen av elevane ved skulen har skifta frå bokmål til nynorsk. Såleis har om lag 82 % av dei opphavlege nynorskbrukarane blant Sotra-informantane skifta frå nynorsk til bokmål som hovudmål i løpet av det 13-årige skuleløpet.


Tala i figur 5.1, 5.2 og 5.3 tyder på at språkskiftesituasjonen er minimal ved både Voss gymnas og Odda vgs, medan han eksisterer i stor grad ved Sotra vgs. Men på kva tidspunkt skjer språkskiftet?

### 5.1.3 Språkskifte skjer oftast i ungdomsskulen

Ved Voss gymnas har fem av informantane endra hovudmål i løpet av barneskulen, éin i løpet av ungdomsskulen og éin i løpet av vidaregåande skule. Ved Odda vgs har to av dei seks informantane som har skifta hovudmål, gjort det på barneskulen, to på ungdomsskulen og to på vidaregåande skule. Når det gjeld Sotra vgs, har me rikare tal å studera. Ut ifrå figur 5.4



kan me lesa at storparten av språkskifta ved Sotra vgs skjer på ungdomsskulen. I alt 30 av informantane som har skifta har skifta på ungdomsskulen, fem på barneskulen og 18 informantar på vidaregåande skule. I spørjegranskinga mi vart informantane bedne om å kryssa av på om språkskiftet hadde skjedd i løpet av barneskulen, ungdomsskulen eller den vidaregåande skulen. Om språkskiftet hadde skjedd i overgangen mellom skulane, var ikkje eit svaralternativ. Eg kan såleis ikkje seia noko om språkskiftet har skjedd i overgangen mellom barneskulen og ungdomsskulen, eller i overgangen mellom ungdomsskulen og den vidaregåande skulen.



Figur 5.4 Tidspunkt for språkskifte for informantutvalet ved Sotra vgs (prosent).

## 5.2 Kven er nynorskbrukarane, og kven er språkskiftarane?

I det følgjande vil eg sjå på kva som kjenneteiknar informantane som held på nynorsk som hovudmål, og kva som kjenneteiknar dei som har bytt til bokmål. Kvar kjem dei frå? Kva skriftspråk liknar talemålet deira på? Og kva skriftspråk brukar foreldra deira? Vidare i oppgåva vil eg bruka nemninga ”språkskiftar” om dei som har skifta frå nynorsk til bokmål som hovudmål, og ”nynorskinformant” om dei som har halde på nynorsk som hovudmål. I tabellar og figurar brukar eg nemninga ”nynorsk” om nynorskinformantane, og nemninga ”bokmål” om språkskiftarane.


### 5.2.1 Kvar kjem dei frå?

I alt 77 % av informantane ved Voss gymnas kjem frå Voss kommune, medan dei resterande 23 % fordeler seg nokså likt utover Vaksdal, Modalen, Kvam, Granvin, Ullensvang, Ulvik og Eidfjord kommune, som alle er nynorskkommunar. I informantgruppa ved Odda vgs kjem 75 % frå Odda kommune og 19 % frå Ullensvang, dei resterande informantane kjem frå Jondal og Etne. Både Ullensvang, Jondal og Etne er kommunar med nynorsk som tenestemål. Ved Sotra vgs kjem det store fleirtalet frå Sotra, 60 % av informantane kjem frå Fjell kommune, 25 % frå Sund kommune og 12 % frå Øygarden kommune, medan dei resterande

prosentane kjem frå andre stader. Storparten av informantane ved alle tre skulane kjem altså frå nærområdet til skulen (jf. Vedlegg 4.1).

### 5.2.2 Rekrutteringsskular

Sidan språkskiftet er så stort ved Sotra vgs, er det særleg interessant å sjå på rekrutteringsskulane til skulen i samband med språkskiftesituasjonen.



Figur 5.5 Nynorskinformantar og språkskiftarar ved Sotra vgs fordelt på kva ungdomsskule dei har gått på (absolutte tal, ein av språkskiftarane har ikkje svart).

I alt kjem 17 av informantane som har skifta frå nynorsk til bokmål som hovudmål frå Tranevågen ungdomsskule, vidare kjem 14 av dei frå Sund ungdomsskule og 11 frå Fjell ungdomsskule. Me skal i det følgjande sjå nærare på korleis bokmåls- og nynorskinformantane fordeler seg utover programområda.

### 5.2.3 Programområde

Blant Sotra-informantane går 36 på studiespesialiserande eller studiespesialiserande med formgjeving. Seks av informantane går på idrett og 23 går på påbygg. Tabell 5.1 gjev ei oversikt over kor mange prosent av elevane ved dei ulike programområda som har valt å halda på nynorsk som hovudmål, og kor mange som har skifta til bokmål gjennom den 13-årige skulegangen. Også her har eg valt å halda Voss-informantane og Odda-informantane utanfor, sidan språkskiftet er minimalt i desse informantgruppene.

		Programområde				Total
		Studiespes.	Studiespes. m/ formgjeving	Idrett	Påbygg	
Hovudmål	Bokmål	77,8%	66,7%	83,3%	91,3%	81,5%
	Nynorsk	22,2%	33,3%	16,7%	8,7%	18,5%
Total		100,0%	100,0%	100,0%	100,0%	100,0%


Tabell 5.1 Oversikt over nynorskinformantar og språkskiftarar fordelt på programområda ved Sotra vgs (prosent).

Ut ifrå tabell 5.1 kan me sjå at fleirtalet av informantane ved alle programområda har valt å skifta frå nynorsk til bokmål på eitt eller anna tidspunkt i skuleløpet deira. Språkskiftet er minst blant informantane ved studiespesialiserande med formgjeving, og størst blant

informantane som går påbygg. På påbygg har over 91 % av dei opphavlege nynorskelevane skifta til bokmål i løpet av den 13-årige skulegangen.

#### 5.2.4 Talemål

I eitt av spørsmåla skulle informantane kryssa av på kva skriftspråk dei meiner talemålet deira liknar mest på. I figur 5.7 har eg valt å dela Sotra-informantane inn i nynorskinformantar og språkskiftarar, medan informantane ved Voss gymnas og Odda gymnas er samla.



Figur 5.6 Kva skriftspråk meiner informantane sjølve at talemålet deira liknar på (prosent).

Mellom informantane på Voss er det brei semje om at talemålet deira liknar mest på det nynorske skriftsspråket. Ved Odda vgs meiner halvparten at talemålet deira liknar mest på nynorsk, men det er interessant å registrera at nesten like mange meiner at talemålet deira liknar ei blanding mellom dei to skriftspråka. Berre 6 % meiner talemålet deira liknar mest på bokmål. Ved Sotra vgs er det berre 15 % av språkskiftarane som meiner at talemålet deira ligg nærast nynorsk, 25 % av nynorskinformantane meiner det same. Det er om lag like mange språkskiftarar som meiner at talemålet deira ligg nærast opptil bokmål, som dei som meiner at talemålet deira liknar ei blanding mellom bokmål og nynorsk. Blant nynorskinformantane meiner fleirtalet (58 %) at talemålet deira liknar ei blanding mellom bokmål og nynorsk, medan 17 % meiner det liknar mest på bokmål. Dersom det er eit sterkt band mellom talemål og skriftspråk, kan elevane si eiga oppfatning av kva skriftspråk talemålet deira liknar på, vera med å forklara kvifor så mange skiftar ved Sotra vgs, medan så mange held på nynorsk som hovudmål ved Voss gymnas. Det forklarar likevel ikkje situasjonen i Odda.


Talemålsargumentet vil eg koma attende til i kategoriseringa av argumenta til elevane.

#### 5.2.5 Foreldra sin fødestad

Kan foreldra sin føde- og oppvekststad ha noko å seia for hovudmålsvalet til elevane?


I eit ope spørsmål skulle informantane svara på kor foreldra deira kjem frå. Eg har valt å dela svara inn i kategoriane: 1) Begge foreldre kjem frå heimstaden til informanten 2) Éin kjem frå heimstaden, andre frå annan stad og 3) Begge kjem frå ein annan stad. Grunna den store

tilflyttinga frå Bergen til Sotra dei siste tiåra har eg valt å leggja til tre ekstra kategoriar når det gjeld Sotra-informantane: 4) Begge kjem frå Bergen 5) Éin kjem frå Sotra, andre frå Bergen, 6) Éin kjem frå Bergen, andre frå annan stad.



Figur 5.7 Oversikt over kor foreldra til nynorskinformantane og språkskiftarane ved Voss gymnas kjem frå (prosent).<sup>8</sup>


Storparten av informantane ved Voss gymnas har éin eller begge foreldra frå Voss og området rundt. Det vil seia at storparten av informantane har foreldre som kjem frå nynorskkommunar. Berre 12 % av nynorskinformantane ved Voss gymnas har begge foreldre frå ein annan stad, dette gjeld også for den einaste språkskiftaren ved Voss gymnas.



Figur 5.8 Oversikt over kor foreldra til nynorskinformantane og språkskiftarane ved Odda vgs kjem frå (prosent).

Også storparten av nynorskinformantane ved Odda vgs har éin eller begge foreldra frå Odda-området. Tre av språkskiftarane har éin av foreldra frå ein annan stad, medan éin av dei har begge foreldra frå annan stad. Sidan Odda er ein språknøytral kommune, er det langt frå sikkert at foreldra har nynorsk som hovudmål, sjølv om dei kjem frå Odda. Kva skriftspråk foreldra til informantane brukar i størst grad skal me koma tilbake til under neste punkt.

<sup>8</sup> Eg har valt å framstilla storparten av resultatane mine i prosent, det er difor viktig å påpeika at ved Voss gymnas, der det berre er éin av informantane som har skifta frå nynorsk til bokmål, vil denne informantens svar utgjera 100 % i framstillinga av språkskiftarane ved skulen. Ved Odda vgs, der fire informantar har skifta frå nynorsk til bokmål, vil kvar av språkskiftarane utgjera 25 % i framstillinga.



Figur 5.9 Oversikt over kor foreldra til nynorskinformantane og språkskiftarane ved Sotra vgs kjem frå (prosent).

Som me kan lesa ut ifrå figur 5.9, har fleirtalet av språkskiftarane ved Sotra vgs begge foreldra frå Bergen, og 30 % av dei har éin av foreldra frå Bergen. I alt 53 % av språkskiftarane har altså foreldre med tilknytning til Bergen. Når det gjeld dei 12 nynorskinformantane, har til saman 85 % av dei éin eller begge foreldra frå Sotra, og ingen av nynorskinformantane har begge foreldra frå Bergen. Trass i at Bergen er ein språknøytral kommune, såg me innleiingsvis at det er bokmål som er det dominerande skriftspråket i kommunen. Høgst truleg brukar foreldra frå Bergen i størst grad bokmål når dei skriv i private og formelle situasjonar.

### 5.2.6 Foreldre sitt skriftspråk

Ved Voss gymnas dominerer nynorsk som skriftspråk blant foreldra. Hjø om lag 94 % av informantane brukar éin eller begge foreldra anten mest nynorsk eller både nynorsk og bokmål. Det same gjeld for om lag 89 % av informantane ved Odda vgs. Ved Sotra vgs er situasjonen noko annleis. Medan 75 % av nynorskinformantane hevdar éin eller begge foreldra anten brukar mest nynorsk eller begge skriftspråka, er det berre 43 % av språkskiftarane som hevdar det same. Blant språkskiftarane svarer om lag 57 % at begge foreldra i størst grad brukar bokmål. Blant nynorskinformantane er det berre 25 % som meiner at begge foreldra i størst grad brukar bokmål (jf. Vedlegg 4.2).

### 5.2.7 Kjønnsskilnader?

Då eg kategoriserte resultatane, valde eg å dela svara inn etter kjønn, for å sjå om det eksisterte store skilnader der. Ved Voss gymnas er det berre éin av informantane som har skifta, difor vil ikkje dette vera relevant for denne informantgruppa. Ved Odda vgs og Sotra vgs finn ein ingen store skilnadar mellom kjønna. Blant Odda-informantane har 10 % av gutane og 11 % av jentene skifta. Ved Sotra vgs har 80 % av gutane og 82 % av jentene skifta frå nynorsk til bokmål som hovudmål. Men jentene er i stort fleirtal ved alle dei tre skulane, og framstillinga

vil difor kunna bli noko skeiv og skapa eit falskt inntrykk av hovudmållssituasjonen fordelt på kjønna. Eg har difor valt å sjå vekk ifrå denne kategorien i analysen.

### 5.3 Kor trufaste er informantane mot hovudmålet sitt?

Kan ein setja likskapsteikn mellom hovudmålet og det skriftspråket informantane brukar i størst grad? I det følgjande skal me sjå på kva skriftspråk nynorskinformantane og språkskiftarane brukar i andre fag og utanfor skulesamanheng både i formelle og uformelle situasjonar. I tillegg skal me sjå på kva skriftspråk informantane føretrekkjer å bruka.

#### 5.3.1 Skriftspråk i andre fag

		Kva skriftspråk brukar du i andre fag?			Total
		Mest bokmål	Mest nynorsk	Like mykje bm og nn	
Hovudmål	Bokmål			100,0%	100,0%
	Nynorsk	1,6%	92,2%	6,3%	100,0%

Tabell 5.2 Skriftspråk i andre fag hjå nynorskinformantar og språkskiftarar ved Voss gymnas.

Ut ifrå tabell 5.2 ser det ut til at nynorskinformantane ved Voss gymnas i størst grad brukar nynorsk også i andre fag. Ved Odda vgs er vekslinga større. Om lag 31 % av nynorskbrukarane ved Odda vgs brukar like mykje bokmål som nynorsk i andre fag enn norsk. Om lag 3 % av nynorskinformantane brukar mest bokmål i andre fag.

		Kva skriftspråk brukar du i andre fag?			Total
		Mest bokmål	Mest nynorsk	Like mykje bm og nn	
Hovudmål	Bokmål	50,0%	25,0%	25,0%	100,0%
	Nynorsk	3,1%	65,6%	31,3%	100,0%

Tabell 5.3 Skriftspråk i andre fag hjå nynorskinformantar og språkskiftarar ved Odda vgs.

Ved Sotra vgs (tabell 5.4) er skilnadane endå større. Halvparten av nynorskinformantane brukar mest nynorsk i andre fag, ein tredjedel brukar om lag like mykje bokmål og nynorsk, medan om lag 17 % brukar mest bokmål.

		Kva skriftspråk brukar du i andre fag?			Total
		Mest bokmål	Mest nynorsk	Like mykje bm og nn	
Hovudmål	Bokmål	96,2%		3,8%	100,0%
	Nynorsk	16,7%	50,0%	33,3%	100,0%

Tabell 5.4 Skriftspråk i andre fag hjå nynorskinformantar og språkskiftarar ved Sotra vgs.

Ut ifrå resultatane kan ein konkludera med at nynorskinformantane ved Odda vgs og Sotra vgs er mindre trufaste mot skriftspråket sitt i andre fag, enn kva informantane ved Voss gymnas er. Bokmålsprosenten blant nynorskinformantane i andre fag er størst ved Sotra vgs.

### 5.3.2 Skriftspråk utanfor skulesamanheng

Informantane ved Voss gymnas er rimeleg trufaste mot hovudmålet sitt i andre faglege samanhengar, men korleis er situasjonen når dei skriv lengre tekstar utanfor skulesamanheng? Døme på dette er lengre brev, jobbsøknadar og invitasjonar.

		Kva skriftspråk brukar du i lengre tekstar utanfor skulen?			Total
		Mest bokmål	Mest nynorsk	Like mykje bm og nn	
Hovudmål	Bokmål	100,0%			100,0%
	Nynorsk	4,8%	79,4%	15,9%	100,0%

Tabell 5.5 Skriftspråk i lengre tekstar utanfor skulen for nynorskinformantar og språkskiftarar ved Voss gymnas.

Nynorskprosenten blant nynorskinformantane går noko ned når det gjeld utanomfaglege tekstar. Om lag 79 % brukar framleis mest nynorsk i lengre tekstar utanfor skulen, medan 16 % brukar omtrent like mykje bokmål og nynorsk ved Voss gymnas.

		Kva skriftspråk brukar du i lengre tekstar utanfor skulen?			Total
		Mest bokmål	Mest nynorsk	Like mykje bm og nn	
Hovudmål	Bokmål	75,0%	25,0%		100,0%
	Nynorsk	15,6%	56,3%	28,1%	100,0%

Tabell 5.6 Skriftspråk i lengre tekstar utanfor skulen for nynorskinformantar og språkskiftarar ved Odda vgs.

Ved Odda vgs er det bokmålsprosenten som aukar mest. Om lag 3 % av nynorskinformantane brukte bokmål i andre fag på skulen, men om lag 16 % brukar mest bokmål i lengre tekstar utanfor skulen. Det er altså 13 % fleire som føretrekkjer bokmål utanfor skulen.

		Kva skriftspråk brukar du i lengre tekstar utanfor skulen?			Total
		Mest bokmål	Mest nynorsk	Like mykje bm og nn	
Hovudmål	Bokmål	90,4%	1,9%	7,7%	100,0%
	Nynorsk	33,3%	41,7%	25,0%	100,0%


Tabell 5.7 Skriftspråk i lengre tekstar utanfor skulen for nynorskinformantar og språkskiftarar ved Sotra vgs.

Det same gjeld for nynorskinformantane ved Sotra vgs. Om lag dobbelt så mange skriv mest bokmål utanfor skulen, medan om lag 42 % av nynorskinformantane held på hovudmålet sitt, også i lengre tekstar utanfor skulen.


Ut ifrå tabell 5.5, 5.6 og 5.7 kan me lesa at språkskiftarane er rimeleg trufaste mot skriftspråket sitt. Nynorskinformantane ved alle dei tre skulane har derimot større variasjon i kva målform dei brukar både i skulesamanheng og i lengre tekstar privat. Korleis er situasjonen ved uformelle tekstar, som tekstmeldingar og e-post?

### 5.3.3 Skriftspråk i sms/e-post


I ei rekkje spørsmål skulle elevane svara på kva skriftspråk dei nytta i størst grad i tekstmeldingar og e-post til lærarar, vener og foreldre. Brukar dei mest bokmål, nynorsk eller dialekt? Når det gjeld kommunikasjon med vener og foreldre, er informantane ved alle tre skulane einige, for i denne typen kommunikasjon er det dialekt som dominerer (jf. Vedlegg 4.4 og 4.5). I kommunikasjon med lærarar skil derimot informantgruppene seg.



Figur 5.10 Kva skriftspråk brukar nynorskinformantane og språkskiftarane ved Voss gymnas i sms og e-post til lærarane (prosent).



Figur 5.11 Kva skriftspråk brukar nynorskinformantane og språkskiftarane ved Odda vgs i sms og e-post til lærarane (prosent).



Figur 5.12 Kva skriftspråk brukar nynorskinformantane og språkskiftarane ved Sotra vgs i sms og e-post til lærarane (prosent).

Det er gjerne ikkje overraskande at heile 81 % av bokmålsbrukarane ved Sotra vgs brukar bokmål i sms og e-post til lærarane. Meir oppsiktsvekkande er det at 33 % av nynorskbrukarane gjer det same, det er like mange prosent som dei som vel å skriva til lærarane sine på hovudmålet sitt.

Det ser ut til at informantane i formelle situasjonar byter ut dialekt med nynorsk i tekstmeldingar og e-post til læraren ved Odda vgs og Voss gymnas. Nynorskinformantane




ved Sotra vgs er delt mellom mest bokmål og mest nynorsk. Seinare i resultatkapittelet vil eg peika på kva skriftspråk elevane ved dei ulike skulane meiner at lærarane deira i andre fag brukar. Kanskje eksisterer det ei kopling mellom skriftspråket dei kommuniserer med læraren sin på og det skriftspråket lærarane i størst grad brukar?


## 5.4 Kva målform er informantane mest komfortable med?

I spørjegranskinga skulle informantane svara på fire spørsmål om kva for eit av dei to skriftspråka dei likar best å lesa og skriva, og kva skriftspråk dei synest er enklast å lesa og skriva. Tanken bak desse spørsmåla er å sjå kor komfortable informantane er med sitt eige hovudmål. Som tidlegare forskning har vist, er det argumentet ”Bokmål er lettare” som oftast vert henta fram når elevane skal argumentera for at dei har skifta frå nynorsk til bokmål som hovudmål. Tala viser klart at språkskiftarane er mest komfortable med sitt eige hovudmål, men blant nynorskinformantane er meiningane derimot sprikande. Difor har eg valt berre å ta med nynorskinformantane i framstillingane under.

### 5.4.1 Voss




Figur 5.13 Kva skriftspråk likar nynorskinformantane ved Voss gymnas best å skriva og lesa? (prosent)




Figur 5.14 Kva skriftspråk synest nynorskinformantane ved Voss gymnas er enklast å skriva og lesa? (prosent)

Trass i at 64 av 65 informantar har valt å halda på nynorsk som hovudmål verkar det ikkje som at informantane ved Voss gymnas er særleg komfortable med hovudmålet sitt. Over halvparten føretrekkjer å skriva nynorsk, men berre om lag 28 % synest det er enklast å skriva nynorsk. Om lag 28 % føretrekkjer å lesa nynorsk, og berre 20 % synest det er enklast å lesa på hovudmålet sitt. Over halvparten synest det er enklast å lesa på bokmål.

### 5.4.2 Odda




Figur 5.15 Kva skriftspråk likar nynorskinformantane ved Odda vgs best å skriva og lesa? (prosent)




Figur 5.16 Kva skriftspråk synest nynorskinformantane ved Odda vgs er enklast å skriva og lesa? (prosent)

Blant Odda-informantane ser me same tendens. Dei få språkskiftarane er komfortable med hovudmålet sitt, medan nynorskinformantane er meir splitta. Som blant nynorskinformantane ved Voss gymnas, likar det store fleirtalet (69 %) av informantane frå Odda vgs best å skriva nynorsk, men likevel er det berre 25 % av nynorskinformantane som synest det er enklast å skriva på hovudmålet sitt, og fleirtalet synest det er enklast å skriva bokmål. Det er endå færre av nynorskinformantane ved Odda vgs enn ved Voss gymnas som synest det er enklast å lesa på hovudmålet sitt.

### 5.4.3 Sotra



Figur 5.17 Kva skriftspråk likar nynorskinformantane ved Sotra vgs best å skriva og lesa? (prosent)



Figur 5.18 Kva skriftspråk synest nynorskinformantane ved Sotra vgs er enklast å skriva og lesa? (prosent)

Det er viktig å hugsa på at me har med eit mykje mindre tal å gjera når det gjeld nynorskinformantutvalet ved Sotra vgs, for det er berre 12 av 65 informantar som har halde på nynorsk som hovudmålet sitt. Som ved dei to andre skulane, er språkskiftarane frå Sotra komfortable med hovudmålet sitt. Dei få nynorskinformantane er langt meir delte i meiningane om kva skriftspråk dei er mest komfortable med.

## 5.5 Språkhaldningar

Ovanfor har me sett at nynorskinformantane ved dei tre skulane ikkje er særleg komfortable med å skriva og lesa på hovudmålet sitt. Korleis er haldningane til informantane på Voss, i Odda og på Sotra når det gjeld å skriva bokmål, nynorsk, dialekt og engelsk, og meiner dei at nynorsk er eit utdatert og gamaldags språk? I eit avkryssingsskjema skulle informantane ta stilling til kor godt dei likar å skriva bokmål, nynorsk, dialekt og engelsk. I tabellane under er haldningane til bokmåls- og nynorskinformantane ved alle tre skulane knytt til å skriva bokmål og nynorsk framstilt. Avslutningsvis vil eg også kommentera haldningane deira til å skriva dialekt og engelsk.

### 5.5.1 Positive til bokmål

		Kor godt likar du å skriva bokmål?				Total
		Svært godt	Godt	Ikkje så godt	Vil helst ikkje skriva	
Hovudmål	Bokmål		100,0%			100,0%
	Nynorsk	12,5%	51,6%	21,9%	9,4%	4,7%

Tabell 5.8 Kva synest bokmåls- og nynorskinformantane ved Voss gymnas om å skriva bokmål?

		Kor godt likar du å skriva bokmål?				Total
		Svært godt	Godt	Ikkje så godt	Vil helst ikkje skriva	
Hovudmål	Bokmål	50,0%	50,0%			100,0%
	Nynorsk	18,8%	59,4%	12,5%	6,3%	3,1%

Tabell 5.9 Kva synest bokmåls- og nynorskinformantane ved Odda vgs om å skriva bokmål?

		Kor godt likar du å skriva bokmål?				Total
		Svært godt	Godt	Ikkje så godt	Vil helst ikkje skriva	
Hovudmål	Bokmål	62,3%	35,8%		1,9%	100,0%
	Nynorsk	8,3%	66,7%	16,7%		8,3%

Tabell 5.10 Kva synest språkskiftarane og nynorskinformantane ved Sotra vgs om å skriva bokmål?

Tabell 5.8, 5.9 og 5.10 viser at det store fleirtalet ved alle tre skulane er positive til å skriva bokmål. Fleirtalet er størst blant språkskiftarane ved Sotra vgs. Heile 98 % av informantane ved Sotra vgs som har skifta frå nynorsk til bokmål som hovudmål, likar godt eller svært godt å skriva bokmål. Det er informantane ved Voss gymnas som er mest negative til å skriva bokmål. Totalt 31 % av nynorskinformantane ved Voss gymnas likar ikkje så godt, eller vil helst ikkje skriva bokmål. Det same gjeld for om lag 19 % av nynorskinformantane ved Odda vgs og 17 % av nynorskinformantane ved Sotra vgs. Det store fleirtalet av alle informantgruppene stiller seg positive til å skriva bokmål. Det er likevel viktig å påpeika at det er fleire språkskiftarar ved Sotra vgs, enn ved dei to andre skulane, som likar ”svært godt” å skriva bokmål. Det er altså i realiteten meir enn dei om lag 30 % som skil dei tre utvala i gleda over å skriva bokmål. Når det gjeld kor godt informantane likar å skriva nynorsk, er situasjonen motsett.

### 5.5.2 Mindre positive til nynorsk

		Kor godt likar du å skriva nynorsk?				Total
		Svært godt	Godt	Ikkje så godt	Vil helst ikkje skriva	
Hovudmål	Bokmål		100,0%			100,0%
	Nynorsk	17,2%	57,8%	23,4%	1,6%	100,0%

Tabell 5.11 Kva synest bokmåls- og nynorskinformantane ved Voss gymnas om å skriva nynorsk?

		Kor godt likar du å skriva nynorsk?				Total
		Svært godt	Godt	Ikkje så godt	Vil helst ikkje skriva	
Hovudmål	Bokmål		50,0%	50,0%		100,0%
	Nynorsk	25,0%	59,4%	12,5%	3,1%	100,0%

Tabell 5.12 Kva synest bokmåls- og nynorskinformantane ved Odda vgs om å skriva nynorsk?

		Kor godt likar du å skriva nynorsk?				Total
		Svært godt	Godt	Ikkje så godt	Vil helst ikkje skriva	
Hovudmål	Bokmål	1,9%	28,3%	45,3%	24,5%	100,0%
	Nynorsk	33,3%	41,7%	16,7%		8,3%

Tabell 5.13 Kva synest bokmåls- og nynorskinformantane ved Sotra vgs om å skriva nynorsk?

Det store fleirtalet av nynorskinformantane ved alle tre skulane er positive til å skriva nynorsk. Det er likevel oppsiktsvekkande at nynorskinformantane ved Odda vgs (om lag 84 %) er meir positive til å skriva nynorsk enn det informantane frå Voss gymnas er, då nynorskprosenten er klart høgast ved Voss gymnas. Vidare er det interessant å sjå at medan det prosentvis var fleire språskiftarar ved Sotra vgs som likte ”svært godt” enn ”godt” å skriva bokmål, verkar det ikkje som at nynorskinformantane er like begeistra over hovudmålet sitt. Storparten av nynorskinformantane likar berre ”godt” å skriva nynorsk.

Kanskje ikkje overraskande er det språskiftarane ved Sotra vgs som stiller seg mest negative til å skriva nynorsk. Om lag 25 % av informantane vil helst ikkje skriva nynorsk, og berre om lag 30 % likar godt eller svært godt å skriva nynorsk, om lag 28 % av dei har kryssa av på godt.

### 5.5.3 Glade i å skriva dialekt og engelsk

I det same avkryssingsskjemaet skulle informantane ta stilling til kor godt dei likar å skriva dialekt og engelsk. Informantane er jamt over meir positive til å skriva på dialekt og engelsk, enn på bokmål og nynorsk (jf. Vedlegg 4.7 og 4.8). Medan storparten av informantane kryssa av på ”godt”, når det kom til dei to norske skriftspråka, har fleirtalet av informantane som er positive til dialekt og engelsk, kryssa av på ”svært godt”. Det er nynorskinformantane ved Odda vgs som er mest positive til å skriva dialekt (om lag 81 %), og nynorskinformantane ved Sotra vgs som stiller seg mest positive til engelsk (om lag 83 %).

### 5.5.4 Nynorsk, eit gamaldags språk?

I eit anna avkryssingsskjema i granskinga skulle informantane ta stilling til åtte ulike påstandar, og mellom desse var påstanden: ”Nynorsk er eit gamaldags språk”. I tabellane under er informantane ved alle tre skulane sine meiningar om dette presentert.

		”Nynorsk er eit gamaldags språk”					Total
		Heilt einig	Delvis einig	Verken einig eller ueinig	Delvis ueinig	Heilt ueinig	
Hovudmål	Bokmål				100,0%		100,0%
	Nynorsk	4,7%	21,9%	28,1%	15,6%	29,7%	100,0%

Tabell 5.14 Kva meiner bokmåls- og nynorskinformantane ved Voss gymnas om utsegna: ”Nynorsk er eit gamaldags språk”?

Som tabell 5.14 syner, meiner 26 % av nynorskinformantane i det nynorske kjerneområdet at nynorsk er eit gamaldags språk. Totalt er om lag 46 % delvis ueinig eller heilt ueinig i denne påstanden. I språkdelte Odda er situasjonen noko annleis.

		"Nynorsk er eit gamaldags språk"					Total
		Heilt einig	Delvis einig	Verken einig eller ueinig	Delvis ueinig	Heilt ueinig	
Hovudmål	Bokmål		25,0%	25,0%		50,0%	100,0%
	Nynorsk	3,2%	32,3%	41,9%	12,9%	9,7%	100,0%

Tabell 5.15 Kva meiner bokmåls- og nynorskinformantane ved Odda vgs om utsegna: "Nynorsk er eit gamaldags språk"?

Totalt er om lag 35 % av nynorskinformantane ved Odda vgs heilt einige eller delvis einige i at nynorsk er eit gamaldags språk. Storparten av desse er delvis einige. Heile 42 % av nynorskinformantane ønskjer derimot ikkje å ta stilling til påstaden, medan om lag 23 % er delvis ueinige eller heilt ueinige i utsegna.

		"Nynorsk er eit gamaldags språk"					Total
		Heilt einig	Delvis einig	Verken einig eller ueinig	Delvis ueinig	Heilt ueinig	
Hovudmål	Bokmål	17,3%	28,8%	38,5%	5,8%	9,6%	100,0%
	Nynorsk	16,7%	8,3%	50,0%	8,3%	16,7%	100,0%

Tabell 5.16 Kva meiner bokmåls- og nynorskinformantane ved Sotra vgs om utsegna: "Nynorsk er eit gamaldags språk"?

Tabell 5.14, 5.15 og 5.16 syner at det i størst grad er språkskiftarane med ved Sotra vgs som meiner at nynorsk er eit gamaldags språk, for heile 46 % av dei seier seg einige eller delvis einige i denne utsegna. Det er nynorskinformantane ved same skule som seier seg minst einige i denne utsegna. Likevel er det verdt å merka seg at ein stor del av informantane på alle tre skulane seier seg verken einige eller ueinige i at nynorsk er eit gamaldags språk.

I same avkryssingsskjema vart informantane også bedne om å ta stilling til utsegna "Bokmål er eit moderne språk" (jf. Vedlegg 4.9). Totalt er 18 % av nynorskinformantane ved Voss samde i denne utsegna, og det same gjeld for 35 % av nynorskinformantane ved Odda vgs. Nynorskinformantane ved Sotra vgs er ikkje særleg einige i at nynorsk er eit gamaldags språk, men 42 % av dei er derimot einige i at bokmål er eit moderne språk. Kanskje ikkje overraskande, meiner også 52 % av språkskiftarane ved Sotra vgs det same.

### 5.5.5 Er nynorsk ein del av kulturen?

Ein annan påstand som informantane skulle ta stilling til var: "Eg meiner at det er rett at me brukar nynorsk på heimstaden min, fordi det er ein del av kulturen vår her" (jf. Vedlegg 4.11). Det er brei semje blant Vossa- og Odda-informantane om at nynorsk er ein del av kulturen på heimstaden deira. I alt 95 % av Vossainformantane er heilt eller delvis einige i utsegna, og det same er 86 % av Odda-informantane og 49 % av nynorskinformantane ved Sotra vgs. Trass i at prosentdelen er lågare blant Sotra-informantane, er eg overraska over at heile 48 % av språkskiftarane ved Sotra vgs meiner at det er rett å bruka nynorsk på Sotra, fordi det er ein

del av kulturen deira. Dei meiner altså at nynorsken høyrer heime på Sotra, men likevel har dei valt å skifta hovudmål til bokmål.

### **5.5.6 Er nynorsk naturleg?**


Informantane skulle også ta stilling til påstanden: ”Det er mest naturleg for meg å bruka nynorsk”. Eg har valt å sjå vekk frå svara til dei som har skifta til bokmål under dette spørsmålet, då det i skiftet deira ligg implisitt at dei gjerne ikkje synest det er naturleg å skriva nynorsk. Resultata syner at det er langt meir naturleg for informantane ved Voss gymnas og Odda vgs å skriva nynorsk, enn det er for nynorskinformantane ved Sotra vgs (jf. Vedlegg 4.10). Totalt synest 67 % av nynorskinformantane ved Sotra vgs at nynorsk er heilt eller delvis naturleg for dei. Det er likevel berre éin av nynorskinformantane ved Sotra vgs som er heilt ueinig i påstanden. Storparten av Sotra-informantane er delvis einige i påstanden. Resultata syner at det ikkje er samsvar mellom kva skriftspråk ein meiner er ein del av kulturen på heimstaden, og kva skriftspråk ein sjølv synest er naturleg å nytta.

## **5.6 Ytre påverknadsfaktorar**

På spørsmål om dei nokon gong har blitt oppmoda om å skifta hovudmål, er det få av informantane som svarar ja (jf. vedlegg 4.3). Ved Voss gymnas er det om lag 8 % og ved Odda vgs om lag 9 % av informantane. Ved Sotra vgs er det om lag 13 % av språkskiftarane og 8 % av nynorskinformantane som har kjent seg oppmoda til å skifta hovudmål. Dei som på noko tidspunkt hadde kjent seg oppmoda, vart bedne om å skriva kven som hadde stått bak oppmodinga. Blant informantane ved Sotra vgs vert lærarar nemnt tre gonger, det same gjeld vener og familie. Ved Voss gymnas nemner to av informantane læraren og éin av informantane familie. Ved Odda vgs vert familie nemnt éin gong, vener tre gonger og lærar éin gong. Det er altså få informantar som på noko tidspunkt har kjent seg oppmoda til å endra hovudmål, og det verkar ikkje som at det er nokon innanfor dei ulike gruppene lærarar, familie og vener som har oppmoda meir enn andre. I det følgjande skal me sjå nærare på ulike ytre påverknadsfaktorar som kan spela inn på hovudmålsvalet. Kva skriftspråk brukar lærarane til informantane? Kva skriftspråk dominerer i lokalsamfunnet? Og kor ser informantane for seg at dei vil etablera seg i framtida?

### 5.6.1 Kva skriftspråk brukar lærarane?

I spørjegranskinga skulle elevane svara på kva skriftspråk dei meinte lærarane deira i andre fag enn norsk brukte i størst grad. I figuren under er nynorskinformantane og språkskiftarane ved kvar av skulane samla under eitt.




Figur 5.19 Kva skriftspråk meiner informantane ved Voss gymnas, Odda vgs og Sotra vgs at lærarane deira i andre fag enn norsk brukar (prosent).

Ingen av informantane ved Voss gymnas meiner at lærarane i andre fag i størst grad nyttar bokmål. Her er det nynorsk som dominerer som undervisningsspråk. I Odda er meiningane meir blanda. I alt 61 % meiner at lærarane brukar like mykje bokmål og nynorsk. Ved Sotra vgs meiner over halvparten av informantane at lærarane i størst grad nyttar bokmål i undervisninga, og berre 13 % meiner at lærarane i størst grad nyttar nynorsk. Det ser altså ut som at informantane ved Voss gymnas blir langt meir eksponert for nynorsk i undervisninga, enn det Sotra-informantane og til ei viss grad Odda-informantane blir.

### 5.6.2 Ulik skriftspråksdominans i samfunna

Grepstad (2012a) meiner at språk treng status og brukshøve, og ikkje berre toleranse for å overleva som eit bruksspråk. Eit språk må altså brukast utanfor klasserommet for å overleva. I eitt av spørsmåla skulle informantane svara på kva skriftspråk dei meinte dominerte i lokalsamfunnet deira.



Figur 5.20 Kva skriftspråk meiner informantane ved Voss gymnas, Odda vgs og Sotra vgs at dominerer i lokalsamfunnet deira (prosent).

Storparten av informantane ved Voss gymnas meiner at nynorsk dominerer i lokalsamfunnet deira. I alt 6 % meiner likevel at bokmål dominerer. Ei potensiell feilkjelde her er at



informantane ikkje har fått grep om kva som er meint med *lokalsamfunn*. I eit underspørsmål skulle informantane koma med døme på korleis skriftspråket dominerte, og her var det fleire som peika på tv-program og riksaviser, og slik sett er det i samfunnet Noreg dei meiner bokmål dominerer. Blant dei som har kome med døme, er det to informantar ved Voss gymnas, éin ved Odda vgs og éin ved Sotra vgs som har peika på bokmåldominans i storsamfunnet. Eg meiner likevel at denne feilkjelda er så lita at eg ikkje ser nokon grunn til å ekskludera dette spørsmålet.

Informantane ved Odda vgs er nokså delte i oppfatninga om kva skriftspråk som dominerer, for 47 % meiner nynorsk dominerer, medan 45 % meiner at bokmål og nynorsk er like synlege. Ved Sotra vgs er oppfatninga endå meir blanda, der 47 % meiner nynorsk og bokmål er like synlege, 28 % meiner bokmål dominerer, medan 25 % meiner at nynorsk dominerer.

### ***Informantane sine døme***

I eit underspørsmål skulle informantane koma med døme på korleis anten nynorsk, bokmål eller begge skriftspråka var like synlege i lokalsamfunnet deira. Med lokalsamfunn meiner eg staden der dei bur, lever og går på skule. Slik sett er Sotra eitt lokalsamfunn, Voss eitt og Odda eitt lokalsamfunn. Det er viktig å presisera at informantane også fekk denne forklaringa då spørjegranskinga vart utlevert.

### **Voss: Klar dominans**

I alt 47 av 65 informantar ved Voss gymnas har kome med relevante døme på korleis det eine eller andre skriftspråket dominerer i lokalsamfunnet deira. Heile 44 av informantane som har eksemplifisert dette, meiner at nynorsk dominerer, og tre meiner at skriftspråka er like synlege. Informantane ved Voss gymnas er altså i stor grad samde om at nynorsk dominerer i lokalsamfunnet deira. Særleg lokalavisa *Hordaland* vert det peika på når det gjeld nynorskdominans, for heile 21 av 49 informantar som har kome med døme, nemner lokalavisa. Vidare vert marknadsføring og kommuneadministrasjonen nemnt: ”Mange av bedriftane og arrangementene brukar vossamål i marknadsføringa si, f.eks fårepølse, ekstremsportveko, Voss som merke”, ”Voss er en real nynorsk-kommune hvor all reklame og markedsføring, omtrent alt vi ser, er på nynorsk”. Desse utsegnene illustrerer nynorsken sin dominans i figur 5.20. Det kan verka som at nynorsk er eit umarkert språk på Voss. Det er heilt naturleg for informantane å bruka nynorsk, fordi dei er omringa av dette språket heile tida.

### **Odda: Ingen klar dominans**

Ved Odda vgs har 26 av 36 informantar kome med døme på korleis dei ulike skriftspråka dominerer i lokalsamfunnet deira. Her meiner 12 av desse at nynorsk dominerer, like mange meiner nynorsk og bokmål er like synlege, medan to informantar meiner bokmål dominerer i lokalsamfunnet deira. Dei som meiner nynorsk dominerer, eksemplifiserer dette med å peika på *Hardanger Folkeblad*. Trass i at avisa er språkdelt, er fem av 12 informantar av den oppfatning at nynorsk dominerer i avisa. ”I folkebladet er det mest nynorsk og dialekta har meir preg av nynorsk enn bokmål”, skriv til dømes ein av informantane som meiner nynorsk dominerer i lokalsamfunnet. Seks av informantane framhevar talemålet i argumentasjonen sin for at nynorsk dominerer i lokalsamfunnet. Elles er det fire som peikar på at skulemålet hovudsakleg er nynorsk: ”Nynorsk er dominerande i dialekta og på skulen, difor lærer stort sett alle (med få unntak) å skrive nynorsk hovudsakeleg”, skriv ein av desse informantane.

Like mange informantar har eksemplifisert kvifor dei meiner nynorsk og bokmål er like synlege. Det som kanskje er litt overraskande, er at det er mange av dei same døma som går att hjå desse informantane, som hjå gruppa som meiner nynorsk er mest synleg.

”Dialekta er egentlig mest lik nynorsk, men spesielt ungdommar er blitt mye påvirka fra f.eks Tyssedal og større byar, og blander mye inn bokmålsord. Det blir det vel meir og meir av òg”, skriv ein av informantane. Fem av 12 informantar peikar på at talemålet i Odda verken er dominert av nynorsk eller bokmål: ”Dialekta i Odda er ikkje rein nynorsk eller bokmål. Det er ei blanding. Derfor kjem ikkje nokon av dei meir fram enn andre”.

### **Sotra : Skilje mellom innflyttarar og innfødde**

Talet på informantar ved Sotra vgs som har kome med konkrete døme, er mykje mindre enn ved dei to andre skulane. Totalt har 36 av 65 informantar eksemplifisert kva skriftspråk dei meiner dominerer i lokalsamfunnet deira. I alt 12 av desse meiner nynorsk dominerer, 20 meiner nynorsk og bokmål er like synlege, medan fire meiner bokmål dominerer. Blant dei som meiner at nynorsk dominerer, vert det peika på at lokalavisa *Vestnytt* skriv mest på nynorsk. Som *Hardanger Folkeblad*, skriv *Vestnytt* både på nynorsk og bokmål, men det verkar som at ein del av informantane har eit inntrykk av at det vert skrive mest nynorsk i spaltene. Informantane peikar også på administrasjonsspråket i dei ulike kommunane og undervisningsspråket i grunnskulen.

Det som kanskje er mest interessant ved døma til Sotra-informantane, er at dei som meiner at bokmål og nynorsk er like synlege på Sotra, peikar særleg på skilnaden mellom unge og eldre: ”På Sotra føler jeg det er ganske mye nynorsk, men mest hos de eldre her ute, unge og barn brukar mest bokmål”, poengterer ein av informantane. Hjø fleire vert det også danna eit skilje mellom dei som har vakse opp på Sotra og tilflyttarane. Dette sitatet illustrerer dette godt: ”De eldre er opptatt av nynorsk, samme med de voksne som er vokst opp her ute. Mens barn og tilflyttere er mer opptatt av bokmål”.

### Varierende dominans


Som me har sett ovanfor, peikar fleire av informantane ved Sotra vgs på skilnaden mellom unge og eldre i lokalsamfunnet. Medan dei eldre og innfødde held på nynorsken, har dei yngre i samfunnet konvertert til bokmål. Dette er ikkje situasjonen ved Voss gymnas. Ut ifrå figur 5.20 og døma ovanfor kan ein konkludera med at det er langt breiare semje om kva skriftspråk som dominerer hjå informantane ved Voss gymnas, enn ved dei to andre skulane.

Sitatet under illustrerer godt at Voss vert sett på som eit nynorsksamfunn:

Voss er ei lita bygd der ein er oppvaksen med å snakke nynorsk (med mindre ein har flytta hit) sjølvsakt ser eg at dagens ungdom blir påverka av bokmål f.eks mykje =mye, nokon =noen osv. Men ein kan fortsatt sei ein snakka nynorsk (Nynorskinformant, Voss gymnas).

### 5.6.3 Taktisk byte?

Grepstad (2012b) peikar på at ein stor del av alle språkskifte må reknast som *taktiske*. Det vil seia at ein god del nynorskelevar melder seg opp til hovudmåleseksamen i bokmål for å sikra seg gode karakterar i norskfaget. Blant utsegnene som informantane skulle ta stilling til, var utsegna: ”Det er enklare å få god karakter i sidemål når ein har nynorsk som sidemål”.




Figur 5.21 Kva informantane ved Voss gymnas, Odda vgs og Sotra vgs meiner om påstanden: ”Det er enklare å få god karakter i sidemål når ein har nynorsk som sidemål” (prosent).

Fleirtalet av Voss- og Sotra-informantane ønskjer ikkje ta stilling til påstanden, men det er heller ikkje brei oppslutning i Odda-leiren om at det er enklare å få god karakter i sidemål dersom ein har nynorsk som sidemål. Og som me skal sjå i informantane sin eigen

argumentasjon for hovudmålsval, er det heller ikkje mange som har nemnt betre norskkaraktarar som årsak til hovudmålsbyte.


#### 5.6.4 Kor vil informantane etablera seg?

Kan det vera ein samanheng mellom kor informantane ønskjer å etablera seg og kva hovudmål dei har valt? I eit ope spørsmål skulle informantane oppgje namn på staden der dei kunne tenka seg å etablera seg i framtida. Eg har valt å setja opp kategoriane: 1) Heimstaden deira 2) Storby i Noreg (her høyrer både Bergen, Oslo, Trondheim og Stavanger til) 3) Annan stad i Noreg 4) Utlandet og 5) Veit ikkje.



Figur 5.22 Kor trur nynorskinformantane og språkskiftarane ved Voss gymnas at dei vil etablera seg i framtida? (prosent)


Det er interessant å sjå på tala frå Voss. Heile 48 % av nynorskinformantane ved Voss gymnas ønskjer å bu i ein storby. Trass i at nynorskprosenten er høgast på Voss, er det eit soleklart fleirtal som ønskjer å bu i storbyen, framfor dei som ser føre seg ei framtid på Voss (28 %).



Figur 5.23 Kor trur nynorskinformantane og språkskiftarane ved Odda vgs at dei vil etablera seg i framtida? (prosent)

Ved Odda vgs ønskjer 44 % av nynorskinformantane å etablera seg på noverande heimstad, 40 % av dei som har valt nynorsk som hovudmål, ønskjer å busetja seg i storbyen og det same gjeld for 50 % av språkskiftarane. Også på Sotra trekkjer storparten av informantane, vel å merka dei som har skifta til bokmål, mot storbyen, men tala frå Voss er mykje høgare. På Voss er det 20 % fleire av informantane som ønskjer å bu i ein storby, enn dei som ønskjer å busetja seg på Voss i framtida. Ved Sotra er det 4 % som skil mellom gruppene, 42 % av språkskiftarane ser føre seg ei framtid i storbyen, medan 38 % vil busetja seg på Sotra. Blant

nynorskinformantane er det derimot 55 % som vil busetja seg på Sotra, medan berre 18 % vil bu i storbyen.



Figur 5.24 Kor trur nynorskinformantane og språkskiftarane ved Sotra vgs at dei vil etablera seg i framtida? (prosent)

Eg har valt å utelata Bergen som eigen kategori under spørsmålet om kor informantane ønskjer å etablera seg. Bergen går difor inn under kategorien “Storby i Noreg”. Det er likevel verdt å merka seg at 22 av informantane ved Sotra vgs nemner Bergen som tenkjeleg stad å etablera seg, tre av desse er informantar som har halde på nynorsk som hovudmål, dei resterande 19 har skifta. Om lag 33 % av informantane ved Sotra vgs ser med andre ord for seg ei framtid i nabobyen Bergen.

### 5.6.5 Skriftspråk i framtida

I spørjeundersøkinga skulle informantane svara på kva skriftspråk dei trudde dei kom til å bruka i framtida. Det er viktig å presisera at dette berre er elevane sine forventningar om kva skriftspråk dei kjem til å bruka, og oppfatningane deira kan endra seg. Svare kan likevel vera ein peikepinn på korleis framtida vil sjå ut.

		Kva skriftspråk trur du at du kjem til å bruka i framtida når du skriv privat?			Total
		Mest bokmål	Mest nynorsk	Like mykje bm og nn	
Hovudmål	Bokmål	100,0%			100,0%
	Nynorsk	11,1%	71,4%	17,5%	100,0%

Tabell 5.17 Kva skriftspråk trur nynorskinformantane og språkskiftarane ved Voss gymnas at dei vil bruka i framtida?

		Kva skriftspråk trur du at du kjem til å bruka i framtida når du skriv privat?			Total
		Bokmål	Nynorsk	Like mykje bm og nn	
Hovudmål	Bokmål	75,0%		25,0%	100,0%
	Nynorsk	12,5%	59,4%	28,1%	100,0%

Tabell 5.18 Kva skriftspråk trur nynorskinformantane og språkskiftarane ved Odda vgs at dei vil bruka i framtida?

		Kva skriftspråk trur du at du kjem til å bruka i framtida når du skriv privat?			Total
		Mest bokmål	Mest nynorsk	Like mykje bm og nn	
Hovudmål	Bokmål	92,5%	1,9%	5,7%	100,0%
	Nynorsk	18,2%	45,5%	36,4%	100,0%

Tabell 5.19 Kva skriftspråk trur nynorskinformantane og språkskiftarane ved Sotra vgs at dei vil bruka i framtida?

Ved Voss gymnas trur om lag 71 % av nynorskinformantane at dei kjem til å skriva nynorsk i framtida, ved Odda vgs er det 59 %, og ved Sotra vgs er det 46 % som trur at dei kjem til å vera trufaste mot nynorsken i framtida. Det er såleis ein del av nynorskinformantane som trur dei kjem til å endra skriftspråk i framtida. Nynorsk som framtidsspråk står langt sterkare ved Voss gymnas, enn ved Sotra vgs, men likevel er det 29 % av informantane mine frå det nynorske kjerneområdet som ikkje er sikre på om dei konsekvent vil bruka nynorsk i framtida. Dette kan vera ein indikasjon på at talet på nynorskbrukarar vil minka i neste generasjon.

I eit underspørsmål skulle informantane svara på kvifor dei trudde at dei kom til å bruka enten bokmål, nynorsk eller begge språka like mykje i framtida. Her er det mest interessant å sjå på svara til informantane som har halde på nynorsk som hovudmål, for som tabell 5.17, 5.18 og 5.19 syner, trur språkskiftarane at dei kjem til å vera relativt trufaste mot hovudmålet dei har i dag, også i framtida, medan situasjonen er annleis for nynorskinformantane.

### Voss

I alt 61 av 64 aktuelle informantar ved Voss gymnas har svart på kvifor dei trur dei kjem til å nytta enten mest bokmål eller mest nynorsk i framtida. Totalt trur 46 av desse at dei vil nytta mest nynorsk, 10 trur dei kjem til å bruka begge skriftspråka like mykje, og seks informantar trur dei kjem til å bruka mest bokmål.

Argumentasjonen er mest variert blant informantane som trur dei vil halda på nynorsken. Her er det vaneargumentet som er hyppigast registrert: ”Fordi det er det eg er vokst opp med og da blir nok rart om eg plutselig skulle ha skifta”, skriv ein av informantane. I tillegg til å bruka nynorsk av rein vane, er nærleik til talemålet nemnt fleire gonger. Totalt åtte av informantane peikar på samanhengen mellom nynorsk og talemålet sitt. Klarast kjem det kanskje fram hjå denne informanten: ”Det er så nærme mi dialekt at noko anna hadde blitt kunstig og ikkje ’meg’”.

I sitatet peikar informanten også på identitetsaspektet ved skriftspråkvalet. Identitetsaspektet vert også vektlagt i argumentasjonen til åtte andre informantar som trur dei vil halda fram med nynorsk: ”Nynorsk er også mykje av identiteta mi, så å gje slepp på nynorsk er som å gje slepp på ein arm for meg”, skriv til dømes ein av informantane. I tillegg til vektlegging av vane, talemål og identitet, nemner fleire informantar estetiske årsaker. Ein av desse meiner nynorsk er meir stilfullt, og han vil difor halda på skriftspråket i framtida. Fleire vil også bruka nynorsk i framtida i ei form for protest. ”Eg er ikkje flau over å skriva nynorsk”, skriv ein av dei, medan ein annan vil bruka nynorsk i framtida ”For å vise at eg ikkje er frå byen eller Østlandet. Nynorsk er vakkert og eg vil gjerne halde på det sidan den har ein del å sei for identiteta mi”.

Ti av nynorskinformantane trur at dei vil bruka like mykje nynorsk og bokmål i framtida. Åtte av desse har grunngjeve kvifor. I argumentasjonen deira er det påverknad og tilpassing som går igjen. Totalt seks av åtte informantar peikar på at dei trur dei vil nytta begge skriftspråka like mykje fordi bokmål tek meir og meir over i samfunnet, og fordi folk flest skjønar bokmål betre. Ein av informantane trur han vil bruka begge skriftspråka like mykje i framtida ”Dersom påverking utanifrå fortsett som ho gjer i dag vil eg bruka meir bokmål enn det eg gjer no”. Ein annan trur han vil veksla mellom skriftspråka ”Alt etter kva situasjon det er, kven eg snakker med”. Det er same type argumentasjon som går att hjå dei seks informantane som trur dei vil bruka mest bokmål i framtida. ”Fordi da er enklare og folk skjønne da bedre”, er grunngjevningen til ein av vossainformantane som trur han vil bruka mest bokmål i framtida. ”Fordi eg vil bu på Østlandet. Etter fleire år kan det påvirke korleis eg skriv”, meiner ein annan.

### **Odda**

Alle 32 informantane som har nynorsk som hovudmål ved Odda vgs i dag, har grunngjeve kva skriftspråk dei trur dei kjem til å bruka mest i framtida. Totalt 19 av desse trur dei vil bruka mest nynorsk, ni trur dei vil bruka begge skriftspråka like mykje, og fire av informantane trur dei vil bruka mest bokmål i framtida.

Også ved Odda vgs går vaneargumentet att blant informantane som trur dei vil halda fram med nynorsken. Medan fleire peikar på at nynorsk er ein del av identiteten deira ved Voss gymnas, er det fem informantar som ytrar eit ønskje om å bevare nynorsken som skriftspråk ved Odda vgs. ”Eg vil at nynorsk skal fortsetja, og at den ikkje skal forsvinna meir og meir”,

skriv ein av informantane. Dette kan gjerne bety at nynorsken ikkje er like sjølvsgatt i språknøytrale Odda, som i kjerneområdet Voss, og at språksikringa er viktigare for desse informantane.

Det er to informantar som nemner nærleik til talemålet i argumentasjonen sin.

”Nynorsk liknar mest på måten eg pratar. Difor fell det berre naturleg for meg å halda på nynorsken”, skriv ein av desse. I punkt 5.2.4 såg me at ein stor del av Odda-informantane meinte at talemålet deira liknar ei blanding mellom nynorsk og bokmål. Dette ser me att i argumentasjonen til fire av ni som trur dei vil bruka begge skriftspråka i framtida. ”Eg tror eg kommer til å bruke en blanding fordi det ligg i dialekten min”, skriv ein av informantane. Ein annan trur han vil bruka begge skriftspråka like mykje ”Fordi eg tror at eg aldri kommer til å få ein rein tale/skriftform”.

Blant nynorskinformantane som trur dei vil bruka mest bokmål i framtida, er det nytteverdien i bokmål som vert framheva. Tre av fire peikar på nytteverdien ved å bruka bokmål. Ein av nynorskinformantane skriv til dømes at han vil bruka mest bokmål ”Fordi eg føler at det er det folk brukar mest i Norge og det er det alle forstår”.

### **Sotra**

Som allereie nemnt, er nynorskinformantane i klart mindretal ved Sotra vgs. Difor er grunnlaget for å seia noko om kva tankar informantane har om skriftspråk i framtida mykje mindre. I alt 11 av 12 nynorskinformantar trur at dei vil bruka eitt av dei norske skriftspråka, men den siste har planar om å reisa utanlands og trur ikkje han vil bruka korkje bokmål eller nynorsk.

Fem av nynorskinformantane trur dei vil nytta nynorsk i størst grad i framtida.

Vaneargumentet går att hjå tre av informantane. Éin peikar på at talemålet liknar mest på dialekten, medan den siste informanten peikar på at han vil verna om språket: “[...] det er det eg vil formidla vidare til slekta”. Denne utsegna ytrar eit ønskje om å sikra det nynorske skriftspråket i framtida. Som me skal sjå i kategoriseringa av hovudmålsargumentasjonen, er det ei klar oppfatning blant Sotra-informantane om at nynorsken er på retur i området.

Dei fire nynorskinformantane som trur dei vil bruka begge skriftspråka like mykje i framtida, grunngjev særleg valet med at dei blandar skriftspråka i det daglege når dei skriv: ”Fordi eg



blander dei to ved å f.eks skrive ikkje og melk”, skriv ein av nynorskinformantane. Ein annan peikar på meistringargumentet. Han kjem til å bruka begge skriftspråka like mykje ”Fordi eg vil beholde verdiene til nynorsk, men siden bokmål er lettere kommer eg til å skrive det mest”. To av nynorskinformantane trur at dei vil bruka bokmål i størst grad i framtida. Éin av desse peikar på at talemålet liknar mest på bokmål, den andre trur han vil bruka bokmål ”Fordi folk forstår bokmål betre enn nynorsk”. Her kjem tilpassingsaspektet inn. Det ligg ein nytteverdi i å bruka bokmål for å nå ut til flest mogeleg.

### **Oppsummering**

Som me har sett ovanfor, går vaneargumentet att i nynorskleiren, også når det gjeld kva skriftspråk informantane kjem til å bruka i framtida. Medan identitetsaspektet ved skriftspråket vert framheva hjå informantane frå Voss, er det eit ønske om å bevare språket som går att hjå Odda-informantane som ønskjer å halda fram med nynorsk i framtida.

Blant dei som trur dei kjem til å bruka begge skriftspråka like mykje, eller mest bokmål i framtida, er det tilpassing og påverknad som dominerer argumentasjonen ved alle tre skulane.

Det er verdt å merka seg at også dei som trur dei vil bruka nynorsk i framtida, tek nokre atterhald, særleg ved Voss gymnas. Ein av vossainformantane vil bruka mest nynorsk ”For eg likar best nynorsk, men kan vera eg vert påverka av andre når eg kjem til ein stad, men eg veit ikkje kor eg skal eller vil”. Ein annan vossainformant vil nytta nynorsk i framtida ”For eg vil gjerne ta vare på skriftspråket eg vaks opp med, sjølv om det hadde vore mykje lettere å skifte til bokmål”.

Så langt har me i størst grad sett på dei kvantitative resultatane frå spørjegranskinga mi. Me skal no bevege oss inn på informantane sin eigen hovudmålsargumentasjon. I det følgjande er det dei kvalitative resultatane i form av elevane sine egne utsegner som står i fokus.

### **5.7 Hovudmålsargumentasjonen**

Informantane som har skifta hovudmål på eitt eller anna tidspunkt gjennom skuletida, vart bedne om å grunngje kvifor. I eit ope spørsmål avslutningsvis vart både nynorskinformantane og språkskiftarane bedne om å grunngje hovudmålsvalet for dette skuleåret. Etter fleire gjennomlesingar og rundar med koding har eg valt å kategorisera svare deira inn i same fem hovudkategoriar som Kleggetveit (2013) har brukt i arbeidet sitt. Eg brukar dei same kategoriane for nynorskinformantane og språkskiftarane. Desse to informantgruppene har

noko ulikt utgangspunkt for argumentasjonen sin, der den eine gruppa har valt å bevara skriftspråket sitt, medan den andre har gått vekk ifrå det. Frå eit overordna perspektiv ser eg likevel at argumentasjonen deira ikkje er så ulik som ein først skulle trudd, trass i at underkategoriane kan variera noko frå nynorskinformantane og språkskiftarane, i tillegg til at det er skilnadar mellom argumentasjonen ved dei ulike skulane. I det følgjande vil eg først gå gjennom dei fem ulike hovudkategoriane for hovudmålsargumenta, og deretter vil eg gå nærare inn på dei ulike informantgruppene. Først skal me sjå på argumentasjonen til nynorskinformantane ved Voss gymnas, Odda vgs og Sotra vgs. Deretter tek eg for meg språkskiftarane ved dei same skulane. Avslutningsvis vil eg gjera ei kort samanlikning av nynorskinformantane og språkskiftarane.

### **5.7.1 Dei fem hovudkategoriane**

Den første hovudkategorien er *Omgjevnad*. Her har eg plassert underkategoriar som går på vane, skriftspråket i lokalsamfunnet, skriftspråket til familie, vener og klassekameratar og skriftspråket i undervisninga. Det som kjenneteiknar desse underkategoriane, er at det er argument som uttrykkjer lita grad av refleksjon. Kleggetveit (2013) har valt å setja argument som går på skriftspråket i lokalsamfunnet under kategorien *Tilhøyrslø og identitet*. Eg vel å setja ein del av desse argumenta under hovudkategorien *Omgjevnad*, fordi eg meiner fleire av argumenta går på rein vane, og at det ligg lita grad av refleksjon bak valet. Det er skriftspråket som er i informantane sine nære omgjevnader som har avgjort hovudmålsvalet, og ein kan spørja seg om informantane ville ha valt same skriftspråket om ikkje majoriteten i lokalsamfunnet deira brukte same skriftspråk.

Den andre hovudkategorien er *Kompetanse*. Her finn me argumentasjon som går på at informantane meistrar det eine skriftspråket betre, eller at dei ser større nytteverdi ved å bruka det eine skriftspråket framfor det andre på noverande tidspunkt og i framtida.

Den tredje hovudkategorien er *Identitet og tilhøyrslø*. Under denne finn me argument som går på at skriftspråket liknar mest på talemålet til informanten, eller at dei på ein eller annan måte identifiserer seg med skriftspråket.

Fjerde hovudkategori er *Estetikk*. Her har eg plassert argument som går på positive verdidomar til informanten sitt eige hovudmål, eller negative verdidomar til det andre hovudmålet. Denne hovudkategorien har ingen underkategoriar, men står for seg sjølv.

Den femte og siste hovudkategorien er *Språkpolitiske argument*. Under denne kategorien har eg plassert argument som viser at informantane står i ei form for opposisjon til det andre skriftspråket, eller uttrykkjer eit ønske om å bevare hovudmålet sitt.

Mange av informantane har kome med fleire argument for hovudmålsvalet sitt, og talet på argument vil difor vera større enn talet på informantar. I det følgjande skal me sjå på korleis argumentasjonen fordeler seg i dei ulike informantgruppene.

## **5.7.2 Hovudmålsargumentasjonen til nynorskinformantane**

### **5.7.2.1 Voss: "Har no alltid hatt da"**

Ut ifrå datamaterialet mitt har eg koda og kategorisert 98 argument fordelt på 64 nynorskinformantar ved Voss gymnas. Ved Voss gymnas er det ein kategori som skil seg særleg ut. I alt 38 av 64 informantar grunngjev hovudmålsvalet sitt med at dei alltid har hatt nynorsk som hovudmål, og at nynorsk såleis er blitt ein vane. Sitatet i overskrifta illustrerer denne underkategorien svært godt: "Har no alltid hatt da" er informanten sitt svar på kvifor han har valt å halda på nynorsk som hovudmål gjennom den 13-årige skulegangen. Ein annan informant svarer: "Fordi det er aldri noko eg har bestemt. På u-skule hadde me nynorsk og eg er berre blitt vant med det". Informanten sitt første hovudmålsval var noko tilfeldig, men etter kvart har nynorsk blitt ein vane for han. Dette er eit gjennomgåande svar hjå fleirtalet av nynorskinformantane.

At Voss kommune ligg i tjukkaste kjerneområdet for nynorsk vert også nemnt av 12 informantar. Ein av informantane fortel at nynorsk er blitt ei vanesak "[...] men det er fordi nynorsk er mest naturleg for meg som følgje av miljøet og sosialiseringssprosessane på Voss". Som allereie nemnt har Kleggetveit (2013) valt å setja argument som dette under *Identitet og tilhøyrsl*. Eg har valt å setja denne typen for argument under kategorien *Omgjevnad*, fordi eg meiner at val av hovudmål er eit direkte resultat av kor dei har vakse opp og lever i dag, og at det er langt frå sikkert at dei ville ha valt same hovudmål, dersom dei hadde flytta vekk frå Voss. At dei har valt nynorsk har kanskje ikkje noko med at dei kjenner tilhøyrsl til språket, men at det vert enklast å velja nynorsk, fordi fleirtalet har det. Ta til dømes innflyttaren som argumenterer for kvifor han har skifta hovudmål frå bokmål til nynorsk med: "Fordi at Voss kommune brukar nynorsk, derfor skifta jeg". Slik eg ser det har ikkje dette noko med tilhøyrsl å gjera, men det er eit val han har gjort på grunn av at majoriteten i lokalsamfunnet brukar nynorsk som hovudmål.

Sju av nynorskinformantane peikar på at dei har valt nynorsk fordi ”alle andre” brukar dette skriftspråket: ”Det har alltid vore rundt meg og nesten heile klassen har det, så difor trur eg det hadde vorte vanskelegare i undervisninga med bokmål som hovudmål sidan eg hadde blitt ein minoritet”, skriv til dømes ein av informantane. Situasjonen på Voss er altså stikk motsett av situasjonen til nynorsk i storsamfunnet, der nynorsk er eit langt mindre brukt språk. På Voss nyttar majoriteten nynorsk, og det er bokmål som er det markerte skriftspråket.

Trass i at storparten har valt å halda på nynorsk som hovudmålet sitt, er det berre éin av nynorskinformantane ved Voss vidaregåande skule som peikar på at nynorsk er det skriftspråket han meistrar best. To av informantane poengterer faktisk at dei meistrar bokmål betre enn nynorsk, trass i at det er nynorsk som er hovudmålet deira: ”Eg har valt nynorsk som hovudmål fordi det er det som falle inn mest naturleg. Sidan eg alltid har gjort det. Men eg er flinkare til å skrive bokmål”, skriv ein av informantane. På den andre sida er det fem informantar som meiner at å ha nynorsk som hovudmål har ein nytteverdi: ”Fordi det er vanskelegare å læra nynorsk så då har eg det som hovudmål sånn at eg får øvd masse”. Ein annan peikar på bokmålsdominansen i storsamfunnet: ”Eg likar det faktum at sidan eg alltid ha brukt nynorsk, behersker eg nynorsk og bokmål likt. Eg får nynorsk gjennom skulen og bokmål gjennom media (riksdekkande media)”. Informanten ser altså ein nytteverdi i å ha nynorsk som hovudmål. Bokmål kjem nesten ”gratis” gjennom riksdekkande media, og med nynorsk som hovudmål får han kompetanse i begge skriftspråka.

Åtte informantar peikar på at valet heng saman med at nynorsk liknar talemålet deira. Ein informant fortel at ”Det er det språket som liknar mest på dialekta eg snakkar”, og grunna nærleiken til talemålet har han valt å halda fram med nynorsk som hovudmål. I alt 16 av informantane argumenterer med at nynorsk er heilt naturleg for dei. Dei identifiserer seg med skriftspråket og ser ikkje for seg at dei kan byta: ”Eg har valgt nynorsk som hovudmål i år fordi det er det eg alltid har hatt som hovudmål, og det er det mest naturlege for meg å bruka. Eg er stolt av dialekta mi og nynorsk er ein del av meg”.


Ein del av informantane som skriv at nynorsk er naturleg for dei, har eg valt å plassera under *vanekategorien*. Dette gjeld informantane som skriv at nynorsk er naturleg for dei, fordi dei alltid har hatt språket som hovudmål. Slik eg ser det, ber slike utsegner med seg eit vanepreg. Ut ifrå konteksten har eg valt å setja det siterte argumentet ovanfor inn i

identifikasjonskategorien. Etter å ha hatt nynorsk som hovudmål i seks år, meiner informanten at nynorsken er blitt ein del av han, og at han identifiserer seg med dette skriftspråket. Hjå ein annan informant kjem identifikasjonsfaktoren endå klarare fram:

Eg meiner val av hovudmål viser til kor du kjem frå/kven du er. Eg vil ikkje bli sett på som om eg kjem frå ein by på austlandet når eg kjem frå Voss. Eg har alltid hatt nynorsk som hovudmål, og ser ingen grunn til å skifte. Eg syns og at nynorsk er vakrare.

Informanten ovanfor meiner at skriftspråkvalet viser kor ein kjem frå, vedkommande ønskjer å identifisera seg med Voss, og ikkje storbyen på Austlandet, og nettopp difor har han valt nynorsk som hovudmål. Same informant er også inne på eit estetisk argument; han meiner nynorsk er vakrare enn bokmål. Totalt finn ein fire slike positive verdidommar i datamaterialet frå Voss. Ein av informantane seier til dømes: "[...]likar best å bruka nynorsk, synes det er finare og".

I datamaterialet frå Voss gymnas finn ein tre informantar som stiller seg i opposisjon til bokmål: "Eg har ikkje tenkt øve at eg kan bytta. Bokmål for meg hadde vert heilt feil å skriva, er ikkje den eg er. Nynorsk for meg er det skikkelig norske skriftspråket synst eg". Det er fleire av informantane som meiner at nynorsk er det "eigentlege" norske språket: "Fordi nynorsk/dialekt er sann norsk medan bokmål eigentleg berre er fornorska dansk". To peikar også på at det er viktig å verna om nynorsken: "Eg synst også at det er viktig å halda på nynorsken så lenge det er mogeleg", skriv ein av desse.



Figur 5.25 Nynorskinformantane sin hovudmålsargumentasjon ved Voss gymnas (absolutte tal).

Som ein kan lesa ut ifrå figur 5.25, er argumentasjonen til nynorskinformantane ved Voss gymnas fordelt utover 11 ulike underkategoriar. Likevel er store delar av argumentasjonen prega av at nynorsk er blitt ein vane for dei, og fleire av informantane frå Voss peikar også på

at nynorsk er blitt ein del av dei. At nynorsk er blitt ein identifikasjonsfaktor og ein vane, er kanskje ikkje så rart med tanke på at elevane lever i eitt av kjerneområda for nynorsken. Vidare skal me sjå nærare på korleis situasjonen er i språkdelte Odda, der nynorsk og bokmål lever side om side.


#### **5.7.2.2 Odda: “Bare fordi eg alltid har hatt det [...]”**

I datamaterialet frå Odda vgs har eg koda og kategorisert 45 argument ut ifrå svara til dei 30 nynorskinformantane som har grunngjeve kvifor dei har valt nynorsk som hovudmål. Også ved Odda vgs er vaneargumentet hyppig brukt. I alt 22 av 30 nynorskinformantar som har grunngjeve valet sitt, peikar på at dei alltid har hatt nynorsk som hovudmål, og at det difor er blitt ein vane. Følgjande utsegn er illustrerande for denne underkategorien: ”Bare fordi eg alltid har hatt det. No som eg kan begge skriftspråkene, føler eg ikkje at det har mye å si ka språk eg bruker, lærer verken dårlegare eller bedre av det. ”

Medan 12 informantar ved Voss gymnas peikar på nynorsk i lokalsamfunnet som ein faktor for at dei har halde på nynorsken, er det ikkje ein einaste nynorskinformant ved Odda vgs som gjer det same. To av informantane peikar på at nynorsk er det skriftspråket dei meistrar best, for ein av informantane skriv til dømes: “[...]alltid vore hovudmålet, lettare og tydlegare språk”. Ein annan skriv: ” Eg har valgt nynorsk fordi det er enklast for meg å skriva”. Tre informantar peikar også på nytteverdien ved å ha nynorsk som hovudmål. Det er også tre av informantane som peikar på at nynorsk er det skriftspråket som ligg nærast talemålet deira. Like mange identifiserer seg best med nynorsk. ”Fordi nynorsk alltid har vore mitt språk”, skriv ein av informantane, og slik eg les det, kjenner informanten på eit eigarskap til språket.

Fire av Odda-informantane peikar på det estetiske argumentet i val av nynorsk som hovudmål. Det er to informantar som peikar på eit ønske om å bevare språket: ”Nynorsk fordi eg har vekst opp med det, og vil prøva så godt eg kan å holda det her. Sjølv om bokmål er mykje lettare å forstå”. På lik line med to av informantane ved Voss Gymnas, peikar denne informanten på at bokmål er enklare å skjøna, likevel vel han å bruka nynorsk, fordi han har vakse opp med skriftspråket, og ønskjer å bevare det. Fire av informantane ved Odda vgs stiller seg i opposisjon til bokmål. Ein av informantane har valt å halda fram med nynorsk som hovudmål fordi språket “[...] gir meg ein meir norsk-følelse”. Ein annan informant seier at: ”Bokmål for meg er ikkje det samme, eg får ein liten dansk følelse kvar gong eg skriver det”. Samtlege av dei fire argumenta eg har plassert under underkategorien opposisjon seier

noko om at nynorsk er det "eigentlege" norske språket. Slik sett er det ein protest i mot det dominerande skriftspråket i Noreg. Dei har valt nynorsk som hovudmål fordi bokmål ikkje er "ekte" norsk i deira auge.




Figur 5.26 Nynorskinformantane sin hovudmålsargumentasjon ved Odda vgs (absolutte tal).

Som me kan sjå ut ifrå figur 5.26 dominerer vaneargumentet, også ved Odda vgs. Med Odda-modellen har informantane god mogelegheit til å bli kjent med skriftspråket sitt gjennom å gå i språkdelt klassar over ti år. Fleire nynorskforkjemparar har argumentert for at nettopp Odda-modellen bevarer nynorskelevane (Jf. Mannsåker 2014, Kollbotn 2014, Tennø 2014), og i eit ope spørsmål skulle Odda-informantane svara på kva dei meinte om denne modellen. I det følgjande skal me sjå på deira tankar kring modellen.

#### 5.7.2.2.1 Odda-informantane om Odda-modellen: "Det vert lettare å utvikla språket"

I alt 33 av 36 aktuelle informantar har svart på kva dei meiner om Odda-modellen. Svara har eg valt å kategorisera inn i meiningar som går på 1) Språkutvikling og språksikring, 2) Enklare skulekvardag, og negative kategoriar som går på 3) Mangel på kompetanse i begge skriftspråka og 4) Økonomiske aspekt. Det er verdt å merka seg at det er 20 av informantane kjem frå Odda ungdomsskole og som dermed har vore ein del av Odda-modellen. Dei resterande 16 informantane kjem frå ungdomsskular som har nynorsk som opplæringsmål, men likevel har fleire av desse ytra tankane sine om modellen. Totalt har dei 33 informantane som har svart, kome med 39 meiningar om språkdelinga, og desse meiningane fordeler seg på følgjande måte:



Figur 5.27 Odda-informantane sine tankar om Odda-modellen (absolutte tal).

### Språkutvikling og språksikring

Språkutvikling og språksikring ved språkdelte klassar på ungdomsskulen går att som argument for Odda-modellen hjå 18 av informantane. Ta til dømes informanten som seier:

”Om man brukar nynorsk i skulen, så får man eit mykje større ordforråd”.

Helga Mannsåker, stipendiat i nordisk språk ved Universitetet i Bergen, har sjølv vakse opp med Odda-modellen. I artikkelen ”Pedagogiske fordelar ved Odda-modellen” (2014) deler ho sine tankar om kva Odda-modellen har å seia for ein ungdomsskuleelev. Det er særleg nynorskelevane som vert trekte fram hjå Mannsåker (2014), for som ho presiserer:

”Premissane for nynorsk- og bokmåselevar er så ulike: nynorskelevane treng all den nynorsken og alle dei nynorske førebileta dei kan få, medan bokmåselevane badar i sitt eige hovudmål uansett”. Ein av informantane peikar nettopp på desse utgangspunkta for skriftspråka:

Glad og stolt over at vi er ein av de få kommunene igjen som tilbyr språkdeling. Ellers blir nynorsk fort nedprioritert noe vi merker stoor forskjell på her på vgs når alle notater kommer på bokmål, og en må spørre om å få prøver etc på nynorsk.

For å stå i mot bokmåspresset må ein vera ein trygg nynorskbrukar. Mannsåker (2014) peikar på to nyansar av det å vera ein trygg nynorskbrukar. For det første lyt ein vera teknisk god i nynorsk, ein må altså meistra det nynorske skriftspråket på alle nivå, for det andre lyt ein ha ei nynorsk sjølvtilit som gjer at ein vågar å nytta nynorsk i alle situasjonar. Ein av informantane mine seier at han ikkje har grunna særleg over modellen: ”Men eg trur kanskje det er viktigare å skilje mellom nynorsk og bokmål når elevane er så unge, for at dei skal lære skriftspråket best mogeleg”.

### Enklare undervisningssituasjon

Fleire av informantane peikar på at skulekvardagen vert mindre komplisert når alle i klassen har same hovudmål: ”Læreren slipper å variere for bokmål og nynorskelever med tanke på



tavleundervisning, prøver og utleverte ark”, skriv ein av informantane. ”Fordel: alle i klassen har same hovudmål. Klassen kan lettare hjelpe kvarandre”, skriv ein annan. Det verkar som at informantane meiner at det er enklare å byggja opp ei språkleg sjølvtilitt i eit klassemiljø der alle brukar same skriftspråk. Ein av informantane meiner at: ”Det blir enklare å forstå undervisninga”.

Utsegnene ovanfor er også i tråd med Mannsåker (2014) som meiner det vert vanskeleg for ein lærar å balansera mellom bruken av to skriftspråk i undervisninga, iallfall dersom eitt av skriftspråka dominerer i klassen. Gjennom Kunnskapsløftet har skriving blitt ein grunnleggande dugleik, som er ein del av alle fag, ikkje berre i norskfaget. Fagtermene er ”skjelettet” i undervisninga, og desse varierer gjerne på bokmål og nynorsk. Dersom alle i same klasse nyttar same skriftspråk, kan læraren konsekvent bruka fagtermene på klassen sitt hovudmål. Elevane vil igjen få desse inn i språket sitt og vert slik betre rusta nynorsk- eller bokmålsbrukarar.

Ovanfor har eg peika på dei positive meiningane kring Odda-modellen. Vidare skal eg peika på argumenta til dei informantane som er meir skeptiske til språkdelinga i ungdomsskulen.

### **Hindrar lik kompetanse i skriftspråka**

Under føremålet med norskfaget i Kunnskapsløftet står det følgjande om elevane sin kompetanse i bokmål og nynorsk: “Med utgangspunkt i denne språksituasjonen skal barn og unge få et bevisst forhold til språklig mangfold, og lære å lese og skrive både bokmål og nynorsk” (Utdanningsdirektoratet 2013: 2). Det er altså eit overordna mål at elevane skal ha kompetanse i begge skriftspråka. At Odda-modellen kan setja kjeppar i hjula for dette kravet om kompetanse i begge skriftspråka, vert peika på hjå enkelte av elevane:

”Blir feil å dela etter målform, sidan målet er vel at det skal bli lika god kompetanse i begge målformene”, meiner til dømes ein av informantane. Totalt finn eg ni negative ytringar om Odda-modellen som går på at språkdelte klassar hindrar lik kompetanse i begge skriftspråka. Fleire av desse peikar på at språkdelinga vert særleg negativ for bokmålelevane:

”Nynorskelevane kan få nytte av det gjennom at dei ikkje vert i kontakt med for mykje bokmål. Bokmålelevane kan slite fordi dei så vidt kjem i kontakt med nynorsk”. Denne informanten peikar på noko allment kjent: Medan nynorskelevane er omringa av sidemålet sitt på alle kantar utanfor skulen, er bokmålelevane avhengige av undervisning på og i nynorsk for å bli trygge i sidemålet sitt.

### **Kostbar modell**

Det er primært det økonomiske aspektet ved Odda-modellen som har gjort at rådmannen i kommunen opptil fleire gonger har føreslått å avskaffa han. I 2014 vart det vedteke at Odda kommune i løpet av dei neste tre åra skal spara inn 50 millionar kroner. Av desse skal 15 millionar sparast på oppvekst, barnehagar og skular. Årleg reknar kommunen å spara to millionar kroner på å avvikla språkdelinga i ungdomsskulen (Nøttveit 2014). At språkdelinga kostar, er det fem av informantane som peikar på: ”Det er dyrt å ha delte klassar. Nynorsken har alltid dominert i Odda, slik burde det fortsetja”, skriv ein av dei.

”Unødvendig, kastar vekk mykje pengar på at elevar blir meir avhengig av kunn å skriva sitt mål, dei må uansett gå i delte klassar på vgs”, meiner ein annan.

Samla sett er Odda-informantane i stor grad nøgde med Odda-modellen. Ut ifrå kategoriseringa er det 25 positive ytringar knytt til modellen og 14 negative. Ordninga bevarer nynorsken og gjer undervisningssituasjonen lettare. Dei negative meiningane går hovudsakleg på økonomiske aspekt ved modellen, og at ordninga hindrar lik skriftspråkkompetanse. Med å gå i språkdelte klassar møter ein sidemålet sitt primært i norskfaget når sidemål står på timeplanen. Men som ein av informantane peikte på, går dette i størst grad utover elevane med bokmål som hovudmål. Nynorskelevane badar stort sett i sidemålet sitt på andre arenaer.


Det ser ut til at nynorsken klarer å leva stabilt side om side med bokmål i Odda, for informantane er stort sett positive til Odda-modellen, og vaneargumentet dominerer mykje av hovudmålsargumentasjonen deira. Vidare skal me no sjå korleis hovudmålsargumentasjonen fordeler seg hjå nynorskinformantane ved Sotra vgs.

#### ***5.7.2.3 Sotra: ”[...] fordi nynorsk dør snart ut”***

Totalt har eg koda og kategorisert 20 argument blant dei 12 nynorskinformantane ved Sotra vgs. Fem av informantane har peikt på vaneaspektet i argumentasjonen sin: ”Valgte det fordi eg alltid har hatt det”, skriv ein av desse. Prosentvis er det færre ved Sotra vgs som seier dei har valt nynorsk av rein vane. Som ved Odda vgs, er det ingen ved Sotra vgs som nemner lokalsamfunnet som ein avgjerande faktor. Det er heller ingen som nemner vener eller klassekameratar som avgjerande faktorar, men to av informantane nemner familien sin bruk av nynorsk i argumentasjonen sin: ”Eg trur foreldra/familien min ville syns det var dumt om eg vart påverka av tilflytting og ikkje heldt på nynorsken min”, skriv ein av desse.

”Eg valgte nynorsk på barneskulen fordi då fekk eg opplæring i det, trengte ikkje opplæring i bokmål, fordi det er så naturleg lett fordi det ligner på dialekten min”. Den siterte informanten er éin av to nynorskinformantar blant Sotra-elevane som peikar på nytteverdien ved å ha nynorsk som hovudmål. Medan bokmålet kjem av seg sjølv, vel nynorskinformanten å ha nynorsk som hovudmål for å få betre opplæring i dette skriftspråket. Like mange er det som meiner nynorsk liknar talemålet deira. Det er også to informantar som peikar på at nynorsk er mest naturleg for dei: ”Eg har valt nynorsk fordi eg alltid har hatt det og fordi det er ein del av den eg er”.


Det verkar som at Sotra-informantane er medvitne om at nynorsken er truga i området. Tre av nynorskinformantane ved skulen poengterer viktigheita ved å verna om nynorsken: ”Eg syns da e viktig at nynorsk ikkje dør ut her på Sotra”, grunngjev ein av informantane hovudmålsvalet sitt med. Ein av informantane stiller seg også i opposisjon til bokmålsungdommen: ”Eg meiner dagens ungdom har ein teit og umoden holdning til nynorsk”. Slik eg les det, er ikkje utsegna ein direkte protest mot bokmål, men eit krav om å bli akseptert som nynorskbrukar.



Figur 5.28 Nynorskinformantane sin hovudmålsargumentasjon ved Sotra vgs (absolutte tal).

Det er berre 12 nynorskinformantar ved Sotra vgs. Prosentvis er det færre som brukar vaneargumentet ved Sotra vgs, enn ved dei to andre skulane. Det er også fleire prosent av nynorskinformantane ved Sotra vgs som peikar på nynorsken sin truga posisjon. Dette har kanskje noko med at prosentdelen av nynorskbrukarar har sokke dei siste 10-åra. Medan nynorskelevane er i fleirtal i grunnskulen både på Voss og i Odda, er situasjonen stikk motsett på Sotra, og ut ifrå tala ser det ut til at nynorsken er på retur.

### 5.7.2.4 Oppsummering



Figur 5.29 Nynorskinformantane sin hovudmålsargumentasjon fordelt på skulane (prosent).

Figur 5.29 syner at argumentasjonen til nynorskinformantane ved Sotra vgs skil seg noko ut frå argumentasjonen til informantane ved Voss gymnas og Odda vgs. Ved dei to sistnemnte skulane er skifteprosenten minimal, og nynorsk er blitt ein vane for informantane. Ved Voss gymnas vert også lokalsamfunnet trekt fram som ein avgjerande faktor: Sidan Voss er ein nynorskkommune, vert det naturleg å bruka nynorsk som hovudmål. Sjølv tilflyttarar som opphavleg har vore bokmålsbrukarar, vel å skifta til nynorsk når dei flyttar til Voss og nynorskkommunane rundt. Verken ved Odda vgs eller Sotra vgs vert lokalsamfunnet trekt fram som ein avgjerande faktor for å halda på nynorsk som hovudmål. I informantgruppa ved Sotra nemner tre av 12 nynorskinformantar eksplisitt at dei fryktar at nynorsken er på retur i lokalsamfunnet, og dei ser på det som sitt ansvar å bevare han.

Vidare skal me sjå nærare på korleis dei som har skifta hovudmål ved dei tre skulane argumenterer for dette språkskiftet. Eg har valt å sjå på informantane frå Voss og Odda under eitt, sidan språkskiftet er minimalt ved desse skulane.

### 5.7.3 Hovudmålsargumentasjonen til språkskiftarane

#### 5.7.3.1 Voss og Odda: tilflytting og taktisk byte

I informantgruppa frå Voss gymnas er det berre éin elev som har skifta frå nynorsk til bokmål som hovudmål. Informanten er tilflyttar til Voss kommune, og begge foreldra hans kjem frå ein annan stad. Ut ifrå utsegna til informanten ser det ut til at han fekk opplæring på nynorsk då han kom til Voss, trass i at han hadde bokmål før han flytta til kommunen. Då han kom til ungdomsskulen, skifta han tilbake til bokmål. Vidare er det ein samanheng mellom talemålet hans og bokmål, og difor vert det meir naturleg for han å bruka bokmål.

På barneskolen skifta jeg på en måte ikke av egen vilje, selv om jeg for så vidt gjorde det. Jeg visste ikke at jeg hadde noe valg, og tenkte at alle som bor på Voss må skrive nynorsk uansett talemål. Jeg skiftet tilbake på ungdomsskolen. Har hatt bokmål i år fordi det er de jeg har hatt siden ungdomsskolen og dermed det jeg kan best. I tillegg ligner det mest på talemålet mitt og faller mest naturlig for meg (Språkskiftar, Voss gymnas).

Blant nynorskinformantane ved Voss gymnas som opphavleg er bokmålsbrukarar, er det fleire som påpeikar at dei byrja med nynorsk berre fordi dei flytta til Voss. Det er ingen av informantane som opphavleg kjem frå Voss kommune og nynorsk kommunane rundt som har hatt bokmål som hovudmål på noko tidspunkt.

Ved Odda vgs er det fire informantar som har skifta hovudmål frå nynorsk til bokmål i løpet av skulegangen. Tre av fire trekkjer fram kompetanseargumentet: Dei meistrar bokmål betre enn nynorsk.

Eg fekk mykje bedre karakter i sidemål. Klarte ikkje nynorsk rettskriving.  
Eg har valt bokmål fordi eg er flinkare med rettskriving på bokmål, og eg er 100% sikker på at eg komme opp i skriftlig eksamen i hovudmål (Språkskiftar, Odda vgs).

Hovudmålsskiftet kan karakteriserast som taktisk, for informanten har valt å skifta hovudmål frå nynorsk til bokmål fordi han ønskjer betre norsk karakter. Eg har likevel valt å ikkje laga ein eigen kategori for taktisk hovudmålsskifte, for slik eg ser det, er det i eit val basert på betre norsk karakterar, underforstått at informanten meistrar bokmål betre enn nynorsk. Difor er utsegna plassert i underkategorien ”Meistrar best”.

Medan tre av fire argumenterer med at dei meistrar bokmål betre enn nynorsk, seier siste informant noko om eiga tilhøyrse til skriftspråket: ”Skjønner egentlig ikke hvorfor jeg begynte på nynorsk, når familien min er bokmål”. Informanten peikar på at familien hans nyttar bokmål, og difor har han valt å skifta. På spørsmål om kvifor han har valt bokmål som hovudmål i år, svarer han: ”Bokmål fordi det er meg”. Denne utsegna høyrer til under

identitetskategorien. Me skal no sjå nærare på Sotra vgs, der datamaterialet for språkskifte er langt meir omfattande.

### **5.7.3.2 Sotra: ”Jeg synest at nynorsk var vanskelig så jeg byttet”**

Totalt har eg kategorisert 78 argument fordelt på dei 51 Sotra-informantane som har argumentert for hovudmålsskiftet frå nynorsk til bokmål.

Det er berre éin språkskiftar ved Sotra vgs som nyttar vaneargumentet i argumentasjonen sin for språkskifte. At talet er minimalt, er kanskje ikkje så rart, med tanke på at informantgruppa har gjort eit skifte i løpet av dei siste 13 siste åra, og skriftspråket såleis ikkje har rokke å bli ein vane. Det er derimot fleire som peikar på påverknad frå andre og frå skriftspråke nytta i undervisningssituasjonen.

Åtte av informantane skriv at dei har valt å skifta grunna familie, vener eller klassekameratar. Ta til dømes informanten som skriv at han skifta hovudmål fordi: ” ‘Alle andre` skiftet til bokmål på ungdomsskolen”. Fire informantar peikar også på at undervisningssituasjonen har påverka valet deira: ”Fordi all undervisning var på bokmål, så det ble vanskelig å følge med”, skriv ein av informantane. Men det er éin argumentkategori som skil seg ut frå dei andre kategoriane i informantane sine grunngjevingar: ”Fordi jeg trodde at det kanskje var lettere med bokmål, og fordi jeg ikke ville skille meg så mye ut fra de andre”.

Sitatet ovanfor illustrerer hovudtendensen blant språkskiftarane ved Sotra vgs. Heile 40 av 51 informantar som har argumentert for språkskiftet argumenterer med at bokmål er det skriftspråket dei meistrar best, og at ”[...] nynorsk var vanskelig så jeg byttet”. Fleire av informantane utdjupar dette med å peika på konkrete utfordringar: ”[...] når jeg skriver nynorsk må jeg tenke mye mer på hvert ord jeg bruker, siden det er lenge siden jeg har skrevet det selv, og ikke mange lærere som skriver det heller”, skriv ein av informantane. ”Jeg klarer bedre å få fram mine meninger og skrive mer saklig på bokmål”, skriv ein annan.

Tre informantar peikar på at dei ønskjer betre hovudmålskarakter, og har difor valt å skifta frå nynorsk til bokmål som hovudmål. Som tidlegare nemnt, har eg valt å plassera desse argumenta i kategorien ”Meistrar best”. Enkelte informantar forklarar bokmålskompetansen sin med å peika på dominansen til bokmål elles i samfunnet: ”Jeg gjorde det også fordi jeg

følte det var mindre stressende for meg å skrive bokmål, ettersom mange/flest tekster på media er innstilt på bokmål og jeg fikk mye påvirkning der i fra. ”

I sitatet ovanfor kjem det klart fram at informanten er medviten om at bokmål dominerer elles i samfunnet. Dette argumentet brukar også mange av informantane som peikar på nytteverdien ved å ha bokmål som hovudmål: ”Følte at bokmål var blitt normen i Norge og at jeg hadde tjent på å bytte. Hadde samme karakter i begge skriftmålene også som da gjorde at det ble lettere for meg å bytte. Føler at det er mer praktisk og at det når ut til flere folk”.

Informanten har altså eit klart inntrykk av at bokmål dominerer i samfunnet, og meiner difor at det er meir praktisk å ha bokmål enn nynorsk. Totalt er det ni informantar som peikar på at nytteverdien er større ved å bruka bokmål. Hjø fleire av dei er det framtida som er avgjerande: ”Valgte bokmål fordi jeg mener det blir mer profesjonelt i jobbsammenhenger, og man blir tatt mer seriøst”.

I alt 10 av informantane argumenterer med at talemålet deira liknar mest på bokmål: ”[...] bokmål er lettere fordi jeg kan skrive sånn jeg snakker”, skriv til dømes ein av informantane. Andre informantar gjer derimot eit poeng ut av at det ikkje er noko samsvar mellom talemålet deira og skriftspråket: ”[...] jeg skriver bokmål til vanlig, men snakker nynorsk/stril”.

Identitetsargumentet er lite nytta blant språkskiftarane ved Sotra. Eg finn totalt tre argument i datamaterialet som peikar på at språkvalet har noko med identiteten til informantane å gjera.


Sitatet under illustrerer dette argumentet godt:

Jeg skiftet hovedmål i overgangen fra barneskole til ungdomsskole mye pga jeg tror jeg identifiserte meg mest med bokmål. Sikker grunnet at begge foreldrene mine er bergensere som vektlegger at man skal holde på identiteten sin i forhold til språk/dialekt. Og ettersom vi er tilflyttere til en nynorskkommune (til tross for tidlig alder) så følte jeg meg nærmest til bokmål.

Informanten sin familie er ein del av tilflyttarbølga frå Bergen til Sotra, og trass i at han flytta i tidleg alder, identifiserer han seg meir med bokmål og den bergenske talemålet, enn med strile-dialekten og nynorsk. Han har difor valt å skifta tilbake til bokmål, fordi ho kjenner at dette skriftspråket er meir naturleg for henne.

Det er berre éin av språkskiftarane ved Sotra vgs som grunngjev språkskiftet med eit estetisk argument. Informanten meiner bokmål er ”[...] lettere å finere”. At informanten meiner bokmål er finare enn nynorsk, heng truleg saman med at han meiner det er lettare å meistra.


Hjå to av informantane har eg registrert språkpolitiske haldningar og motiv for å velja bokmål. Ein av desse skriv at han har skifta: ”Fordi jeg føler nynorsk er et failet språk som blir tvingt på den norske befolkning. [...] Nynorsk er helt uinteressant”.



Figur 5.30 Språkskiftarane ved Sotra vgs sin argumentasjon for å skifta hovudmål (absolutte tal).

Totalt er det 40 av 51 språkskiftarar ved Sotra vgs som argumenterer for språkskiftet sitt med at dei meistrar bokmål betre enn nynorsk. Det kan verka som det til sjuande og sist er jakta på ein god arbeidsreiskap som fører til skiftet. I det følgjande vi eg gjera ei samanlikning av nynorsk- og språkskiftarane sin argumentasjon, uavhengig av kva skule dei kjem frå. I drøftingskapittelet vil me sjå nærare på korleis dei ulike informantgruppene, avhengig av skule, skil seg frå kvarandre.

#### 5.7.4 Oppsummering



Figur 5.31 Hovudmålvalargumenta for nynorskinformantane og språkskiftarane ved alle skulane samla under eitt (prosent).



I figur 5.31 ser me nynorskinformantane og språkskiftarane sine grunngevingar for hovudmålsval fordelt på dei fem hovudkategoriane. Som eg allereie har peika på, er vaneargumentet gjennomgåande for nynorskinformantane ved alle tre skulane. ”Fordi det er aldri noko eg har bestemt. På u-skule hadde me nynorsk og eg er berre blitt vant med det”, seier ein nynorskinformant frå Voss gymnas. Det verkar ikkje som at han har reflektert særleg over språkvalet, for det er berre blitt ein vane med åra. Hjø språkskiftarane er dette nesten ikkje eksisterande. Det er likevel språkskiftarar som peikar på andre underkategoriar under hovudkategorien *Nær omgjevnad*: 17 % av argumenta til språkskiftarane går på vener og familie sitt skriftspråk og undervisningsspråket. At folk rundt dei brukar bokmål i størst grad, har påverka hovudmålsvalet deira.

Medan nynorskinformantane dominerer i vanekategorien, peikar elevane som har skifta frå nynorsk til bokmål, på meistringsargumentet. Språkskiftarane har valt å skifta hovudmål fordi bokmål er enklare enn nynorsk.

”Fordi jeg måtte ha nynorsk på barneskolen, ville ha bokmål, og føler det blir tatt mer seriøst” (Språkskiftar, Sotra vgs). Sitatet peikar på eit punkt der nynorskinformantane og språkskiftarane skil seg frå kvarandre. Begge gruppene nemner nytteverdien med hovudmålet dei har valt, men argumentasjonen er noko ulik. Medan sju av nynorskinformantane peikar på føremonen ved å ha nynorsk som hovudmål, for å meistra begge målformene, peikar ti av språkskiftarane på verdien av å ha bokmål som hovudmål, fordi dette er det mest brukte språket i Noreg, eller ”normen” som ein informant hevdar.

Når det gjeld kategorien *Identitet og tilhørslse*, finn me prosentvis fleire nynorskinformantar enn språkskiftarar. Det er få språkskiftarar som har valt å skifta til bokmål fordi det er ”mest naturleg”. Likevel er det fleire som argumenterer for skifte ved å peika på nærleiken til talemålet. Nærleiken til talemålet vert likevel understreka som uviktig av fleire: ”Har valgt bokmål for det er lettest å skrive, flere kjente ord enn nynorsk. Men jeg snakker blanding av NN og BM til vanlig”, skriv til dømes ein av språkskiftarane ved Sotra vgs.

Det er verdt å merka seg at argumentasjonen til nynorskinformantane fordeler seg jamnare utover dei fem hovudkategoriane enn språkskiftarane sin argumentasjon. I figur 5.31 går kategoriane frå å vera meir eller mindre pragmatiske, til å bli kjenslemessige di lengre ein kjem mot høgre. Innanfor kategoriane *Estetikk* og *Språkpolitiske argument*, som ligg heilt til

høgre, er språskiftarane nesten fråverande. Det er éin informant som peikar på estetikken ved bokmålet, eitt par av språskiftarane uttrykkjer ei form for protest mot nynorsk, men ingen peikar på eit ønskje om å bevare bokmål. Grunna bokmålet sin dominans i storsamfunnet, er det truleg ingen av språskiftarane som kjenner på at hovudmålet deira er truga.

## **Kapittel 6: Drøfting**

I dette kapitlet vil eg drøfta funna som vart framstilt i resultatkapitlet opp mot det teoretiske rammeverket mitt og tidlegare språkskiftegranskingar. Eg har valt å strukturera drøftingskapitlet etter dei fire problemstillingane mine:

- **Korleis er språkskiftesituasjonen ved Sotra vidaregåande skule, Odda vidaregåande skule og Voss gymnas?**
- **Kva kjenneteiknar elevane som held på nynorsk som hovudmål gjennom heile skuleløpet?**
- **Kva kjenneteiknar elevane som skiftar frå nynorsk til bokmål som hovudmål gjennom 13-års skulegang?**
- **Kva påverkar hovudmålsvalet til elevane?**

Innleiingsvis vil eg drøfta språkskiftesituasjonen ved dei tre skulane, deretter vil eg prøva å karakterisera dei som held på nynorsk som hovudmål og dei som skiftar til bokmål, og avslutningsvis vil eg drøfta kva som påverkar hovudmålsvalet til informantane mine. Heilt til slutt vil eg søkja å samla trådane og trekkja avsluttande konklusjonar. I drøftinga har eg valt å slå saman problemstilling to og tre, såleis vil eg peika på kjenneteikn ved elevane som held på nynorsk, og dei som skiftar til bokmål under same punkt.

### **6.1 Korleis er språkskiftesituasjonen ved dei tre skulane?**

Eg gjorde det strategiske utvalet av skular på bakgrunn av ein tanke om at språkskiftesituasjonen var noko ulik i dei tre lokalsamfunna. Tala frå GSI bekreftar denne tanken. Som me såg i kapittel 2, står nynorsken sterkt og stabilt både i grunnskulen i Voss kommune og i Odda kommune. I Fjell kommune skjer det derimot noko i overgangen mellom barneskulen og ungdomsskulen.

Allereie før eg tok fatt på analysen av resultata, fekk eg konstatert at elevgruppene er noko ulikt språkleg samansette. Blant informantane frå Voss gymnas måtte eg ta vekk to av 67 informantar, fordi dei alltid har hatt bokmål som hovudmål. Blant Odda-informantane gjaldt dette 20 av totalt 56 informantar, og ved Sotra vgs gjaldt dette 60 av totalt 125 informantar. Det handlar utan tvil om tre ulike språksamfunn, og dette vert også gjenspegla i hovudmålsskiftet (jf. Punkt 5.1.1).

Stortingsmelding nr. 23 (2007–2008: 40) hevdar hovudmålsskifte i størst grad skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande skule. Dette er i strid med *Målstreken* (Garthus 2009) sine funn, for i randsoneområdet Valdres skjer språkskifte i overgangen til ungdomsskulen. Slik ser det også ut til å vera for informantane ved Sotra vgs. Her har 57 % av språkskifta skjedd i ungdomsskulen, medan 34 % av språkskiftarane har skifta i løpet av den vidaregåande skule. Dette har truleg å gjera med at fleire av informantane kjem frå grendaskular i utkanten der nynorsken står sterkt, til dei meir sentrale ungdomsskulane der bokmålet dominerer.

Men er det nokon skilnad mellom elevane frå dei ulike programområda? Ifølgje Stortingsmelding nr. 23 (2007–2008: 40) er det fleire på yrkesfaglege studieprogram, enn studieførebuande program som skiftar målform, og presset er størst i storbynære område. Som tabell 5.1 viste har fleirtalet ved alle programområda på Sotra vgs skifta frå nynorsk til bokmål som hovudmål. Det er likevel i påbyggsklassane ved Sotra vgs at språkskiftet er størst. Her har over 91 % av dei aktuelle informantane skifta frå nynorsk til bokmål som hovudmål, og dette er i tråd med stortingsmeldinga sine påstandar, for elevar ved yrkesfaglege program i storbynære strøk, som til dømes Sotra, opplever truleg størst språkskiftepress.

## **6.2 Kva kjenneteiknar nynorskbrukaren og språkskiftaren?**

Kva kjenneteiknar dei som held fast på nynorsken og dei som skiftar til bokmål? Kor kjem foreldra frå? Korleis karakteriserer dei sjølve talemålet sitt? Kor trufaste er dei mot hovudmålet sitt? Er dei komfortable med å bruka det? Kva haldningar har dei til hovudmålet sitt og andre skriftspråk, og kva skriftspråk trur dei at dei kjem til å nytta i framtida? Dette er spørsmål eg vil drøfta for å skapa eit bilete av kven nynorskbrukaren og språkskiftaren er.

### **6.2.1 Primærsosialiseringa**

I ei kvalitativ undersøking av talemålsutviklinga til i ei gruppe ungdomar frå Os, har Hernes (2005) studert i kor stor grad talemålet til ungdommane har endra seg i ein femårig periode frå ungdommane var 15 til dei var 20 år gamle. Hernes (ibid.: 159) kjem fram til at ungdommane med ein eller begge foreldra frå Os, skilte seg klart ut med lågare bergensprosent i talemålet, samanlikna med dei som ikkje hadde foreldre frå Os. Såleis konkluderer ho med at primærsosialiseringa har fått konsekvensar for det språklege uttrykket til informantane. Røyneland (2005: 541) kjem også med fleire døme på at foreldrebakgrunn og sosial bakgrunn betyr meir for den språklege tilpassinga enn det sosiokulturell orientering og framtidsplanar

gjer. I hennar kvantitative undersøking av talemålsutviklinga blant ungdom på Røros og Tynset kjem ho fram til at familien framleis er ein viktig språkleg norminstans.

Både Hernes og Røyneland ser på sambandet mellom primærsosialiseringa og talemålsutviklinga. I denne undersøkinga er det derimot skriftspråket som skal studerast. Eksisterer den same forma for samband mellom primærsosialisering og hovudmålsval?

Når det gjeld informantane mine frå Voss og Odda, har storparten éin eller begge foreldra frå nærområdet, der nynorsk er skriftspråket til majoriteten. I alt 94 % av informantane ved Voss gymnas meiner at éin eller begge foreldra brukar mest nynorsk eller like mykje nynorsk og bokmål. Ved Odda vgs er det 89 % som hevdar det same. På lik line med informantane til Garthus, Todal og Øzerk (2010) i kjerneområdet Sogn og Fjordane, har dei få informantane som byter ved Voss gymnas og Odda vgs nokre fellestrekk; dei har i mindre grad begge foreldra frå nærområdet, og dei har ei språkleg meir samansett fortid. Den eine informanten som har skifta ved Voss gymnas, er tilflyttar til Voss. Blant dei fire informantane som har skifta frå nynorsk til bokmål ved Odda vgs, er det ingen som meiner at begge foreldra i størst grad nyttar nynorsk.

Når me bevegar oss over i randsoneområda, finn verken Kleggetveit (2013) eller Garthus, Todal og Øzerk (2010) eit klart samband mellom foreldra sin geografiske bakgrunn og hovudmålsvalet til informantane i Indre-Agder og Valdres. Garthus, Todal og Øzerk (ibid.) konkluderer med at den geografiske bakgrunnen til foreldra ikkje er avgjerande, for totalt er det 72 % av dei som har begge foreldra frå Valdres som skiftar hovudmål. Likevel ser det ut som at dei som vel å halda på nynorsken, i større grad enn gjennomsnittet har begge foreldra frå Valdres. Slik dei ser det, er språkleg stabilitet enklare å oppnå i Sogn og Fjordane enn i Valdres, for i Valdres er innflyttinga og ”ektefelleimporten” større.

Fleirtalet av språkskiftarane ved skulen i randsona Sotra har éin eller begge foreldra frå Bergen. Dette er ikkje tilfellet for nynorskinformantane. Totalt har 85 % av nynorskinformantane ein eller begge foreldra frå Sotra, og ingen av nynorskinformantane har begge foreldra frå Bergen. Storparten av nynorskinformantane meiner éin eller begge føresette brukar nynorsk i størst grad. Om lag 57 % av språkskiftarane meiner derimot at begge føresette brukar bokmål i størst grad.

Funna mine kan tyda på at språkleg stabilitet også er eit viktig stikkord blant informantane mine, og at primærsosialiseringa har noko å seia for Sotra-informantane sitt hovudmålsval.

Familien kan verka som ein viktig språkleg norminstans for nynorskinformantane på Sotra. Følgjande sitat frå ein av nynorskinformantane ved Sotra vgs illustrerer dette godt: ”Eg trur foreldra/familien min ville syns det var dumt om eg vart påverka av tilflytting og ikkje heldt på nynorsken min”.

### **6.2.2 Korleis snakkar dei?**

Det blir ofte peika på at det er eit sterkt samband mellom talemålet og skriftspråket ein brukar, og at skrivarhandlinga på lik line med talemålshandlingar kan vera ei identitetshandling. Slik sett kan skrivarhandlinga symbolisera eit ønskje om å framheva ein lokal identitet og tilhøyrse til lokalsamfunnet (Sandøy 2008: 190).

#### ***Voss***

Ved Voss gymnas er det eit klart fleirtal som meiner at talemålet deira ligg nærast opp til nynorsken. Heile 77 % av informantane ved Voss gymnas meiner at dei snakkar ein nynorsknær dialekt. Om lag 18 % meiner dialekten dei snakkar, er ei blanding mellom nynorsk og bokmål. Berre 5 % meiner dei snakkar ein bokmålsnær dialekt.

I doktoravhandlinga si studerer Gunnstein Akselberg (1995) dei sosiolingvistiske tilhøva på Voss. Analysane til Akselberg (1995: 380) syner at dei tradisjonelle språkformene står sterkt på Voss, og han kjem fram til at nivelleringsprosessane går mykje seinare på Vestlandet enn på Austlandet. Truleg har dette å gjera med utviklinga av kulturelle tyngdepunkt.

Talemålsutviklinga på Voss viser at påverknaden frå bergensk er liten, trass i at avstanden er kort. At dei tradisjonelle nynorske språkformene står sterkt på Voss, samsvarer med funna mine.

#### ***Odda***

I masteroppgåva *Dialektutvikling hos barn og ungdom på industristadane Odda og Tyssedal* (2013) søkjer Randi H. Ødegård å kartleggja synkron variasjon og diakron endring i talemålet til unge språkbrukarar i Odda og Tyssedal. Ødegård (ibid.: 72) kjem fram til at det er ei kollektiv oppfatning i Odda og Tyssedal om at talemålet er det som skil stadane frå einannan. Informantane meiner at innbyggjarane i Tyssedal snakkar ein bokmålsnær dialekt, medan innbyggjarane i Odda snakkar ei nynorsknær dialekt. Ødegård (ibid.: 82) kjem likevel fram til at talemålet i Tyssedal nærmar seg talemålet i Odda, meir enn oddamålet nærmar seg talemålet i Tyssedal. Blant dei aktuelle informantane mine, som har hatt nynorsk på eitt eller anna tidspunkt i løpet av skulegangen, er det ingen som kjem frå Tyssedal barneskule, der bokmål er opplæringsmål.

Desse funna støttar opp om at berre 6 % av informantane mine ved Odda vgs meiner dei taler ei bokmålsnær dialekt. Dersom me skal tru funna til Ødegård, er det ei brei oppfatning blant språkbrukarane om at innbyggjarane i Odda talar ein nynorsknær dialekt.

### **Sotra**

Garthus (2009) peikar på at den språklege avstanden mellom dialekt og nynorsk i Valdres er relativt liten, men likevel er bruk av dialekt langt ifrå nokon garanti for å skriva nynorsk. Heile 50 % av skiftarane i undersøkinga hennar karakteriserer dialekten sin som nynorsknær. På same tid hevdar 75 % av nynorskbrukarane at dei talar dialekt. Såleis kan det verka som at dialektbruk er ein føresetnad for å skriva nynorsk, men ikkje nokon garanti for å gjera det. Same tendens finn me i resultatane mine frå Sotra vgs. Medan 58 % av språkskiftarane meiner at talemålet deira liknar nynorsk eller er ei blanding mellom bokmål og nynorsk, er det 83 % av nynorskinformantane som meiner det same. Såleis kan det verka som at dialektbruk også ved Sotra vgs er ein føresetnad, men ingen garanti for å bruka nynorsk.

Det er vel og merka langt fleire språkskiftarar som meiner at talemålet deira er ei blanding mellom bokmål og nynorsk. I masteroppgåva *”Det hadde vært litt kult visst vi hadde snakka strilsk om hundra år.” Ei sosiolingvistisk oppfølgingsgransking av talemålet i Øygarden* (2010) ser Silje Villanger på variasjon og endring i talemålet i Øygarden på Sotra. Villanger (2010: 119) kjem fram til at dei yngste informantane hennar (ungdomsskuleelevar) har langt fleire førekomstar av yngre former enn kva dei eldre språkbrukarane i Øygarden har. Dei yngre talar ikkje lenger tradisjonelt strilemål, men har fleire bergensformer i dialekten sin. Villanger (ibid.) meiner at ein del av endringane kan forklarast som språklege forenklingar, men peikar likevel på at det har skjedd store samfunnsmessige endringar i Øygarden dei siste tiåra, mellom anna fastlandssambandet til Bergen som har ført til større sosial mobilitet og nye språklege påverknadar. Denne undersøkinga kan vera med og støtta opp om ei forklaring om at eit fleirtal av informantane mine meiner dei snakkar ein bokmålsnær dialekt. I alt 39 av informantane mine kjem frå Fjell kommune, som ligg endå nærare Bergen og er den kommunen som har fått den største tilflyttarstraumen dei siste ti-åra. Difor er det stor sjanse for at talemålet til dei unge innbyggjarane i Fjell kommune i endå større grad enn ungdommane i Øygarden har blitt påverka av det bergenske talemålet.

### **6.2.3 Nynorskbrukaren er mindre trufast mot skriftspråket sitt**

Kan ein setja likskapsteikn mellom hovudmål og bruksspråk, og er det slik at informantane mine er mest komfortable med å nytta sitt eige hovudmål i andre fag enn norsk, og utanfor skulen? I førre kapittel (jf. Punkt 5.3) fekk me konstatert at dei som har skifta hovudmål frå

nynorsk til bokmål er relativt trufaste mot sitt eige hovudmål. Blant nynorskinformantane er vekslinga langt større, ved alle tre skulane.

### **Voss**

Ved Voss gymnas brukar det store fleirtalet av nynorskinformantane (om lag 92 %) nynorsk, også i andre fag. Om dette kan ha ein samanheng med kva skriftspråk lærarane nyttar i størst grad, vil eg koma tilbake til i drøftinga av kva som påverkar hovudmålsvalet til elevane.

Går me utanfor skulesamanheng, er vekslinga derimot større. Totalt 79 % av nynorskinformantane ved Voss gymnas nyttar mest nynorsk i lengre tekstar utanfor skulen. I alt 16 % nyttar like mykje bokmål og nynorsk, medan 5 % nyttar mest bokmål. Følgjande sitat frå ein av nynorskinformantane ved Voss gymnas kan illustrera denne vekslinga: ”Eg likar å skriva tekstar på fritida. Desse tekstane er som regel oppdikta noveller og historier, og då skriv eg bokmål. Det kan ha noko med at eg les mykje bokmålsbøker”. Informanten presiserer vidare at han skriv konsekvent nynorsk i skulesamanheng.

I skriftleg kommunikasjon med læraren i form av e-post og sms er nynorskinformantane ved Voss gymnas rimeleg trufaste mot nynorsken. I uformell kommunikasjon med vener og familie vert hovudmålet skifta ut med dialekt. Dette er i tråd med resultata frå kjerneområdet Sogn og Fjordane. Garthus, Todal og Øzerk (2010) kom fram til at ungdommane ved Firda vgs i størst grad nyttar dialekt i kommunikasjon med vener og familie, medan nynorskbruken aukar kraftig i kommunikasjon med læraren.

### **Odda**

Nynorskinformantane ved Odda vgs er mindre trufaste mot skriftspråket sitt i andre skulefag. Om lag 66 % av informantane nyttar nynorsk i andre fag, og i alt 31 % nyttar like mykje bokmål og nynorsk. Resultata frå Voss gymnas synte at informantane var langt mindre trufaste mot skriftspråket sitt utanfor skulesamanheng. Dette gjeld også for Odda vgs. Om lag 16 % av nynorskinformantane ved Odda vgs nyttar mest bokmål i lengre tekstar utanfor skulen, medan 29 % nyttar like mykje bokmål og nynorsk.

Også ved Odda vgs nyttar nynorskinformantane i størst grad dialekt i uformell kommunikasjon med vener og familie. Fleirtalet av nynorskinformantane brukar nynorsk i kommunikasjon med læraren, men prosentdelen er likevel ikkje like stor som ved Voss gymnas. Nesten 30 % av nynorskinformantane vel dialekt framfor normert skriftspråk i kommunikasjon med læraren.



### ***Sotra***

Resultata frå Odda og Voss syner at nynorsk som hovudmål i kjerneområda ikkje er nokon garanti for bruk av nynorsk i andre samanhengar. I randsoneområdet Sotra, er prosentdelen endå lågare. Berre halvparten av nynorskinformantane ved Sotra vgs nyttar mest nynorsk i andre fag, om lag 33 % nyttar like mykje bokmål og nynorsk, medan 17 % nyttar mest bokmål. Utanfor skulesamheng er det heile 33 % av nynorskinformantane som nyttar mest bokmål. Resultata frå Sotra samsvarer med Kleggetveit (2013) sine funn i randsona Indre-Agder, for også her var språkskiftarane trufaste mot hovudmålet sitt, både i skule- og privatsamheng. Nynorskinformantane på si side, veksla i langt større grad.

Som ved dei to andre skulane, er det dialekt som pregar den uformelle kommunikasjonen ved Sotra vgs, både hjå nynorskinformantane og språkskiftarane. Medan 81 % av språkskiftarane kommuniserer med lærarane sine på hovudmålet sitt, er det berre 33 % av nynorskinformantane som gjer det same. Dette er også i tråd med resultata frå randsona Valdres. Dialekt vert i stor grad bytta ut med bokmål i kommunikasjon med læraren, både for nynorskinformantane og språkskiftarane. Dette kan ifølgje Garthus, Todal og Øzerk (2010) ha å gjera med kulturen på skulen. Nynorsk er lite synleg ved Valdres vgs, både i skriv frå skulen og på nettsidene deira, og såleis vert det skapa ei forventning om bruk av bokmål i kontakt med skulen. Denne forklaringa kan truleg først over på Sotra vgs, for som me skal koma inn på seinare, har informantane eit inntrykk av at læraren i størst grad nyttar bokmål i undervisninga.

### ***Dialekt i skrift***

Grepstad (2015) peikar på at tendensen utover på 2000-talet har blitt at dialektbruk i skriftleg kommunikasjon har auka. Tre av ti skriv dialekt i ulike samanhengar, og Noreg er på veg til å bli eit samfunn med tre norske skriftspråk: to normerte og eit unormert. Grepstad (ibid.) hevdar vidare at nynorskbrukarane som berre skriv nynorsk, snart er i mindretal, og dialektbruk tek meir og meir over i private samanhengar. Resultata mine syner den same tendensen. Både nynorskinformantane og språkskiftarane brukar i langt større grad dialekt, enn normert norsk, i kommunikasjon med vener og foreldre. Ei mogeleg forklaring til at dialekt tek meir og meir over i privat kommunikasjon, finn me i fenomena open og skjult prestisje (Trudgill 2003: 30). Mæhlum (2007: 189) peikar på at bokmål, som majoritetsspråk både numerisk og maktavhengig er det skriftspråket med open prestisje i storsamfunnet Noreg. Ulike språkvarietetar kan derimot ha såkalla skjult prestisje i visse nettverk eller samfunn, som til dømes "kebabnorsk" i minoritetsmiljø og ulike dialektar i dei lokalsamfunna

der dei vert nytta. Dette kan føra til at informantane nyttar dialekt i uformelle kommunikasjonssituasjonar innanfor sitt eige miljø, og bokmål eller nynorsk i meir formell kommunikasjon. For medan storparten av informantane ved Sotra vgs nyttar bokmål i kommunikasjon med lærarane, nyttar vossainformantane nynorsk i denne kommunikasjonssamanhengen. I meir uformelle situasjonar vert det normerte skriftspråket erstatta av dialektbruk hjå både språkskiftarane og nynorskinformantane.

Dialektbruken er likevel større blant nynorskinformantane enn blant språkskiftarane. Eiksund (2015: 36) peikar på at mange nynorskungdommar er posisjonert i krysselden mellom eit storsamfunn der nynorsk vert rekna som ei landeplage og eit lokalsamfunn der bruk av nynorsk er sjølvsgt. Ifølgje Eiksund (ibid.) blir det å velja nynorsk i sosiale settingar for nynorskungdommane som å stå mellom borken og veden. Ei potensiell løysing for desse blir å velja bort det normerte skriftspråket til fordel for dialekt. Dersom dialekten har skjult prestisje i lokalsamfunnet, kan det vera langt meir formålstenleg for informantane mine å nytta dialekt i skriftleg privat kommunikasjon, enn å nytta nynorsk, som mange reknar som gamaldags.

### ***Kvifor vekslinga?***

Det overraskar meg at nynorskinformantane i kjerneområdet Voss er så pass lite trufaste mot skriftspråket sitt som resultatane mine viser. Kva mekanismar er det som slår inn når nynorskinformantane vel å bruka eit anna skriftspråk enn nynorsk? I kapittel 3.3.3 peika eg på tilpassingsteorien, som har til hensikt å forklara dei individuelle vekslingane som språkbrukarar gjer i kommunikasjon med andre. Resultatane mine har synt at nynorskbrukarane i langt mindre grad enn språkskiftarane er trufaste mot skriftspråket sitt i alle samanhengar, også i kjerneområdet Voss. Ta til dømes informanten som seier: "[...]eg skrive nynorsk til vanlig, men byter til bokmål når eg skriv med andre som bruker bokmål" (Nynorskinformant, Voss gymnas). Sidan bokmål er språket som den norske majoriteten brukar i skriftleg kommunikasjon, kan det vera at informanten tenkjer at han sjølv også må nytta bokmål når samtalepartnaren nyttar det. Det er ikkje alle som deler dette synet: "Eg vil ikkje bli sett på som eg kjem frå ein by på Austlandet når eg kjem frå Voss" (Nynorskinformant, Voss gymnas). Sitata illustrerer konvergens og divergens blant nynorskbrukarane. Første informanten vel å konvergera i møte med bokmålsbrukaren, medan andre informanten vel å divergera for å syna gruppetilhøyrse til nynorskbrukarane og lokalsamfunnet sitt.

Språkleg tilpassing er avhengig av styrkeforholdet i den konkrete situasjonen. Når minoritetsspråket møter majoritetsspråket i kommunikasjonssituasjonen, vil det vera naturleg

at brukaren av minoritetsspråket tilpassar seg majoritetsspråket. Det kan vera ei forklaring på kvifor nynorskbrukaren brukar bokmål i kommunikasjon med bokmålsbrukaren. Ein nynorskbrukar i eit bokmålsdominert samfunn blir heile tida minna på at skriftspråket hans eller hennar er markert. Dersom ein ikkje gjer medvitne val i møtet med storsamfunnet, vil språket i dei fleste situasjonar bli bokmål. Me skal no sjå på kor komfortable informantane er med å bruka hovudmålet sitt.

#### **6.2.4 Nynorskbrukaren er mindre komfortabel med skriftspråket sitt**

Når det gjeld språkskiftarane, såg me i resultatkapittelet at det store fleirtalet av dei var komfortable med å skriva og lesa på sitt eige hovudmål.

Trass i at over halvparten føretrekkjer å skriva nynorsk, er det berre 28 % av nynorskinformantane ved Voss gymnas som synest det er enklast å skriva nynorsk. Eit klart fleirtal likar best å lesa på bokmål og berre 20 % av informantane synest det er enklast å lesa på nynorsk.

Same tendens finn me ved Odda vgs. Det store fleirtalet av nynorskinformantane likar best å skriva på sitt eige hovudmål, men over halvparten synest det er enklast å skriva på bokmål. I alt 31 % av nynorskinformantane likar best å lesa på nynorsk, men likevel synest 66 % av dei at det er enklare å lesa på bokmål.

Ved Sotra vgs er tendensen noko annleis. I alt 40 % av nynorskinformantane likar best å skriva på nynorsk. Likevel synest 50 % av nynorskinformantane at det er enklast å skriva på bokmål. Det som skil Sotra-informantane frå dei to andre informantgruppene, er at fleirtalet likar like godt å lesa og skriva på bokmål og nynorsk, og like mange synest det er like enkelt å lesa på begge skriftspråka.

Resultata mine er i tråd med funna til Kleggetveit (2013), for også blant ungdomane i Indre-Agder viser det seg at dei som har nynorsk som hovudmål, er langt mindre komfortable med å bruka hovudmålet sitt enn informantane som har bokmål som hovudmål. Også i Indre Agder er det særleg det å lesa på sitt eige hovudmål nynorskinformantane finn problematisk.

Grepstad (2015: 85 ff.) peikar på at mange yngre nynorskbrukarar har eit dårleg språkleg sjølvbilete, og jamt over liker dei betre å lesa bokmål enn nynorsk. Ifølgje Grepstad (ibid.) er det tre moglege årsaker til dette:

- 1) Både nynorsk- og bokmålselevar generelt sett likar ikkje å lesa.
- 2) Nynorskelevane finn ikkje interessant lesestoff på sitt eige språk.
- 3) Dei generelle haldningane til nynorsk i storsamfunnet slår inn.

Det overraskar meg at så mange av nynorskinformantane ved alle tre skulane synest det er vanskeleg å lesa på hovudmålet sitt. Ein skulle gjerne tru at dei synest det var vanskelegare å skriva enn å lesa på nynorsk. På den andre sida, er det gjerne først og fremst i skulesamanheng at elevane møter nynorske tekstar. Som Grepstad (ibid.) peikar på, finn nynorskelevane sjeldan spanande lesestoff på sitt eige skriftspråk. På spørsmål om kva skriftspråk dei les mest utanfor skulesamanheng, svarar også fleirtalet av nynorskinformantane ved alle tre skulane at dei les mest bokmål utanfor skulen (jf. Vedlegg 4.6).

Som eg var inne på i kapittel 3, vert haldningar svært ofte overtekne relativt ureflektert frå dei me har valt å identifisera oss sjølve med. Ifølgje Grepstad kan språkhaldningar i storsamfunnet verka inn på nynorskbrukarane sitt språklege sjølvbilete. Når så mange mislikar nynorsk, skal det mykje til for å lika det sjølv. Me skal i det følgjande sjå nærare på informantane ved dei tre skulane sine språkhaldningar.

#### **6.2.4 Språkhaldningar hjå bokmåls- og nynorskinformantane**

I ei rekkje spørsmål der informantane mine skulle svara på kor godt dei likar å skriva bokmål, nynorsk, dialekt og engelsk, kom det fram at nynorskinformantane har dårlegare haldningar både til å skriva sitt eige språk og til å skriva engelsk, men dei er ikkje særleg negative til å skriva bokmål. Språkskiftarane på si side likar godt å skriva på sitt eige hovudmål og å skriva på engelsk.

##### ***Voss***

I alt 75 % av nynorskinformantane ved Voss gymnas likar ”svært godt” eller ”godt” å skriva nynorsk. Totalt likar 65 % av dei å skriva bokmål.

At nynorskinformantane i kjerneområdet Voss har positive haldningar til å skriva både på sitt eige hovudmål og på bokmål, er i tråd med funna til Øvrelid (2014: 83) frå Volda vidaregåande skule. Medan informantane frå randsoneskulane Molde og Fagerlia vidaregåande skole rørte seg mot ytterpunktta; dei likte svært godt å skriva bokmål og likte ikkje så godt å skriva nynorsk, var Volda-informantane generelt positive både til nynorsk og bokmål.

##### ***Odda***

Dei fire språkskiftarane fordeler seg likt mellom alternativa ”godt” og ”ikkje så godt” på spørsmål om nynorsk. I alt 84 % av nynorskinformantane ved Odda vgs likar ”svært godt” eller ”godt” å skriva nynorsk, og totalt 78 % av dei likar ”svært godt” eller ”godt” å skriva

bokmål. Såleis er det nynorskinformantane ved Odda vgs som er mest positive til å skriva nynorsk av alle informantgruppene i undersøkinga. Det er også nynorskinformantane ved denne skulen som er mest positive til å skriva bokmål av alle nynorskinformantane i materialet mitt.

Eg synest det er oppsiktsvekkjande at trass i at nynorsken dominerer i langt større grad i lokalsamfunnet til Voss gymnas, er det nynorskinformantane ved Odda vgs som stiller seg mest positive til å skriva nynorsk. Det er også interessant å sjå at dei stiller seg langt meir positive til å skriva bokmål. Kva kan vera årsakene til dette?

Ifølgje Bull (1991) er myten om at meir enn eitt språk innanfor landegrensene verkar splittande på nasjonen ei potensiell forklaring til dei negative haldningane til nynorsk på eit nasjonalt plan. Med eit slik syn vert eit språkleg mangfald rekna som eit problem. I Odda møter denne myten motstand. Ein kan tenka seg at Odda-modellen er med på å avverja denne myten, for elevane er vaksne opp i eit miljø der nynorsk og bokmål lever fredfullt side om side. Gjennom Odda-modellen vert ikkje berre nynorskinformantane verna, men dei har også mogelegheit til å sjå at fleire språk innanfor eitt og same samfunn er fullt moglege.

### ***Sotra***

Språkskiftarane ved Sotra vgs er mest negative til å skriva nynorsk. Berre 30 % av informantane likar ”svært godt” eller ”godt” å skriva nynorsk, der storparten har kryssa av på ”godt”. Det er også språkskiftarane ved Sotra vgs som har mest positive haldningar til å skriva bokmål, for 98 % av informantane likar ”godt” eller ”svært godt” å skriva bokmål.

Nynorskinformantane på si side er like positive til å skriva nynorsk og bokmål. I alt 75 % av nynorskinformantane ved Sotra vgs likar ”svært godt” eller ”godt” å skriva nynorsk, og like mange prosent likar ”svært godt” eller ”godt” å skriva bokmål.

Funna ved Sotra vgs er i tråd med Garthus (2009) sine funn i Valdres. Også i denne randsona er nynorskbrukarane i stor grad positive til å skriva både bokmål og nynorsk, medan bokmålsbrukarane ikkje er like positive til å skriva nynorsk som nynorskbrukarane er til å skriva bokmål. Også nynorskbrukarane i Valdres har mindre positive haldningar til hovudmålet sitt enn bokmålsbrukarane har til hovudmålet sitt.

Det er informantane ved Sotra vgs som likar best å skriva engelsk. Medan 72 % av språkskiftarane likar ”svært godt” eller ”godt” å skriva engelsk, er det 88% av nynorskinformantane som svarer det same. Det er også blant språkskiftarane ved Sotra vgs at

flest likar ”svært godt” å skriva engelsk, og dette gjeld 47 % av språkskiftarane. Desse resultatane er ikkje i tråd med med funna frå undersøkingane i randsona Valdres og kjerneområdet Sogn og Fjordane. Garthus, Todal og Øzerk (2010) kjem fram til at berre 45 % av valdresungdommane er positive til engelsk, medan heile 74 % av nynorskbrukarane ved Firda vgs er positive til engelsk. Men som Garthus, Todal og Øzerk (2010) peikar på i rapporten, kan det vera andre årsaker til dette. Dei to informantgruppene er noko ulikt samansette. Medan Valdres-informantane i stor grad går på yrkesfag, er Firda vgs ein studiespesialiserande skule. Av den grunn kan språkinteresse vera noko ulik i utgangspunktet. Funna mine samsvarar med Grepstad (2015: 98) som viser til ei undersøking frå 2006 der den typiske nynorskbrukaren blant tenåringane likte betre å lesa tekstar på bokmål enn på engelsk, medan bokmålsbrukarane likte svært mykje betre å lesa på engelsk enn nynorsk. Kan det vera at språkskiftarane ved Sotra vgs ser ein større nytteverdi i å meistra engelsk og difor har ei meir positiv haldning til dette skriftspråket? Som ein av språkskiftarane ved Sotra vgs skriv: ”Velger heller å bruke minimal tid på nynorsk og mer fokus på mellom annet engelsk ettersom det er mest gunstig i framtidige studier og karrieresammenhenger”.

### ***Stereotypiane***

I kapittel 3 peika eg på at haldningar knytt til språk som oftast ikkje har grunnlag i språket sjølv, men vert overført til språket frå noko anna. Mæhlum (2008: 96) hevdar at språkhaldningar meir enn noko anna er ein refleks av sosiale og kulturelle strukturar i samfunnet. Nynorsk vert gjerne rekna som eit gamaldags språk nettopp fordi det vert knytt til det rurale og bondske, sidan skriftspråket byggjer på talemålet til folket utanfor storbyane og står sterkare i periferien enn i sentrale kommunar. Bokmålet på si side, vert rekna som det moderne og framtidsretta skriftspråket, og det er umarkert og normalt. Nesten halvparten av språkskiftarane seier seg samde i utsegna ”Nynorsk er eit gamaldags språk”.

Nynorskinformantane ved alle tre skulane er langt mindre samde i denne utsegna.

Ifølgje Mæhlum (ibid.) kan nynorsken grunna tradisjonsstempelet gå ei mørk framtid i møte, fordi det er bokmål som har kvalitetane som vert kopla til det moderne, og difor har eit konkurransefortrinn på den lingvistiske marknaden. I det følgjande skal me sjå nærare på kva skriftspråk nynorsk- og språkskiftarane trur at dei vil bruka i framtidig kommunikasjon.

### **6.2.5 Ei usikker framtid for nynorsken**

Resultata mine har synt at det å ha nynorsk som hovudmål, ikkje er nokon garanti for å bruka nynorsk seinare i livet. Det er langt frå alle nynorskinformantane som trur dei vil bruka mest nynorsk i framtida. Språkskiftarane er derimot langt sikrere på at dei vil bruka mest bokmål,

også i framtida. Grepstad (2012a) hevdar at det er sannsynleg at kvar tredje nynorskelev skiftar til bokmål før han er blitt 20 år gamal. Skal me tru Grepstad (ibid.), held med andre ord språkskifteprosessen fram etter at elevane har avslutta vidaregåande. Dette er i tråd med funna til Marit Wadsten (2008) i masteroppgåva *Viljen til språk, vilje til forskning*. Her syner ho at nynorskprosenten vert ytterlegare redusert utover i utdanningsløpet etter vidaregåande skule.

I arbeidsrapporten *Nynorsk som hovudmål-større nynorskkompetanse* (2008) ser Anne Steinsvik Nordal på i kva grad og korleis elevar som har hatt nynorsk som hovudmål i grunnskulen, held fram med å bruka nynorsk seinare i livet. Hypotesen til Nordal er at elevane med nynorsk som hovudmål, har ein breiare norskspråkleg kompetanse enn dei som har bokmål som hovudmål. Bokmålelevane møter berre nynorsk i sidemålsopplæringa, medan nynorskelevane møter bokmål stort sett over alt i storsamfunnet. Nordal (2008: 21) konkluderer med at det er stillinga til nynorsken på ulike område i samfunnet som er avgjerande for om nynorskelevane held fram med nynorsk eller ikkje. I privat skrivning, der nynorskelevane sjølve avgjer kva skriftspråk dei skal bruka, er det dialekt og nynorsk som dominerer, også seinare i livet. I jobbsamanheng ser det derimot ut som at bokmål dominerer.

Ved Voss gymnas trur om lag 71 % av informantane at dei vil bruka mest nynorsk i framtida. I alt 18 % trur at dei vil bruka like mykje bokmål og nynorsk, medan 11 % trur dei vil bruka mest bokmål. Det er påverknad og tilpassing som dominerer argumentasjonen til dei som ikkje trur at dei vil vera trufaste mot nynorsken i framtida.

Desse funna er i tråd med resultatane frå kjerneområdet Sogn og Fjordane. Om lag 70 % av informantane ved Firda vgs trur at dei vil bruka mest nynorsk i framtida, medan om lag 19 % trur dei vil bruka like mykje nynorsk og bokmål. Same tendens finn me i funna til Øvreliid (2014) frå kjerneområdet Volda, der 57 % av nynorskinformantane ved Volda vgs trur dei vil bruka mest nynorsk i privat samanheng.

Ved Odda vgs er det om lag 59 % av nynorskinformantane som trur dei vil bruka mest nynorsk i framtida, 13 % trur dei vil bruka mest bokmål, medan 28 % trur dei vil nytta begge skriftspråka like mykje. Informantane er relativt trufaste mot skriftspråket sitt, også i språknøytrale Odda. Situasjonen i randsona er annleis.

Ved Sotra vgs trur om lag 46 % av nynorskinformantane at dei vil vera trufaste mot skriftspråket sitt i framtida. I alt 36 % trur dei vil bruka begge skriftspråka like mykje, medan

18 % trur dei vil bruka mest bokmål. Funna er i tråd med resultatane frå randsona Valdres (Garthus, Todal og Øzerk 2010: 24), for Valdres-informantane trur at dei i langt mindre grad vil nytta nynorsk i framtida, enn kva informantane i kjerneområdet Sogn og Fjordane trur. Kleggetveit (2013) finn same tendens i randsona Indre-Agder. Nynorskinformantane hennar deler seg prosentvis likt mellom å bruka mest nynorsk, mest bokmål og like mykje nynorsk og bokmål i framtida. Som Kleggetveit presiserer: Skilnadane mellom randsonene Indre-Agder og Valdres på den eine sida og kjerneområdet Sogn og Fjordane er klare. Medan dei to første skulane ligg i randsonen for nynorsken, og opplever eit konstant press utanifrå er Firda vgs omringa av nynorsk på alle kantar. Slik er også situasjonen mellom Sotra vgs og Voss gymnas.

Resultata er også i tråd med Proba Samfunnsanalyse (2014) sine funn, for blant informantane deira som hadde halde på nynorsken, var det fleire som var i tvil om kva målform dei kom til å nytta i studiar og arbeid seinare. På den andre sida var det eit par som var svært klare på at dei ønskte å halda på nynorsken, også i framtida.

Eg finn både nynorskidealisten og den meir usikre nynorskbrukaren i materialet mitt. Ein av vossainformantane vil bruka nynorsk i framtida ”Fordi eg føler nynorsken er ein del av meg og eg vil ikkje endre meg sjølv berre fordi eg flyttar til ein plass der bokmål dominerer”, medan ein annan trur han vil bruka mest bokmål ”Fordi eg vil bu på Østlandet. Etter fleire år kan det påvirke korleis eg skriv”. Slik eg les det, har første informanten ein nynorskidentitet som han ønskjer å bevare, medan den andre informanten gjerne har valt nynorsk, mest fordi dette er skriftspråket som pregar lokalsamfunnet han lever i her og no.

Resultata mine tyder på at det er langt større sjans for at nynorskinformantane i kjerneområdet vil nytta nynorsk i framtida, enn kva sjansen er for at nynorskinformantane i randsona vil gjera det. Dette kan vera ein indikasjon på at nynorsken sin posisjon vil halda seg stabil i kjerneområdet, medan han vil tapa terreng i randsona.

#### **6.2.6 Kva kjenneteiknar dei?**

Nynorskinformantane har i større grad enn språkskiftarane éin eller begge foreldra frå nærområdet. Ut ifrå resultatane mine viser det seg at dei få som har skifta hovudmål, har ei mindre stabil språkleg fortid.

Medan språkskiftarane er relativt trufaste og komfortable med hovudmålet sitt, tilpassar nynorskinformantane seg situasjonen i langt større grad. Nynorskinformantane har også dårlegare haldningar til sitt eige hovudmål, medan språkskiftarane har positive haldningar



både til sitt eige språk og til engelsk. Trass i at nynorsk ser ut til å dominera i langt større grad i lokalsamfunnet Voss, er det nynorskinformantane ved Odda vgs som har mest positive haldningar til å skriva nynorsk. Når det gjeld framtidig bruk av nynorsk derimot, ser det ut til at di lengre bort ein kjem frå kjerneområdet, di mindre er sjansane for at nynorskinformantane vil skriva nynorsk i framtida.

### **6.3 Kva påverkar hovudmålsvalet?**

Så langt har me fått konstatert at språkskiftesituasjonen er graverande ved Sotra vgs i randsona, medan han er så å seia ikkje-eksisterande ved Voss gymnas og Odda vgs. Vidare har eg søkt å skissera opp nokre typiske trekk ved nynorskbrukaren og han som skiftar til bokmål. Eg vil no gå inn på siste momentet i drøftinga mi. Kva er det som påverkar hovudmålsvalet til informantane mine? Er det krefter utanfor dei sjølve som spelar inn, eller er det eit val basert på identitet og tilhøyrse? I det følgjande vil eg drøfta storsamfunnet, lokalsamfunnet, skulen, taktiske omsyn og identitet og tilhøyrse som påverknadsfaktorar til hovudmålsvalet til elevane ved dei einskilde skulane.

#### **6.3.1 Språkdominans i storsamfunnet**

Storting melding nr. 35 *Mål og meinig* (2007– 2008) konstaterer at bokmål og nynorsk er formelt likestilte skriftspråk i Noreg, men likevel:

I viktige samfunnssektorar – ikkje minst i næringslivet, i reklame og teknologiutvikling, i dei riksdekkjande avisene – er nynorsk så godt som fråverande. Som bruksspråk har difor ikkje nynorsk ein like fullverdig posisjon som det bokmål har – i alle fall ikkje på landsbasis. (St.meld nr. 35 2007– 2008: 195)

Meldinga slår vidare fast at målet er at nynorsk skal vera eit fullverdig skriftspråk, på lik line med bokmål. For at dette skal vera mogeleg, må nynorsk kunna brukast i storsamfunnet uavhengig av sak, innhald eller emne (Ibid.: 197).

Skal ein tru fleire av informantane mine, vert nynorsk per dags dato ikkje brukt i storsamfunnet uavhengig av sak, innhald eller emne. Eit klart fleirtal ved alle tre skulane meiner dei les mest bokmål på fritida. Som ein av språkskiftarane ved Sotra vgs skriv: ”Det var lettere å forstå bokmål siden det er det man leser i aviser, undertekster bøker etc.”.

I undersøkinga til Proba Samfunnsanalyse (2014: 33) er det bokmålsdominans på andre arenaer utanfor skulen som pregar argumentasjonen til språkskiftarane. Opplevinga av at ”alt” er på bokmål, kan resultera i at mange meiner det er meir naturleg å uttrykka seg på bokmål, trass i at dei gjerne har hatt nynorsk som hovudmål gjennom heile grunnskulen. Denne

bokmålsdominansen i storsamfunnet vert framheva av fleire av språkskiftarane ved Sotra vgs: ”Følte bokmål var blitt normen i Norge og at jeg hadde tjent på å bytte”, skriv ein av språkskiftarane frå Sotra vgs. ”Bokmål er det mest sentrale skriftspråket og har derfor størst læringsutbytte av å mestre det”, skriv ein annan av dei.

Det verkar som at informantane har eit inntrykk av at bokmål er det samfunnsberande språket i Noreg. Fleire av informantane som har halde på nynorsk som hovudmål, peikar også på dette i argumentasjonen for kvifor dei vil nytta bokmål i framtida. ”Dersom påverking utanifrå fortsett som ho gjer i dag vil eg bruka meir bokmål enn det eg gjer no”, skriv til dømes ein av nynorskinformantane frå Voss gymnas.

Viss me betraktar termene majoritetsspråk og minoritetsspråk slik Tove Bull (2004) gjer det, kan nynorsk reknast som eit minoritetsspråk. Numerisk sett er det færre nynorskbrukarar enn bokmålsbrukarar i Noreg, og bokmål har overtaket på så å seia alle nasjonale arenaar. Mæhlum (2007) peikar på det me kan kalla ei ”indre globalisering” i Noreg og grunna den indre globaliseringa har språkkontakten auka dei siste tiåra. Språkskifte er ein språkendingstype som har utgangspunkt i nettopp språkkontakt. Nynorsk som minoritetsspråk er markert og ukjent på landsbasis. Når nynorsk då møter bokmål på til dømes Sotra, vil det markerte og ukjente føra til at elevane gjerne går vekk frå nynorsken, til fordel for bokmål.

At informantane reknar nynorsk for å vera markert og ukjent, kjem klart fram i argumentasjonen deira. Totalt 40 av 52 språkskiftarar ved Sotra vgs brukar meistringsargumentet for å forklara kvifor dei har skifta frå nynorsk til bokmål som hovudmål. Dei synest nynorsk var vanskeleg, og difor valte dei å konvertera til bokmål.

Slik eg ser det, spelar storsamfunnet ei viktig rolle som påverknadsfaktor for språkskiftarane ved Sotra vgs. Storsamfunnet er i langt større grad retta mot bokmål, og språkhaldningane til nynorsk innanfor storsamfunnet er i stor grad negative. Som Grepstad (2015) nemner, kan det vera vanskeleg for unge nynorskbrukarar i mindretalsposisjon å halda på skriftspråket sitt, når dei i møte med storsamfunnet opplever at dei skil seg ut frå majoriteten.

Trass i at bokmål kan verka som norma i storsamfunnet Noreg, har storparten av informantane ved både Voss gymnas og Odda vgs valt å halda på nynorsk som hovudmål. Kvifor vert ikkje desse samfunna ramma av storsamfunnet sine haldningar i like stor grad som informantane ved Sotra vgs?

### **6.3.2 Kjerneområdet, det språkdelte området og randsoneområdet**

Grepstad (2015) meiner at eit språk må bli nytta på dagleg basis i språksamfunnet, også utanfor skulen, for å få sosial status. Di mindre det blir brukt, di lettare er det å sjå vekk i frå språket. Hellevik (2001) poengterer at ein person er avhengig av å veksa opp i eit lokalmiljø der nynorsken står sterkt for å halda fram med skriftspråket. Såleis må bruken av nynorsk i lokalsamfunnet påverka hovudmålsvalet til elevane. Slik eg ser det, har dei strukturelle forholda i lokalsamfunnet mykje å seia for språkskiftesituasjonen ved dei tre skulane. I det følgjande vil eg drøfta nynorsken si stilling i dei tre lokalsamfunna.

#### ***Kjerneområdet Voss***

Eit klart fleirtal av informantane ved Voss gymnas meiner at nynorsk dominerer i lokalsamfunnet deira. Storparten av informantane meiner dei snakkar ein nynorsknær dialekt, og at lærarane deira nyttar mest nynorsk i andre fag. Fleire av informantane frå Voss peikar på at "alle" rundt dei brukar nynorsk, og at det såleis har vorte ein vane. Det er svært få nynorskinformantar som nemner meistringsargumentet i argumentasjonen for å halda på hovudmålet sitt, og dei er ikkje særleg komfortable med hovudmålet sitt. Likevel vel dei å halda på nynorsken, og i alt 12 av informantane nemner lokalsamfunnet eksplisitt i argumentasjonen for hovudmålsvalet sitt. Sju av 64 informantar peikar på innverknad frå familie og vener, og 39 av 64 informantar peikar på at nynorsk har blitt ein vane for dei. Såleis ser det ut til at informantane frå Voss har vakse opp i eit lokalmiljø der nynorsken står sterkt.

Garthus, Todal og Øzerk (2010: 17) syner at vaneargumentet er det mest rapporterte, også i kjerneområdet Sogn og Fjordane. Som dei peikar på i rapporten sin, kan slike utsegner tyda på at informantane har ei språkleg sjølvtilitt og eit uproblematisk forhold til skriftspråket sitt. At det nynorske skriftspråket ifølgje informantane er så synleg i lokalsamfunnet og i klasserommet på Voss, kan gjera det enklare for denne informantgruppa å tenka at det er naturleg å bruka nynorsk. Slik eg ser det, har bevaringa av nynorsk som hovudmål mykje å gjera med språkånda i lokalsamfunnet til informantane frå Voss.

#### ***Språkdelte Odda***

Det er ingen nynorskinformantar ved Odda vgs som eksplisitt nemner lokalsamfunnet i argumentasjonen for kvifor dei har valt å halda fast på nynorsken. Og allereie før eg byrja på analysen, fekk eg konstatert at bokmålet pregar Odda i langt større grad enn det gjer i Voss kommune då eg måtte ta vekk 20 av 56 informantar som alltid hadde hatt bokmål som hovudmål.

Informantgruppa har delte meiningar om talemålet deira liknar nynorsk eller ei blanding mellom bokmål og nynorsk. Medan 47 % av informantane mine meiner at nynorsk dominerer i samfunnet, er det 45 % som meiner at bokmål og nynorsk er like synlege i lokalsamfunnet deira. I alt 61 % av informantane i Odda meiner at lærarane deira nyttar like mykje bokmål og nynorsk i andre fag.

Det er altså lite som tyder på at nynorsk dominerer i Odda, på same måte som i kjerneområdet Voss. Likevel har 89 % av informantane valt nynorsk som hovudmål skuleåret 2015/16, og det er nynorskinformantane ved Odda vgs som har mest positive haldningar til nynorsk, og 69 % av dei argumenterer for hovudmålsvalet med at nynorsk er blitt ein vane. Korleis kan nynorsk ha blitt ein vane dersom informantane ikkje badar i det, på same måte som informantane ved Voss gymnas?

I artikkelen ”Nynorskelev i åttande: under ein hardare himmel” karakteriserer Bjørhusdal (2015b :13) ungdomssteget som eit *språkrettsleg tomrom*. Med dette meiner ho at elevane på ungdomssteget ikkje har nokon språklege rettar. Frå og med åttande klasse ligg språkvalet i undervisninga hjå læraren, og elevane mister retten til å få undervisning på hovudmålet sitt. Dette gjeld både nynorsk- og bokmålelevane, men i ein asymmetrisk språksituasjon får dette størst konsekvensar for mindretalsspråkelevane, i dette tilfellet nynorskelevane. I dette språkrettslege tomrommet er det stor sjanse for at nynorskeleven vel å skifta hovudmål. Ved Odda ungdomsskole er situasjonen annleis. Gjennom Odda-modellen vert det språkrettslege tomrommet oppheva, for elevane i Odda har rett til undervisning på sitt eige hovudmål, også på ungdomssteget.

Er det slik at Odda-informantane gjennom å gå i klasse med sine ”likespråklege” i heile 10 år, vert tryggare nynorskbrukarar, og vert betre rusta til å møte bokmålelevar på vidaregåande skule? Dette poenget vert nemnt av 18 av 33 Odda-informantar som har svart på kva dei meiner om Odda-modellen. Informantane meiner at gjennom å gå i språkdelt klassar vert nynorskbrukarane trygge nynorskbrukarar ut ifrå begge nyansane til Mannsåker (2014): Ein vert ikkje berre teknisk god, men ein får ei nynorsk sjølvtilit som gjer ein motstandsdyktig i møte med bokmål på vidaregåande.

Det er farleg å konkludera med at Odda-modellen er einaste faktor som har ført til minimalt språkskifte ved Odda vgs. I motsetnad til Fjell kommune, er Odda kommune omringa av nynorsk kommunar på alle kantar, og såleis vert det vanskelegare for bokmålet å etablera seg

på same sett ved Odda vgs, som ved Sotra vgs. Likevel kan det tenkast at Odda-modellen er ein av faktorane som bidreg til eit minimalt språkskifte.

### ***Randsona Sotra***

Storparten av Sotra-informantane meiner at lærarane brukar like mykje bokmål og nynorsk, eller mest bokmål i andre fag enn norsk. Fleirtalet av Sotra-informantane meiner heller ikkje at nynorsken dominerer i lokalsamfunnet deira. Storparten hevdar bokmål og nynorsk er like synlege, og blant desse er det fleire som peikar på eit skilje mellom gamle og eldre, og dei innfødde og tilflyttarane, når dei eksemplifiserer den språklege dominansen i lokalsamfunnet. Medan dei eldre og dei innfødde brukar nynorsk, brukar den yngre generasjonen, og særleg tilflyttarane, bokmål.

Ifølgje Bjørhusdal (2014b) er demografiske endringar i form av at folketalet aukar rundt storbyane der bokmålet rår, ei langt viktigare årsak til at talet på nynorskbrukarar minkar, enn kva individuelle språkskifte i skulen er. Etter mitt syn, er det vanskeleg å skilja mellom dei demografiske endringane i samfunnet og individuelle språkskifte. Demografiske endringar kan snarare vera ei kjelde til språkskifte i skulen. Fjell kommune er eit klart døme på at desse demografiske endringane fører til språkkontakt som vidare fører til språkskifte i skulen. Språkskifte i skulen fører til sjuande og sist til at det stadig vert færre nynorskbrukarar, også i eit nynorskfylke som Hordaland.

Regionen Sotra, og særleg Fjell kommune, har dei siste tiåra utvikla seg til å bli ei randsone for nynorsken. Demografiske endringar i etterkant av at Sotrabrua opna i 1972 forklarar mykje av dette. I dag har bokmålsskrivande bergensarar i stor grad teke over delar av Sotra, og då særleg Litle-Sotra i Fjell kommune. Som flyttemotivsundersøkinga frå 2011 viste, var 60 % av innbyggjarane i kommunen på dåverande tidspunkt opphaveleg innflyttarar. Totalt 68 % av innflyttarane hadde flytta frå Bergen (Respons Analyse 2011). Bokmålsutviklinga vert gjenspegla i skulemålsutviklinga. I 40 år fram til 1976 rådde nynorsken åleine som opplæringsmål i kommunen. I dag brukar tre barneskular nynorsk som opplæringsmål, fire brukar bokmål, og seks er nynorskskular med parallellklassar for bokmålselevar. Politisk redaktør i Aftenposten, Trine Eilertsen reknar seg sjølv som ein del av tilflyttarbølga som har råka Fjell kommune. I kronikken ”En byggefeltstrils bekjennelse” (2002) gjev ho ei levande skildring av korleis tilflyttarane har påverka nynorsken sin situasjon i Fjell kommune:

Da Foldnes skole åpnet i 1976, var vi en solid delegasjon, jeg og alle byggefeltvennene mine, der vi landet på skoleplassen med bokmålskravet i de nye ranslene våre. Det var ikke noe problem. Vi var allerede da tre ganger så mange som dem som ønsket nynorsk. I dag er det ingen nynorskklasser igjen på Foldnes skole på Lille-Sotra (Eilertsen 2002).

Tilflyttarbølga har ført til at bokmål ikkje berre er majoritetsspråket i storsamfunnet for elevane på Sotra. Med den store tilflyttingsstraumen frå 1970-talet og utover har bokmål blitt majoritetsspråket, og nynorsk har blitt det markerte minoritetsspråket, også i lokalsamfunnet til informantane ved Sotra vgs.

Er det slik at språkskiftarane ikkje reknar nynorsk for å vera ein del av lokalsamfunnet?

Bjørhusdal (2014b) poengterer at det truleg ikkje er slik at språkskiftarane ønskjer at nynorsken skal døyt ut i lokalsamfunnet deira, trass i at dei sjølve har valt å skifta. I alt 48 % av språkskiftarane ved Sotra vgs sa seg samde i at nynorsk er ein del av kulturen i lokalsamfunnet deira. Bjørhusdal (ibid.) viser i samband med dette til samfunnsteorien ”Usynleg hand-effekten” utvikla av Adam Smith på 1700-talet (Smith 2011): Det er ikkje mange språkbrukarar som ønskjer at nynorsken skal forsvinna, men summen av dei individuelle språkskifta på den lingvistiske marknaden gjer at nynorsken likevel forvitrar. Nesten halvparten av alle Sotra-informantane som har skifta til bokmål, meiner at nynorsk er ein del av kulturen på heimstaden deira, men likevel er det få av dei som meiner at nynorsk er naturleg for dei å skriva. Garthus, Todal og Øzerk (2010) finn same resultat i Valdres. Nynorsk er for fleirtalet av alle Valdres-informantane ein del av kulturen på heimstaden, men likevel vel 75 % av dei å byta hovudmål frå nynorsk til bokmål.

Korleis har lokalsamfunnet påverka hovudmålsvalet til nynorskinformantane ved Sotra vgs? I alt 12 av 65 Sotra-informantar i undersøkinga mi har valt å halda på nynorsken, trass i at dei demografiske endringane i samfunnet går i favør av bokmålet.

Det er ingen av nynorskinformantane ved Sotra vgs som nemner nynorsksdominans i lokalsamfunnet i argumentasjonen sin for å halda fram med nynorsk, men to av dei nemner innverknad frå familie og vener. Det derimot tre av 12 nynorskinformantar som forklarar at dei har valt å halda på nynorsken fordi dei fryktar at han skal døyt bort i lokalsamfunnet. Gjennom bokmålsdominansen i lokalsamfunnet kan det verka som at nynorskinformantane ved Sotra vgs er langt meir medvitne om at dei er i ein utsett posisjon, og at hovudmålet deira er på retur. Gjennom desse språkpolitiske argumenta syner informantane ei aktiv støtte til skriftspråket, som tydelegvis betyr mykje for dei. Dette er i tråd med funna frå Valdres og Sogn og Fjordane, for det er langt fleire nynorskinformantar ved Valdres vgs enn ved Firda vgs som brukar språksikringsargumentet. Ifølgje Garthus, Todal og Øzerk (2010) heng dette

saman med at den truga posisjonen til nynorsken kjem endå klarare fram for elevane i randsoneområdet.

### ***Ulike lokalsamfunn***

”Alle vennene mine og også det miljøet jeg levde i og lever i ennå er mer rettet mot bokmål” (Språskiftar, Sotra vgs).

Eg har valt nynorsk i år fordi eg alltid har hatt det. Det har alltid vore rundt meg og nesten heile klassen har det, så difor trur eg det hadde vorte vanskelegare i undervisninga med bokmål som hovudmål sidan eg hadde blitt ein minoritet (Nynorskinformant, Voss gymnas).

Sitata frå Sotra-informanten og vossainformanten ovanfor, illustrerer skilnadane i lokalsamfunna. Sotra-informanten har valt å skifta hovudmål, fordi miljøet han lever i er retta mot bokmål. Informanten frå Voss trur det ville bli vanskeleg for han viss han skifta til bokmål, fordi nynorsk dominerer i lokalsamfunnet hans. Informanten har valt nynorsk som hovudmål i år fordi han alltid har hatt det. Slik eg ser det, har nynorsk etablert seg som ein vane for informanten nettopp fordi lokalsamfunnet tillèt det. I alt 22 av 32 nynorskinformantar ved Odda vgs peikar på vaneargumentet i hovudmålsargumentasjonen sin, men det er likevel ingen som nemner lokalsamfunnet eksplisitt. Slik eg ser det, kan Odda-modellen bidra til å gjera nynorsk til ein vane for Odda-informantane. Gjennom å få opplæring på hovudmålet sitt gjennom heile grunnskulen har dei høve til å bli trygge nynorskbrukarar, og då er det enklare å halda på nynorsken, også i ein språkblanda vidaregåande skule.

### **6.3.3 Eit taktisk hovudmålsval?**

Så langt har me sett på storsamfunnet og lokalsamfunnet som påverknadsfaktorar. I det følgjande skal me sjå på taktiske påverknadsfaktorar til språskifte. Vel informantane ut ifrå eit ønskje om å få betre karakterar? Er det eit val ut ifrå nytteverdi? Eller kan hovudmålsvalet koplast til eit urbaniseringsprosjekt?

### ***Jakta på ein arbeidsreiskap***

Ut ifrå argumentasjonen til språskiftarane, kan det verka som at dei har ei langt meir praktisk og pragmatisk tilnærming til språket sitt enn det nynorskinformantane har. Totalt argumenterer 40 av 52 språskiftarar ved Sotra vgs for språskifte ved å peika på at bokmål er enklare å meistra enn nynorsk. Fleire av dei peikar på konkrete aspekt ved det nynorske ordtilfanget som er vanskeleg, og at det å ha bokmål som hovudmål gjer undervisningssituasjonen enklare. Desse funna er i tråd med Garthus, Todal og Øzerk (2010), Kleggetveit (2013), Proba Samfunnsanalyse (2014) og Øvrelid (2014) sine funn. Blant

Kleggetveit (2013) sine språkskiftarar argumenterer 24 av 25 for hovudmålsskifte ved å peika på meistringsargumentet. Meistringsargumentet går også igjen i funna til Proba Samfunnsanalyse (2014).

Rapporten frå utdanningsdirektoratet slår fast at det ikkje er jakta på betre norskkarakterar som får elevane til å skifta hovudmål, men jakta på eit arbeidsverktøy for å gjera skulekvardagen enklare mogeleg. Det er heller ikkje mange av informantane mine som argumenterer for språkskifte ved å peika på karakterane. Det er berre fem av totalt 56 språkskiftarar i undersøkinga mi som eksplisitt nemner eit ønske om betre karakter i argumentasjonen for hovudmålsskiftet sitt. Storparten av informantane mine vil heller ikkje ta standpunkt til påstanden om at det er enklare å få god karakter i sidemål dersom ein har nynorsk som sidemål ( jf. Figur 5.21). Slik eg ser det, er det til sjuande og sist ikkje jakta på betre norskkarakterar som fører til skiftet, men på lik line med Proba Samfunnsanalyse (2014) sine funn, er det jakta på ein arbeidsreiskap som gjer skuledagen enklare som provoserer fram språkskiftet.

### ***Ulike syn på nytteverdi***

Som nemnt under punkt 6.3.1, verkar det som at fleire av informantane har eit inntrykk av at bokmål er det samfunnsberande språket i Noreg. Dette gjeld ikkje berre dei som har skifta i løpet av skulegangen, men også fleire av nynorskinformantane ser føre seg at dei kjem til å bruka bokmål i framtida. Sidan bokmål er det mest brukte språket i Noreg, ser informantane større nytteverdi i å bruka språket både for å bli forstått og for å bli tekne meir seriøst. Totalt 9 av 53 språkskiftarar ved Sotra vgs nemner nytteverdien i argumentasjonen for språkskifte. At bokmål er norma i Noreg, og at ein vert tatt meir seriøst ved å skriva på bokmål, dominerer nytteverdikategorien.

Me såg i kapittel 6.3.2 at det verkar som at storsamfunnet ikkje har påverka informantane ved Voss gymnas og Odda vgs i like stor grad, som det har påverka informantane ved Sotra vgs. Det er få nynorskinformantar som brukar meistringsaspektet i argumentasjonen sin, men nytteverdikategorien finn me derimot også hjå dei som har valt å halda på nynorsk som hovudmål. ”Eg valgte nynorsk på barneskulen fordi då fekk eg opplæring i det, trengte ikkje opplæring i bokmål, fordi det er så naturleg lett fordi det ligner på dialekten min”, skriv ein av nynorskinformantane frå Sotra vgs, ”Eg synest det er viktigare å læra meg ordentleg nynorsk til seinare i livet (utan skrivefeil). Bokmål kjem utanom og er lettare å skriva for det høyrer eg kvar dag (mamma/tv/anna)”, skriv ein av nynorskinformantane frå Voss gymnas. ”Leser så



mykje bokmål ellers i kvardagen, så eg likar å lesa nynorsk på skulen”, skriv ein nynorskinformant frå Odda vgs.

Kleggetveit (2013: 73) peikar på at det verkar som at nynorskinformantane og språskiftarane i prosjektet hennar har eit noko ulikt syn på nytteverdien til språk. Ut ifrå ein nytteverdi vel nynorskinformantane å halda på nynorsk som hovudmål, medan språskiftarane vel nynorsken bort. For språskiftarane er det størst nytteverdi i å kunna språket som dominerer i storsamfunnet. Så langt eg kan sjå, gjeld dette også for mine informantar. Nynorskelevane meiner dei lærer bokmål godt på andre samfunnsarenaer, og dei synest difor det er viktig å ha nynorsk som hovudmål, for totalt sett å vera betre rusta i norskfaget. Språskiftarane meiner nynorsk ikkje er naudsynt å øva på, fordi det ikkje vert brukt elles i samfunnet, og dei vil difor leggja meir energi ned i å læra seg best mogeleg bokmål.

### ***Ein del av eit urbaniseringsprosjekt?***

I undersøkinga til Kleggetveit (2013) ser ho på om språskifte kan vera ein del av eit urbaniseringsprosjekt for ungdommane i Indre-Agder. Med dette meiner ho at elevar vel å skifta frå nynorsk til bokmål som hovudmål fordi dei ønskjer å trekkja mot meir sentrale strøk. Grunnen til dette er at nynorsk gjerne har blitt assosiert med det gamaldagse, både fordi grunnlaget til skriftspråket ligg i talemålet til menneska på landsbygda, og grunna den geografiske dimensjonen i dag, for nynorsken har sterkast posisjon i mindre sentrale strøk på Vestlandet. På individnivå finn Kleggetveit (2013) ingen klar samanheng mellom eit ønskje om å bu i byen og val av hovudmål.

Ved Voss gymnas er det 20 % fleire som trur dei vil etablere seg i ein storby, samanlikna med prosentdelen av dei som ønskjer å busetja seg på Voss. Resultata er i tråd med funna i Sogn og Fjordane (Garthus, Todal og Øzerk 2010). Heile 49 % av nynorskinformantane ved Firda vgs ser for seg ei framtid i ein by. Såleis kan ein seia at dei ikkje reknar nynorsk for eit språk som berre høyrer heime på bygda, men også i byen.

Ved Odda vgs trur fleirtalet (44 %) av nynorskinformantane at dei vil busetja seg i og i nærleiken av Odda, medan 40 % av nynorskinformantane ser føre seg ei framtid i ein storby. Når det gjeld språskiftarane, er det éin som trur han vil busetja seg i Odda, to i ein storby og éin som trur han vil busetja seg ein annan stad i Noreg. Resultata frå Odda syner såleis, på same måte som resultata ved Voss vgs, at informantane ikkje reknar nynorsk for eit språk som berre høyrer heime på bygda.

Berre 18 % av nynorskinformantane ved Sotra vgs ser føre seg ei framtid i storbyen, medan 55 % av nynorskinformantane trur dei vil busetja seg på Sotra. Heller ikkje språkskiftarane ved Sotra vgs er samstemde om ei framtid i storbyen. Medan 38 % av dei ser føre seg ei framtid på Sotra, trur 42 % av språkskiftarane ved Sotra vgs at dei vil busetja seg i storbyen. Om lag 37 % av desse trur dei vil busetja seg i nabobyen Bergen. Også dette stemmer overeins med Garthus, Todal og Øzerk (2010) sine funn. Medan ungdommane i kjerneområdet ikkje kopla nynorsk direkte til bygda, er det berre 13 % av nynorskinformantane i Valdres som ser føre seg ei framtid i byen, for det store fleirtalet av dei trur dei kjem til å etablera seg i Valdres.

Som i resultatata frå Sogn og Fjordane og Valdres, er dei nynorskbrukande ungdommane i kjerneområdet mitt langt meir byorienterte enn ungdommane i randsona. Resultata mine peikar såleis ikkje direkte mot språkskifte som ein del av eit urbaniseringsprosjekt i form av at Sotra-informantane skiftar hovudmål fordi dei planlegg ei framtid i storbyen.

#### **6.3.4 Identitet og tilhøyrse til skriftspråk og talemål**

Er hovudmålsvalet til informantane påverka av ei identitets- og tilhøyrseleikjensle? I kapittel 3 såg me korleis sosiolingvistane i dag reknar alle språkhandlingar for å vera identitetshandlingar, medvitne eller umedvitne. Har dette aspektet påverka hovudmålsvalet til elevane?

#### ***Språkval på bakgrunn av identitetsleikjensle?***

Det er få av språkskiftarane i undersøkinga mi som argumenterer for hovudmålsvalet sitt ved å peika på tilhøyrse og identitet. Dette er eit langt meir hyppig argument for nynorskinformantane som har halde på skriftspråket sitt. Desse funna støttar opp om påstanden til Eiksund (2015) om at ved å stå i ein minoritetsposisjon vert ein meir medviten om sin eigen identitet, fordi ein skil seg ut som nynorskbrukar. Ta til dømes nynorskinformanten eg peika på i resultatkapittelet, som seier at han ikkje ønskjer å bli oppfatta som at han kjem frå Austlandet når han er fødd og oppvaksen på Voss. Trass i at identitetsargumentet er hyppigare brukt hjå nynorskinformantane, varierer hyppigheita mellom dei ulike nynorskgruppene.

Sandøy (2008: 188) peikar på at nynorsk mange stader vert rekna som det ekte skriftuttrykket for den regionale kulturen, og at skriftspråket såleis vert ein reiskap ein brukar for å uttrykka den sosiale og regionale identiteten. Dette forholdet til regional identitet er ikkje like typisk for bokmålsbrukarar. Bokmålsbrukarane har eit større behov for å identifisera seg sjølve

innanfor det ”vanlege”. Dette er i tråd med Vikør (2011: 52) sin påstand om at nynorsk gjev ei opplagt identitetskjelde i form av mellom anna regionalisme. Vikør (ibid.) hevdar at den djupaste drivkrafta som held nynorsken levande, ligg i at han sikrar regional identitet for dei som bur i kjerneområda. Eit slikt identifiseringsgrunnlag kan ifølgje Vikør skapa eit sterkt kjenslemessig band til skriftspråket.

Også funna til Proba Samfunnsanalyse (2014) tyder på at den nynorske identiteten står sterkast på dei stadene der alle brukar nynorsk. Medan det er få nynorskinformantar ved Valdres vgs, viser 9 % av utsegnene ved Firda vgs til at språkvalet handlar om identitet (Garthus, Todal og Øzerk 2010). Dette er i tråd med resultata mine. Det er nemleg få nynorskinformantar ved Sotra vgs i randsoneområdet som nemner identitetsaspektet knytt til nynorsken i argumentasjonen for hovudmålsvalet deira, og det er heller ikkje mange informantar ved Odda vgs som nemner identitet som årsaka til at dei har valt nynorsk. Ved Voss gymnas er det langt fleire som nyttar identitetsargumentet. Dette kan ha ein samanheng med at nynorsk er eit langt meir etablert skriftspråk i regionen, og at det difor vert meir naturleg å nytta dei kjenslemessige argumenta. Gjennom nynorsken vert ein regional identitet sikra for dei som bur i kjerneområdet Voss. Ta til dømes nynorskinformanten ved Voss gymnas som skriv: ”Eg er stolt av dialekta mi og nynorsk er ein del av meg”.

Det verkar som at informantane som har skifta frå nynorsk til bokmål har eit meir pragmatisk og instrumentelt syn på språk enn kva nynorskinformantane har. Le Page og Tabouret-Keller (1985) meiner likevel at alle språklege handlingar er identitetshandlingar. Kan ein då hevda at språkskiftarane sitt språkskifteval til sjuande og sist er eit identitetsval?

Mæhlum (2008: 125) skisserer eit skilje mellom eit instrumentelt syn på språket og eit integrativt syn på språk. Ei instrumentell innstilling fokuserer på nytteverdien ved språkhandlinga, og språk vert såleis eit middel for å forstå og bli forstått. Ei integrativ språkinnstilling innber at språkbrukaren nyttar språket som eit middel for å signalisera medlemskap og integrasjon i ei særleg sosial gruppe. Når språkskiftaren ved Sotra vgs argumenterer for språkskifte ved å peika på at fleire forstår bokmål enn nynorsk, kan dette kallast ei instrumentell språkhandling. Kan ein hevda at denne instrumentelle språkhandlinga også er ei identitetshandling, på lik line med nynorskinformanten som ønskjer å signalisera gruppetilhøyrse med innbyggjarane på Voss gjennom å bruka nynorsk?

Om me rører oss attende til elvemetaforen til Mæhlum (ibid.), kan ein tenka seg at ei integrativ drivkraft bak språkhandlingar høyrer til den stabile elevbreidda, og at dei

instrumentelle motiva høyrer til den flytande vassmassen. Men som allereie påpeika, er desse to elvekomponentane gjensidig avhengig av einannan.

Dersom den situasjonsbestemte tilpassinga vert gjenteken kontinuerleg, vil denne åtferda over tid framstå som eit mønster og bli eit karakteristisk trekk ved vedkommande. Slik sett vert instrumentelle handlingar avgjerande for kven ein er. Når nynorskeleven vel å skifta til bokmål fordi han synest det er enklare, eller fordi han meiner at fleire forstår bokmål, er det i første omgang på bakgrunn av eit instrumentelt språksyn han gjer valet. Dette vil til sjuande og sist bli ein del av hans meir stabile identitet. Slik sett vert det instrumentelle språkskiftet også ei identitetshandling, trass i at informantane sjølve ikkje nyttar identitetsargumentet.

### ***Påverkar talemålet skriftspråket?***

Kleggetveit (2013: 63) peikar på at mykje at retorikken til nynorsk har fokusert på sambandet mellom det nynorske skriftspråket og talemålet. Gjennom å identifisera seg med ein dialekt som ligg tett opp til det nynorske skriftspråket, er det nærliggjande å tenka seg at ein identifiserer seg også med nynorsk. Vikør (2011) peikar også på nynorsken si stilling som skriftleg uttrykk for dialektar i framstillinga av korleis nynorsken gjev ei identitetskjennele.

Åtte av nynorskinformantane mine ved Voss gymnas argumenterer for å halda på nynorsken med talemålsargumentet. Nynorsk er det skriftspråket som ligg tettast opp til dialekten, og difor har dei valt å halda på nynorsk som hovudmål. Ta til dømes nynorskinformanten ved Voss gymnas som trur han vil skriva nynorsk i framtida fordi ”Det er så nærme mi dialekt at noko anna hadde blitt kunstig og ikkje ’meg’. Skriftspråk har mykje med mi identitet å gjere”. Grunna nærleiken til talemålet blir nynorsk mest naturleg for informanten.

Også ved Odda vgs er det fleire som peikar på talemålet sitt: ”Nynorsk liknar mest på måten eg pratar. Difor fell det berre naturleg for meg å halda på nynorsken” skriv ein av nynorskinformantane frå Odda vgs. Det er få nynorskinformantar ved Sotra vgs som argumenterer for hovudmålsvalet sitt ved å peika på nærleik til talemålet. Her er det derimot fleire språkskiftarar som trekkjer inn talemålsargumentet.

I språkbruksplanen til Fjell kommune (2013: 2) vert det presisert at det allmenne talemålet i kommunen i mange generasjonar har lege tett opp til nynorsk. Likevel er det ein liten prosentdel av informantane frå Sotra vgs som meiner at talemålet deira liknar nynorsk. Fleirtalet meiner talemålet liknar ei blanding mellom bokmål og nynorsk. Resultata tyder såleis på at det har skjedd ein dialektnivelleringsprosess i samfunnet, og at talemålet til

tilflyttarane frå Bergen har påverka talemålet til dei innfødde. Som Eilertsen (2002) skildrar det: ”De begynte å snakke annerledes. O-endingene ble sakte, men sikkert byttet ut med våre en-endinger, jento ble jenten, sola ble solen”. Villanger (2010) sine resultat frå Øygarden kan også vera med på å legitimera denne teorien. Når ungdommen i Øygarden, som ligg lengre vekk frå Bergen, tek til seg talemålstrekk frå bergensk, er sjansen stor for at ungdommen i Fjell kommune allereie gjer det same, sidan tilflyttinga frå Bergen til Fjell er størst.

Totalt argumenterer 10 av språskiftarane ved Sotra vgs for språskifte med talemålsargumentet. Dei har valt å skifta til bokmål som hovudmål, fordi dette skriftspråket ligg tettare opp til talemålemålet deira. Ta til dømes språskiftaren ved Sotra vgs som skriv: ”Bokmål er lettere fordi jeg kan skrive slik jeg snakker”. Slik eg les det, har desse argumenta likevel ikkje same tilhørsleaspekt ved seg. Det handlar ikkje om at å skriva nynorsk vert kunstig og lite naturleg for informanten, men at gjennom nærleik til talemålet, vert det enklare å skriva bokmål. Såleis er argumentet meir pragmatisk, enn kjenslemessig.

## Avsluttande konklusjonar

I denne undersøkinga har eg søkt å kartleggja språkskiftesituasjonen ved Voss gymnas, Odda vgs og Sotra vgs. Vidare har eg gjort eit forsøk på å karakterisera dei som held på nynorsk og dei som skiftar hovudmål frå nynorsk til bokmål, før eg avslutningsvis har sett på kva som påverkar hovudmålsvalet til elevane.

Undersøkinga har synt at språkskiftesituasjonen er ulik ved dei tre vidaregåande skulane Voss gymnas, Odda vgs og Sotra vgs. Ved dei to første er språkskiftet så å seia ikkje-eksisterande, medan det er svært omfattande ved sistnemnde.

Resultata frå undersøkinga syner at språkleg stabilitet er eit stikkord for språksikring. Medan elevane ved Voss gymnas og Odda vgs i stor grad kjem frå ein nynorsk bakgrunn, møter informantane ved Sotra vgs bokmål, også gjennom primærsosialiseringa. Resultata mine har også synt at nynorskinformantane i langt større grad enn språkskiftarane, tilpassar seg kommunikasjonspartnaren sin. Medan språkskiftarane i stor grad er trufaste og komfortable med sitt eige hovudmål, er nynorskbrukarane langt mindre trufaste mot skriftspråket sitt, og dei er heller ikkje sikre på om dei kjem til å nytta mest nynorsk i framtida.

I tråd med tidlegare forsking syner resultata mine at informantane som har valt å halda på nynorsk som hovudmålet sitt, i stor grad argumenterer med at det har blitt ein vane.

Informantane som har valt å skifta frå nynorsk til bokmål som hovudmål, har gjort dette fordi dei meiner bokmål er enklare å meistra enn nynorsk. Kvifor er språksituasjonen så ulik ved dei tre ulike skulane?

På nasjonalt nivå kan ein seia at nynorsk er eit minoritetsspråk, trass i at det er formelt likestilt med bokmål. I lokalsamfunnet Voss er nynorsk majoritetsspråket, og såleis vert det enklare for elevane å halda fast ved nynorsken gjennom heile skuleløpet. I lokalsamfunnet Sotra har demografiske endringar ført til at bokmål i stor grad har teke over på andre arenaer utanfor skulen. Trass i at nynorsk er tenestemålet i kommunen, har Fjell kommune utvikla seg til å bli ei nynorsk randzone. Såleis har bokmål blitt majoritetsspråket, og nynorsk har vorte det markerte språket. Men kvifor er situasjonen så annleis i språknøytrale Odda? Viss me ser på andre språknøytrale kommunar, som til dømes Bergen, ser me at språkleg nøytralitet ikkje betyr språkleg jamstilling. I Bergen kommune er det bokmålet som regjerer, både som bruksspråk og hovudmål. Medan Bergen kommune er Noregs andre største by, med stor påverknad på kommunane rundt seg, er Odda kommune ein liten språknøytral kommune som er omringa av nynorskkommunar på alle kantar. Likevel kan det tyda på at Odda-modellen

verkar inn på språkvalet til Odda-informantane mine, for nynorskinformantane argumenterer i stor grad for hovudmålsvalet sitt med at nynorsk har vorte ein vane. Ein kan tenka seg at full språkdeling gjennom heile grunnskulen har latt nynorsk få bli ein vane.

Eit ønske om å kartleggja språskiftesituasjonen i Hordaland fylke har vore drivkrafta bak dette prosjektet. Funna frå Voss, Odda og Sotra kan ikkje generaliserast til å gjelda språskiftesituasjonen i heile Hordaland, men resultatane viser likevel visse tendensar som kan gjelda for heile fylket.

Hordaland fylke har frå gammalt av blitt karakterisert som eit kjerneområde for nynorsken, men likevel viser tala frå GSI at det er bokmål som dominerer som hovudmål per dags dato. Hordaland fylkeskommune er i dag i dialog med Universitetet i Bergen for å forska på årsakene til språskifte i skulen. I tillegg vart det våren 2016 løyvd midlar til ei prosjektstilling som skal studera årsakene til språskifte i fylket. Det er med andre ord ikkje tvil om at språskiftesituasjonen er dagsaktuell. Korleis skil funna frå Hordaland fylke seg frå funna i språskiftegranskingar i andre delar av landet?

Dei mest sentrale funna samsvarer med funna frå andre undersøkingar både i kjerne- og randsoneområde andre stader i Noreg. Tidlegare språskiftegranskingar har på lik line med granskinga mi synt at språkleg stabilitet er eit stikkord for språkbevaring. Det viser seg også at hovudmålsargumentasjonen i randsoneområdet mitt liknar argumentasjonen i andre randsoneområde, og det er i stor grad meistringsargumentet som går igjen. Også blant nynorskinformantane i kjerneområdet Voss er argumentasjonen lik argumentasjonen i kjerneområda i tidlegare språskiftegranskingar. Som ved Firda vgs i kjerneområdet Sogn og Fjordane, er det vaneargumentet som dominerer argumentasjonen til nynorskinformantane ved Voss gymnas.

Det er først og fremst på eit samfunnsplan at undersøkinga mi skil seg frå tidlegare språskiftegranskingar, og då nettopp med posisjonen til Bergen, Noregs andre største by. Tidlegare flyttemotivsgranskingar syner at det i stor grad er tilflyttarar frå Bergen, som har ført til folkeauken i randsona Fjell. Truleg er det desse tilflyttarane som har ført til at bokmålet har teke over som skulespråk.

Språskiftegranskingane eg viste til i kapittel 1, omfattar både randsone- og kjerneområde for nynorsken. Også på dette punktet skil undersøkinga mi seg frå dei tidlegare granskingane. Eg har både randsona og kjerneområdet i undersøkinga mi i form av Fjell og Voss, men i tillegg

har eg med eit midtpunkt. Odda kommune er ein av tre språknøytrale kommunar i fylket og den einaste kommunen i landet som opererer med full språkdeling gjennom heile grunnskulen. Kommunen er også ein av få kommunar i Noreg der nynorsken faktisk har styrka posisjonen sin i skulen dei siste 20 åra, og dette trass i at språket lever side om side med bokmål. Såleis eksisterer det ikkje samanlikningsgrunnlag med Odda kommune i andre fylke.

## **Vidare forskning**

I det følgjande vil eg koma med forslag til vidare forskning på språkskiftesituasjonen i Hordaland. Først og fremst er det situasjonen i Odda det ville vore interessant å sjå nærare på. Ut ifrå mitt syn, vil det vera fruktbart å sjå nærare på kva innverknad Odda-modellen har på elevane sitt hovudmålsval i den vidaregåande skule. Undersøkinga mi har berre rørt ved overflata av Odda-modellen. Informantane sine utsegner viser at dei i stor grad er positive til modellen, men gjennom djupneintervju eller fokusgrupper ville ein truleg kunna koma meir i djupna av kor vidt Odda-modellen påverkar hovudmålsvalet til informantane i Odda, eller ikkje.

Eit anna aspekt ved språkskiftesituasjonen i Hordaland som det ville vera interessant å forska vidare på, er andre område der posisjonen til nynorsken har vorte svekka dei siste åra. Korleis skil andre randsoneområde i fylket seg frå Sotra? Korleis er til dømes argumentasjonen til elevane i Os kommune eller Lindås kommune, samanlikna med argumentasjonen til elevane ved Sotra vgs?

Sidan det ser ut til at Bergen har stor innverknad på språkskiftesituasjonen ved Sotra vgs, ville det også vore interessant å sjå nærare språkskiftesituasjonen i Bergen kommune. Januar 2016 var posisjonen til nynorskelevane oppe i bystyret i kommunen. Under dette møtet vedtok Bystyret retningslinene for korleis skulane skulle ta imot nynorskelevane. Bystyret meiner at så langt det let seg gjera, bør dei få gå i same klasse, og skulane bør sørgja for at elevane får undervisningsmateriale på nynorsk (Bergen kommune 2016). Språksituasjonen er altså aktuell, også i språknøytrale Bergen. Såleis vil det vera interessant å kartleggja språkskiftesituasjonen i Bergen kommune, og studera korleis elevane i den vidaregåande skulen i kommunen argumenterer for hovudmålsvalet sitt.



## Litteratur

- Akselberg, G. (1995) *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmet i sosiolingvistikken: Ein analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune* [doktoravhandling]. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Akselberg, G. og Mæhlum, B. (2008) Sosiolingvistisk metode I: Mæhlum, B., Akselberg, G., Røynealand, U., og Sandøy, H. red. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. Oslo: Cappelen Akademisk forlag. 2.utgåve, s. 73-87.
- Anderson, R.L. og Bugge, E. (2015) Dialect and other explanatory factors in subconscious verbal guise tests. *Acta Linguistica Hafniensia*. 47(2). Oxfordshire: Routledge, s. 244-267.
- Bergen kommune. (2016) Interpellasjon nr. 1 fra Øystein Hassel (A) og Reidar Staalesen (A) til BEBY møte 200116 vedr. sikring av rettane til nynorskelevar på ungdomstrinnet. *Bergen bystyre 20. januar 2016*. [Internett]. Tilgjengeleg frå: [http://www3.bergen.kommune.no/BKSAK\\_filer/bksak/0/VEDLEGG/2015522228-5655011.pdf](http://www3.bergen.kommune.no/BKSAK_filer/bksak/0/VEDLEGG/2015522228-5655011.pdf) [Lese 22. januar 2016].
- Bjørhusdal, E. (2014a) *Mellom nøytralitet og språksikring. Norsk offentlig språkpolitikk 1885-2005* [doktoravhandling]. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Bjørhusdal, E. (2014b) *Nynorskelevar i minoritetsposisjon- ein språkpolitisk analyse* [Internett]. Oslo: Noregs Mållag. Tilgjengeleg frå: <http://www.nm.no/tekst.cfm?id=3895> [Lese 1. desember 2015].
- Bjørhusdal, E. (2015a) Nøytralitet eller nynorsk? Språkpolitiske hovudprinsipp i norsk opplæring. I: Eiksund, H. og Fretland, J.O. red. *Nye røyster i nynorskforskinga*. Oslo: Det Norske Samlaget, s. 104- 119.
- Bjørhusdal, E. (2015b) Nynorskelev i åttande: under ein hardare himmel. *Nynorskopplæring*. 9 (24), s. 12-13.
- Brunstad, E. (2015) *Språkskifte som språkdidaktisk spørsmål. Nynorsk som ungdomsskulespråk i eit språkleg pressområde*. Upublisert manuskript. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen.
- Bull, T. (1991) Holdningar til nynorsk. *Norsklæreren* (5), s. 9-15.
- Bull, T. (2004) Nynorsk som minoritetsspråk. *Språknytt*, 32 (3-4), s.36-39.
- Christoffersen, L. og Johannessen, A. (2012) *Forskingsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Dale, G. (1991) Helsing til Voss gymnas i samband med 75-års jubileet. I: Schei, G.A. red. *Voss gymnas 75 år*. Voss: Voss gymnas, s.185.

- Edwards, J. (1985) *Language, Society and Identity*. Oxford: Basil Blackwell.
- Eiksund, H. (2015) Mellom borken og veden. Ungdom på jakt etter ein nynorsk identitet. I: Eiksund, H. og Fretland, J.O. red. *Nye røyster i nynorskforskinga*. Oslo: Det Norske Samlaget, s. 36-47.
- Eilertsen, T. (2002) En byggefeltstrils bekjennelse. *Bergens Tidende*, 29. november [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.bt.no/nyheter/lokalt/En-byggefeltstrils-bekjennelse-2405659.html> [Lese 8.januar 2016].
- Fink, H. (1991) Om identiteters identitet. I: Fink, H og Hauge, H. red. *Identiteter i forandring. Kulturstudier*. Århus: Aarhus Universitetsforlag, s. 204-227.
- Fishbein, M. (1965) A consideration of beliefs, attitudes, and their realationship. I: Steiner, I.D og Fishbein, M. red. *Current studies in Social Psychology*. New York: Holt Rinehart and Winston, inc, s. 107-120.
- Fishman, J. (2001) Why is it so hard to save a threatened language? I: Fishman, J. red. *Can Threatened languages be saved?* Clevedon: Multilingual Matters Ltd, s. 1-22.
- Fjell kommune. (2013) *Målbruksplan*. [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://www.fjell.kommune.no/PageFiles/15827/130708%20%20Revidert%20målbruksplan%20for%20Fjell%20kommune.pdf> [Lese 22.september 2015].
- Fjell kommune. (2015) *Om kommunen*. [internett]. Tilgjengeleg frå: [https://www.fjell.kommune.no/Om\\_Fjell/Om-kommunen/](https://www.fjell.kommune.no/Om_Fjell/Om-kommunen/) [Lese 29.september 2015].
- Garrett, P. (2010) *Attitudes to Language*. New York: Cambridge University Press.
- Garthus, K.M.K. (2009) *Rapport om språkskifte i Valdres*. [Internett]. Målstreken. Tilgjengeleg frå: [http://www.nm.no/filer/rapport\\_om\\_spraakskifte\\_i\\_valdres.pdf](http://www.nm.no/filer/rapport_om_spraakskifte_i_valdres.pdf) [Lese 1.september 2015].
- Garthus, K.M.K., Todal, J. og Øzerk, K. (2010) *Rapport om språkskifte i Valdres og Sogn og Fjordane* [Internett]. Målstreken. Tilgjengeleg frå: [http://www.nm.no/filer/rapport\\_om\\_spraakskifte\\_i\\_valdres\\_og\\_sogn\\_og\\_fjordane-1.pdf](http://www.nm.no/filer/rapport_om_spraakskifte_i_valdres_og_sogn_og_fjordane-1.pdf) [Lese 1.september 2015].
- Giles, H. og Coupland, N. (1991) *Language: Contexts and consequences*. Milton Keynes: Open University Press.
- Giles, H. og StClair, R. red. (1979) *Language and social psychology*. Oxford: Basil Blackwell.
- Grepstad, J. (27. februar 2014) Avisa Hordaland, i: *Alkunne* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.allkunne.no/framside/tema-nynorsk/nynorske-aviser-blad-boker-og-tidsskrift/avisa-hordaland/30/5654/> [Lese: 28.september 2015].
- Grepstad, O. (2012a) *Draumen om målet. Tilstandsrapportar frå Norge og Noreg*. Oslo: Samlaget.

- Grepstad, O. (2012b) *Språkfakta Sogn og Fjordane 1646-2012*. Hovdebygda: Nynorsk kultursentrum.
- Grepstad, O. (2015) *Språkfakta 2015*. [Internett] Hovdebygda: Nynorsk kultursentrum. Tilgjengeleg frå: [http://www.aasentunet.no/iaa/no/sprakfakta\\_2015/](http://www.aasentunet.no/iaa/no/sprakfakta_2015/) [Lese 15.januar 2016].
- Grønmo, S. (2004) *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Helleve, E. (16. januar 2015) Voss kommune, i: *Allkunne* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.allkunne.no/framside/geografi/noreg/kommunar/voss-kommune-hordaland/23/840/> [Lese 28.september 2015].
- Helleve, E. (2.mars 2016) Fjell kommune, i: *Allkunne* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.allkunne.no/framside/geografi/noreg/kommunar/fjell-kommune-hordaland/23/883/> [Lese 15.mars 2016].
- Hellevik, O. (2001) Nynorskbrukaren- kven er han? I: Bakke, E. og Teigen, H. red. *Kampen for språket*. Oslo: Det Norske Samlaget, s.117-139.
- Hellevik, O. (2002) *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*, 7.utgåve. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hernes, R. (2005) Kvar i verda finst språket? Ei drøfting av sosiolingvistikken sitt studieobjekt- i spenningsfeltet mellom individ og kollektiv. *Målbryting. Skrifter frå prosjektet Talemålsendring i Noreg - nr 7*. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, s.145-167.
- Hoas, K.K. (2011) Nynorsk taper i årets nynorsk-kommune. *Bergens Tidende* [Internett] 17.november. Tilgjengeleg frå: <http://www.bt.no/nyheter/lokalt/Nynorsk-taper-i-arets-nynorsk-kommune-2610905.html> [Lese 2.september 2015].
- Hordaland fylkeskommune. (2015) Målbyte i vidaregåande opplæring- status 2015. *Utval for opplæring og helse 1.juli 2015*. [Internett] Tilgjengeleg frå: <http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=4909&caseType=CasesFremlegg&registryEntryId=133335> [Lese 10. oktober 2015].
- Hordaland fylkeskommune. (2016) Søknad om støtte til prosjektstilling for å fremje nynorsk i språkopplæringa. *Utval for opplæring og helse 10.mars 2016*.
- Johannessen, A. Tufte, P.A. og Kristoffersen, L. (2004) *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: abstrakt forlag.
- Johansen, I. (2005) Språkhaldningar og språkhandlingar. *Målbryting. Skrifter frå prosjektet Talemålsendring i Noreg - nr 7*. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, s.61-88.
- Kleggetveit, I. (2013) *Eg eller jeg? Ein studie av forhold som kan påverke valet mellom nynorsk og bokmål hos ungdom i Indre-Agder* [masteroppgåve]. Kristiansand: Universitetet i Agder.

- Kollbotn, T. (2014) *Odda-modellen i eit historisk perspektiv* [Internett]. Oslo: Noregs Mållag. Tilgjengeleg frå: <http://www.nm.no/tekst.cfm?path=10528,10529> [Lese 10. desember 2015].
- Kolltveit, O. (1967) *Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid. (131) Bygdesoga 1913-63 Gards- og ættesoga. Odda 1. halvbandet*. Odda: Bygdeboknemnda.
- Kommunal- og regionaldepartementet. (2011) *Fjell er årets nynorskkommune 2011* [Internett]. <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/fjell-er-arets-nynorskkommune-2011/id663402/> [Lese 2.september 2015].
- Labov, W. (2001) *Principles of Linguistic Change: Social factors*. Oxford: Blackwell.
- Langeland, A. red. (1988) *Grunnskulen i Fjell 250 år. Jubileumsskrift 1739-1989*. Fjell kommune.
- Langåker, S.O. (2016) Ny stilling skal hindra målbyte i Hordaland. *Framtida.no* [Internett] 11.mars. Tilgjengeleg frå: <http://www.framtida.no/articles/ny-stilling-skal-hindra-malbyte-i-hordaland#.VuQBZ8c-PRU> [Lese 12.mars 2016].
- Le Page, R.B. og Tabouret-Keller, A. red. (1985) *Acts of identity. Creole-based approaches to language and ethnicity*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Lie, K. (1991) Voss gymnas og lærebokaksjonane i 1970-åra. I: Schei, G.A. (red) *Voss gymnas 75 år*. Voss: Voss gymnas, s.137-138.
- Mannsåker, H. (2014) *Pedagogiske fordelar ved Odda-modellen* [Internett]. Oslo: Noregs Mållag. Tilgjengeleg frå: <http://www.nm.no/tekst.cfm?id=3883> [Lese 10. desember 2015].
- Mead, G.H. (1934) *Mind, self, and society. From the standpoint of a social behaviorist*. Chicago: University of Chicago Press.
- Milroy, L. (1980) *Language and Social Networks*. Oxford: Blackwell.
- Myklebust, H. (2015) ”Nynorsk er jo heilt konge då, men [...]” Identitetshandlingar i argumenterande tekstar på vidaregåande skule. I: Eiksund, H. og Fretland, J.O. red. *Nye røyster i nynorskforskinga*. Oslo: Det Norske Samlaget, s. 62-76.
- Mæhlum, B. (2007) *Konfrontasjonar- Når språk møtes*. Oslo: Novus Forlag.
- Mæhlum, B. (2008) Normer. I: Mæhlum, B., Akselberg, G., Røyneland, U., og Sandøy, H. red. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. Oslo: Cappelen Akademisk forlag. 2. utgåve, s. 89-103.
- Mæhlum, B. (2008) Språk og identitet. I: Mæhlum, B., Akselberg, G., Røyneland, U., og Sandøy, H. red. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. Oslo: Cappelen Akademisk forlag. 2. utgåve, s.105-126.

- Nordal, A.S. (2008) *Nynorsk som hovudmål- større norskkompetanse*. Volda: Høgskulen i Volda.
- Nordal, A. S. (2011) Nynorsk som hovudmål. I: Jansson, Kolberg og Skjong(red.). *Norsk = Nynorsk og bokmål. Ei grunnbok om nynorsk i skolen*. Oslo: Samlaget, s. 109-135.
- Nordvik, B.E. (2010) *Lokalavisa- nynorskbastion under press- eit språkkulturelt blikk på avisene Vestnytt og Os og Fusaposten* [masteroppgåve]. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Nøttveit, A. R. (2014) - Me er verdt den ekstra kostnaden. *Framtida.no* [Internett], 3.desember. Tilgjengeleg frå: <http://framtida.no/articles/me-er-verdt-den-ekstra-kostnaden#.VlxYU9CIIGQ> [Lese 30. november 2015].
- Nøttveit, A. R. (2015) Skal forska på kvifor unge dumpar nynorsken. *Framtida.no* [Internett] 9.oktober. Tilgjengeleg frå: <http://www.framtida.no/articles/skal-forska-pa-kvifor-unge-dumpar-nynorsken#.VqiuVjY-PRV> [Lese 27. januar 2016].
- Odda kommune. (2014) *Økonomiplan 2015-2018* [Internett] Tilgjengeleg frå: <https://www.odda.kommune.no/innsyn/wfdocument.aspx?journalpostid=2014017526&dokid=252322&versjon=1&variant=A&ct=RA-PDF> [Lese 10.oktober 2015].
- Odda kommune. (2015) *Odda ungdomsskole*. [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://odda.ungdomsskole.odda.no/index.php?pageID=157&page=Odda+ungdomsskole> [Lese 1.februar 2016].
- Odda Mållag. (2016) *Odda Mållag si årsmelding for 2015*. [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://odda-mallag.no/wp-content/uploads/2012/06/arsmelding2015.pdf> [Lese 7.mars 2016].
- Olsen, E. (2016) Gir ikke opp kampen. *Hardanger folkeblad* [Internett], 26.februar. Tilgjengeleg frå: <http://www.hardanger-folkeblad.no/odda/skole/sprak/gir-ikke-opp-kampen/s/5-22-37946> [Lese 7.mars 2016].
- Omdal, H. (1995) Attitudes toward spoken and written Norwegian. *International Journal of the Sociology of Language* 115 (1), s. 85-106.
- Opplæringslova. (1998) *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa*.
- Proba samfunnsanalyse. (2014) *Undersøkelse av nynorsk som hovedmål. Utarbeidet for Utdanningsdirektoratet*. Oslo.
- Respons analyse. (2011) *Innbygger- og flyttemotivundersøkelse i Fjell* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://www.fjell.kommune.no/PageFiles/9818/1%20Innbygger-%20og%20flyttemotivundersøkelse%20i%20Fjell%20-%20Respons%20Analyse.pdf> [Lese 5.oktober 2015].
- Røyneland, U. (2005). *Dialektnivellering, ungdom og identitet: Ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset* [doktoravhandling]. Oslo: Universitetet i Oslo.

